



Høgskulen
på Vestlandet

MASTEROPPGÅVE

Korleis var eigedomstilhøva fram til Rosendal-
godset vart oppløyst i 1927?

How were the property conditions until the
Rosendal estate was dissolved in 1927?

**Tora Katrina Haugland og Ingrid Askheim
Liknes**

Master Areal og eiendom

Institutt for byggfag

Rettleiar: Lars August Hafting Kvestad og Børge Aadland

21.05.2021

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

FORORD

Masteroppgåva markera slutten på vår mastergrad i Areal og eigedom ved Høgskulen på Vestlandet. Omfanget av oppgåva er på 30 studiepoeng. Arbeidet med datainnsamling byrja allereie i august 2020, og arbeidet med oppgåva vart avslutta i mai 2021.

Oppgåva har kravd tolking og analysering av eit omfattande kjeldemateriale. Dette har vore eit krevjande arbeid og til tider svært utfordrande for oss, og vi har difor vore avhengig av hjelp frå profesjonelle. Vi ynskjer difor å rette ein stor takk til Jørn Øyrehagen Sunde for bistand ved tolking av skrift, innføring i Rosendal-godset og diskusjonar kring temaet når vi måtte trenge det.

Vi ynskjer også å takke Statsarkivet, og spesielt Yngve Nedrebø, for tilrettelegging ved innsamling av kjeldemateriale, og ikkje minst ved tyding av eldre dokument.

Vi hadde ikkje kunnskap om eigedomstilhøva under Baroniet Rosendal, og innsåg kjapt at dette var ei omfattande oppgåve vi skulle ta fatt i. Datamaterialet vi skulle samle inn var også svært omfattande, og førte til intense dagar gjennom heile perioden. Utan rettleiarane våre, Lars Kvestad og Børge Aadland, hadde vi truleg ikkje hatt same progresjon og glede i arbeidet. Vi ynskjer difor å rette ein særskilt takk til desse for fantastisk rettleiing, bistand, oppmuntring i tider med mykje arbeid og ikkje minst innspel og oppfølging som gjor til at vi kom i mål til fristen.

Vil også rette ein spesiell takk til nære og kjære som har bidratt med korrektur og motiverande ord.

SAMANDRAG

Masteroppgåva tek for seg Rosendal-godset si utstrekning, og undersøker korleis tilhøva under godset var med utgangspunkt i tidsperioden 1678 til 1927. Rosendal-godset vart i 1678 opphøgja til Noregs einaste baroni, og drifta som ein eigen stat i staten. Gjennom åra har Baroniet, og seinare Stamhuset Rosendal hatt ulike eigarar som har påverka drifta og talet på underliggjande eigedomar. Rosendal-godset bestod av fire godseiningar: det kontribuerande gods, det privilegerte bondegods, allodialgods og den benefiserte gods. Kvar av einingane vart drifta på ulikt vis og nokre var underlagt strenge avgrensingar når det kom til sal og endring av eigedomsstrukturen. Det er nettopp dette som har vore kjernen i oppgåva, kva tid gardane gjekk ut av Rosendal-godset og over til sjølveige.

Hovudproblemstillinga for oppgåva er: *Korleis var eigedomstilhøva fram til Rosendal-godset vart oppløyst i 1927? Ved hjelp av to underproblemstillingar konkretiserast hovudproblemstillinga: 1) Korleis var tilhøva på dei einskilde godseiningane, og kva tid gjekk dei underliggjande eigedomane over til sjølveige? og 2) Kva skilnadar ser ein kring eigedomstilhøva ved samanlikning av eigedomane under Rosendal-godset og resterande eigedomar i Kvinnherad, med utgangspunkt i eksaminasjonsprotokollen frå 1723?.*

For å nærare kunne seie noko om eigedomstilhøva knytt til hovudproblemstillinga vert det føretatt ei samanlikning av landskyld og driftstilhøve for gardane som låg til Kvinnherad skipreide i 1723. Her såg vi tendensar til at eigedomane under Rosendal-godset var handplukka ut frå tilgangen på ressursar og driftstilhøve. Dette er gjeldande for alle godseiningane utanom det benefiserte gods, då eigedomane under denne eininga ikkje hadde same tilknytning til Rosendal-godset.

ABSTRACT

The master's thesis deals with the extent of the Rosendal estate and examines how the holdings under the estate were based on the period 1678 to 1927. In 1678, the Rosendal estate was elevated to Norway's only barony, and operated as a separate state within the state. Over the years the barony and later the family seat of Rosendal, have had various owners who have influenced the operation of the estate and the number of underlying properties. The Rosendal estate consisted of four estate units: The contributing estate, the privileged peasant estate, allodial estate and the benefited estate. Each of the units was operated in different ways and some were subject to strict restrictions when it came to sales and changes in the property structure. This is what is the core of the task, when the farms went out of the Rosendal estate and became self-ownership.

The research question is: *How were the property conditions until the Rosendal estate was dissolved in 1927?* With the help of the three subproblems, the research question is concretized: 1) *How was the property on the individual estate units, and how long did the underlying properties stay under the Rosendal estate?* and 2) *What differences do one see regarding the ownership of the property by comparing the properties under the Rosendal estate and the remaining properties in Kvinnherad, based on the examination protocol from 1723?*

To analyze the research question, a comparison of the farms belonging to Kvinnherad shipyard in 1723 was made. One of our main findings show that the properties under the Rosendal estate were hand-picked based on access to resources and operating assets. This applies to all estate units except the benefited estate, as the property under this unit did not have the same connection to the Rosendal estate as the three other units.

Forord	2
Samandrag	3
Abstract.....	4
Figurliste:.....	7
Tabelliste	8
1 Innleiing.....	9
1.1 Val av tema/bakgrunn for oppgåva	9
1.2 Forskingsspørsmål	10
1.3 Avgrensing av oppgåva.....	11
1.4 Oppbygging av oppgåva	12
2 Teori.....	13
2.1 Rosendal-godset	13
2.2 Godset si oppbygging.....	18
2.2.1 Det kontribuerande gods.....	21
2.2.2 Det privilegerte bondegods.....	22
2.2.3 Allodialgods.....	23
2.2.4 Det benefiserte gods.....	24
2.3 Eigedomstilhøva på 1600-talet.....	26
2.3.1 Matrikkelsystemet på 1600-talet.....	29
2.4 Samfunnsutvikling på 1700-talet; nye majorat og aukande sosiale skilnadar	30
2.4.1 Frå baroni til stamhus	32
2.4.2 Matrikkelsystemet på 1700-talet.....	32
2.5 Gardsdrift og ressursar	33
2.6 Samfunnsutviklinga på 1800-talet; Grunnlov og adelslov i takt med opposisjonen mot standsamfunnet	35
2.6.1 Birkedømet vert oppløyst og Stamhuset blir universitetseige i 1927	37
2.6.2 Matrikkelsystemet på 1800- og 1900- talet.....	39
2.7 Rosendal si rolle i dag	42
3 Framgangsmåte og metodiske val.....	43
3.1 Kvantitativ og kvalitativ tilnærming	43
3.2 Kvantitativ og kvalitativ dokumentanalyse	43
3.3 Dokumentanalysen.....	44
3.4 Datainnsamling	45
3.5 Analyse	49
3.6 Reliabilitet.....	50
3.7 Validitet.....	51
4 Funn og analyse av Rosendal-godset.....	53
4.1 Rosendal-godset.....	53

4.2	Det kontribuerande gods	54
4.3	Priviligerte bondegods	63
4.4	Allodialgods	67
4.5	Det benefiserte gods.....	72
5	Funn og analyse Rosendal-godset samanlikna med Kvinnherad	78
5.1	Utvikling av skylda	78
5.2	Drifta på gardane.....	83
5.2.1	Ressurs på gardane.....	84
5.2.2	Kreaturhold og seter.....	87
5.2.3	Produksjonsevne	91
5.3	Verdien på gardane opp mot drifta.....	93
5.4	Rosendal-godset inkludert det benefiserte samanlikna med Kvinnherad.....	95
5.4.1	Ressurs på gardane.....	96
5.4.2	Kreaturhold.....	96
5.4.3	Produksjonsevne	97
6	Konklusjon.....	101
7	Vidare studiar.....	105
8	Etterord	106
	Kjelder	107
	Litteratur:	107
	Internettkjelder	111
	lover	112
	Matrikkel.....	112
	Arkiv	113
	Vedlegg:	114
1.	Eigedomar under det kontribuerande gods	114
2.	Eigedomar under det privilegerte bondegods:	121
3.	Eigedomar under allodialgodset:	123
4.	Eigedomar under det benefiserte gods:.....	124
5.	Bygseltilhøva på det benefiserte gods:	126
6.	Utvikling av landskylda.....	126
7.	Drifta på gardane	128

FIGURLISTE:

Figur 1: <i>Geografisk avgrensing; Sunnhordland og Hardanger</i>	11
Figur 2: <i>Eigarar på Rosendal-godset</i>	13
Figur 3: <i>Axel Mowatt. Måleri frå Rosenholm slott, Danmark</i>	14
Figur 4: <i>Ludvig Rosenkrantz (1628-1685). Ukjent kunstnar</i>	15
Figur 5: <i>Hatteberg hovudresidens. Måleri av J.C.Dahl, H.F.Gude, M.Møller, A.Askevold, m.fl.</i>	16
Figur 6: <i>Utstrekninga til Rosendal-godset. Eigeprodusert kart.</i>	19
Figur 7: <i>Kart over Rosendal, med raud markering på Ænes og Rød. Eigeprodusert kart.</i>	20
Figur 8: <i>Godseiningane under Rosendal-godset. Eigeprodusert kart.</i>	20
Figur 9: <i>Kvinnherad kyrkje. Foto: Gunnar Langeland, 2015.</i>	25
Figur 10: <i>Rollestrukturen på 1600-talet</i>	27
Figur 11: <i>Eigar- og bygseltilhøva på Fjellandsbøle</i>	28
Figur 12: <i>Einvaldskongen Christian V (1646-1699) av Danmark-Noreg. Portrett av Jacques d'Agar.</i>	31
Figur 13: <i>Utklipp frå eksaminasjonsprotokollen frå 1723</i>	33
Figur 14: <i>Marcus Gerhard Hoff Rosenkrone. Ukjent fotograf.</i>	37
Figur 15: <i>Utklipp frå 1838-matrikkelen</i>	39
Figur 16: <i>Utklipp frå 1905-matrikkelen</i>	40
Figur 17: <i>Utklipp frå panteregisteret for gardsbruket Ænes (Enes) i Kvinnherad</i>	41
Figur 18: <i>Utklipp frå gamal grunnbok for gardsbruket Ænes (Enes) i Kvinnherad.</i>	41
Figur 19: <i>Baroniet i Rosendal i dag. Foto: Ranveig M. Nesse.</i>	42
Figur 20: <i>Eksaminasjonsprotokollen frå 1723, garden Hesvik</i>	48
Figur 21: <i>Godseiningane på Rosendal-godset</i>	53
Figur 22: <i>Utstrekninga av det kontribuerande gods</i>	54
Figur 23: <i>Garden Hauge, markert med blå ring</i>	59
Figur 24: <i>Gardar med laus landskyld knytt til det kontribuerande gods</i>	61
Figur 25: <i>Gardar med laus landskyld knytt til det kontribuerande gods</i>	62
Figur 26: <i>Utstrekninga av det privilegerte bondegods</i>	63
Figur 27: <i>Samanlikning av innløysinga av det kontribuerande gods og det privilegerte bondegods</i>	64
Figur 28: <i>Garden Hatteberg. Baronibygninga er markert med blå ring.</i>	65
Figur 29: <i>Garden Om er markert med grønt</i>	66
Figur 30: <i>Utstrekninga til allodialgodset</i>	67
Figur 31: <i>Gardar Axel Rosenkrantz fekk inn att i allodialgodset</i>	69
Figur 32: <i>Vatne og Malkenes</i>	69
Figur 33: <i>Garden Skoga</i>	71
Figur 34: <i>Utstrekninga til det benefiserte gods</i>	72
Figur 35: <i>Bygseltilhøva på kyrkjegodset</i>	73
Figur 36: <i>Bygseltilhøva på prestebolsgodset</i>	74
Figur 37: <i>Nedre Sandvik, markert i grøn.</i>	75
Figur 38: <i>Hesvik</i>	77
Figur 39: <i>Hjortås og Sundal</i>	77
Figur 40: <i>Avgrensing Kvinnherad Skipreide</i>	78
Figur 41: <i>Kakediagram som syner utviklinga av skylda</i>	80
Figur 42: <i>Samla kreaturhold for Kvinnherad skipreide</i>	88
Figur 43: <i>Hatteberg og Nes</i>	90
Figur 44: <i>Garden Skåle</i>	90
Figur 45: <i>Produksjon av bygg</i>	92
Figur 46: <i>Samla verdiforhold 1723</i>	94
Figur 47: <i>Ressursar på gardane</i>	96
Figur 48: <i>Samla kreaturhold Kvinnherad Skipreide</i>	97

Figur 49: <i>Produksjon av bygg</i>	98
---	----

TABELLISTE

Tabell 1: <i>Korleis vi har strukturert dataa i tabellane</i>	46
Tabell 2: <i>Eigedomane under det kontribuerande gods</i>	57
Tabell 3: <i>Samhøvet mellom skylddalar, ort og skilling</i>	60
Tabell 4: <i>Konvertering av skylda</i>	60
Tabell 5: <i>Eigedomane under det privilegerte bondegods</i>	64
Tabell 6: <i>Dei adelege setegardane</i>	64
Tabell 7: <i>Eigedomane under allodialgodset</i>	68
Tabell 8: <i>Eigedomar tilhøyrande kyrkjegodset</i>	72
Tabell 9: <i>Eigedomar tilhøyrande prestebolsgodset</i>	73
Tabell 10: <i>Bygseltilhøva for eigedomane som løysast ut i løpet av 1900-talet</i>	74
Tabell 11: <i>Talet på gardar for dei ulike gruppene</i>	79
Tabell 12: <i>Totalverdien på dei ulike gruppene</i>	79
Tabell 13: <i>Gjennomsnittsverdien for dei ulike gruppene</i>	81
Tabell 14: <i>Landskylda til dei tre adelege setegardane</i>	81
Tabell 15: <i>Gardane som forsvinn ut frå det benefiserte god mellom 1838 og 1905</i>	82
Tabell 16: <i>Reduksjonen på dei enkelte gruppene</i>	83
Tabell 17: <i>Tal på gardar og oppsitjarar</i>	84
Tabell 18: <i>Oversikt over Skogressursar</i>	84
Tabell 19: <i>Oversikt over tal på kvern og gardar med kvern</i>	85
Tabell 20: <i>Fiskeri</i>	85
Tabell 21: <i>Kreaturhold i Kvinnherad skipreide</i>	87
Tabell 22: <i>Talet på setrar</i>	88
Tabell 23: <i>Produksjon av havre</i>	91
Tabell 24: <i>Produksjon av bygg</i>	91
Tabell 25: <i>Snitt per oppsitjar (havre)</i>	93
Tabell 26: <i>Snitt per oppsitjar (bygg)</i>	93
Tabell 27: <i>Tal på gardar og oppsitjarar</i>	95
Tabell 28: <i>Kreaturhold</i>	96
Tabell 29: <i>Produksjonsevne</i>	97
Tabell 30: <i>Snitt per oppsitjar (havre)</i>	97
Tabell 31: <i>Snitt per oppsitjar (bygg)</i>	98

1 INNLEIING



Baroniet i Rosendal, Måla av Anders M. Askevold (1862).

Hans E. Knick si skildring av Rosendal:

«Tæt opunder Melderskin's grønne og graastensgraa, bratte skraaning, tilbaketrukket og fornemt ligger Rosendal. Det ligger der som et underlig, levende minde.» (Sunde, 2015, s. 118).

1.1 VAL AV TEMA/BAKGRUNN FOR OPPGÅVA

Våren 2020 vart vi kontakta av Lars Kvestad, og fekk presentert eit mogleg tema for ei masteroppgåve. Baroniet Rosendal har lenge ynskja ei tidslinje i form av eit kart som viser utviklinga av godset si utstrekning. Tanken var at ein skulle kunne sjå både utstrekninga av Rosendal-godset, kva mønster godsdanninga viser og korleis dei ulike godseiningane er plassert i høve kvarandre. Det var også eit ynskje å leggje inn beskrivande informasjon knytt til kvar einskild gard. Dette danna grunnlaget for oppgåva vi skulle utforme. Ut i frå datamaterialet vi samla inn, diskuterte vi oss fram til at det ville vere interessant å sjå på eigedomstilhøva under Rosendal-godset og om det fantes ulikskap i desse tilhøva både innad i godset, i tillegg til å samanlikne med gardane som låg utom godset. Dette er særst interessant då Rosendal si historie har vore lite forska på og det er få kjelder på korleis eigedomstilhøva faktisk var (Sunde, 2015, s. 9).

1.2 FORSKINGSSPØRSMÅL

Hovudproblemstillinga vår er: *Korleis var eigedomstilhøva fram til Rosendal-godset vart oppløyst i 1927?*

Rosendal-godset hadde si stordomstid i perioden 1678 til 1927, og bestod av fire godseiningar: allodialgods, kontribuerande gods, benefisert gods og privilegert bondegods. Ved å sjå nærare på dei einskilde einingane vil vi kunne få fram og forklare skilnadar mellom desse. Vi ynskja ei open og noko overordna problemstilling for å mogeleggjere ei fleksibel tilnærming til datamaterialet, ut frå kva trendar og tendensar vi såg. Datamaterialet gjer det mogeleg å ha fleire innfallsvinklar. Vi har valt å fokusere på eigedomstilhøva ved å sjå på utstrekninga av godset som heilskap, samt dei ulike godseiningane, innløyising av eigedomar under dei ulike godseiningane, verdimål av godsa og korleis dei vart drifta i 1723. 1723 er valt ut som eitt særst interessant utgangspunkt for analyse på grunn av den utfyllande informasjonen som går fram av eksaminasjonsprotokollen frå 1723. Denne kan gje innsikt og vise trendar betre enn andre kjelder, og difor vil fokuset bli spissa inn mot dette årstalet ved slutten av oppgåva.

For å gå djupare til verks har vi utforma to underproblemstillingar som definerer innhaldet og omfanget av oppgåva.

1. *Korleis var tilhøva på dei einskilde godseiningane, og kva tid gjekk dei underliggjande eigedomane over til sjølveige?*

Dette er eit interessant tema då Baroniet Rosendal hadde som politikk å ikkje heve leiga, som førte til at det var mindre attraktivt å kjøpe då leiga alltid var mindre enn verdien på garden. Baroniet fekk på denne måten status som ein økonomisk institusjon, med lojale leiglendingar. Vi ynskjer ut frå dette å sjå nærare på årstala, og få fram nyansar om innløyising og sal, og om det er tydelege skilnadar i tilhøva på dei ulike godseiningane.

2. *Kva skilnadar ser ein kring eigedomstilhøva ved samanlikning av eigedomane under Rosendal-godset og resterande eigedomar i Kvinnherad, med utgangspunkt i eksaminasjonsprotokollen frå 1723?.*

For å kunne svare på hovudproblemstillinga såg vi det som føremålstenleg å samanlikne tilhøva på Rosendal-godset med gardar som ikkje låg under godset. På denne måten vil ein kunne sjå om det var positive eller negative skilnadar ved å ligge til godset. Her har vi valt å avgrense det geografiske området til Kvinnherad skipreide, ut i frå eksaminasjonsprotokollen frå 1723. Som allereie nemnt inneheld protokollen utfyllande informasjon kring tilhøve vi ikkje finn i andre matriklar. Dette gjer at ein kan samanlikne blant anna drift og ressurstilgang på dei einsskilde gardane. Kvinnherad skipreide er også særst interessant då sjølve hovudsetet på Rosendal-godset ligg innanfor denne avgrensinga. Landskylda kan også samanliknast for å sjå om det er skilnadar knytt til om ein låg under Rosendal-godset eller ikkje. I behandlinga av landskylda er det i tillegg til eksaminasjonsprotokollen frå 1723 også brukt opplysningar i matriklar frå 1647, 1838 og 1905. Dette gjer at ein i tillegg til å samanlikne tilhøva mellom godset og Kvinnherad, kan sjå på korleis eigedomane utviklar seg.

1.3 AVGRENSING AV OPPGÅVA

Oppgåva byggjer i hovudsak på tidsperioden frå Baroniet i Rosendal vart oppretta i 1678 til oppløysinga i 1927. Årstalet 1723 blir lagt ekstra vekt på i samanlikninga med resterande delar av Kvinnherad skipreide. Samstundes er det i visse tilfelle viktig å få med sentrale hendingar som skjer i forkant av opprettinga av Baroniet Rosendal. Det teoretiske grunnlaget vil difor i nokre tilfelle gå utanfor denne tidsavgrensinga.

Det geografiske området oppgåva er avgrensa til er i hovudsak Sunnhordland og Hardanger. Figur 1 viser avgrensinga av Sunnhordland.



Figur 1: Geografisk avgrensing; Sunnhordland og Hardanger

Hovudfokuset i oppgåva er å syne kva tid dei ulike gardane gjekk over til å bli sjølveige. For å gjere det mogeleg å gå gjennom over hundre eigedomar måtte vi avgrense oss til å fokusere på årstala eigedomane vart innløyste og kva matrikelnummer dei har, slik at det er grunnlag for å framstille eigedomane i eit kart. For nokre utvalde eigedomar som har skild seg ut har vi valt å gå djupare inn i dokumentasjonen til eigedomen.

For å gå nærare inn på korleis tilhøva faktisk var under Rosendal-godset, har vi i tillegg valt å avgrense det geografiske området til å gjelde Kvinnherad skipreide på underproblemstilling 2. Ei samanlikning med eigedomar som ikkje låg under Rosendal-godset gjer at vi byggjer opp eit grunnlag som gjer det mogeleg å seie noko om tilhøva i positiv eller negativ forstand.

1.4 OPPBYGGING AV OPPGÅVA

Oppgåva består av 8 kapittel. I kapittel 2 blir det teoretiske grunnlaget for oppgåva presentert. Oppgåva byggjer på historisk materiale då vi ser på tilhøva frå år 1678 til 1927. Dette fører til behandling av system og lover som ikkje er gjeldande i dag. Det er difor viktig at det teoretiske grunnlaget viser eit overordna bilete og skapar eit grunnlag som fører til at funn og analyser blir oversiktlege og forståelege.


I kapittel 3 blir framgangsmåte og dei metodiske vala vi har gjort lagt fram. I methodedelen vil vi nytte oss av den historiske bakgrunnen og det teoretiske grunnlaget for å forklare framgangsmåten og det materialet vi har nytta oss av. Vi har dermed valt å presentere teori før metode for å sikre at sentrale omgrep er forklart før vi viser til dette i framgangsmåte og dei metodiske vala vi har gjort. I kapittel 4 og 5 tar vi for oss funn og analyser.

2 TEORI

Historisk sett har Noreg hatt tre gods av betydning: Rosendal, Ekeberg og Jarlsberg. Eit gods kan definerast som ei samling med ufrie bygselbruk som ligg under ein «jorddrott» som residerte på sin herregard eller «sædegaard» (Tennfjord, 1944, s. 17). Det teoretiske grunnlaget for oppgåva er ein kombinasjon av teori direkte knytt opp mot Baroniet Rosendal, og ei generell skildring av eigedomshistoria i Noreg. Dette for å sikre at sentrale skilnader og særtrekk ved eigedomstilhøva under Rosendal-godset kjem fram. Kapittelet vil starte med ei utgreiing av Rosendal-godset og korleis det var bygd opp av fleire underliggjande gods. Deretter vil det presenterast generell eigedomshistorie og relevant teori om Rosendal-godset om kvarandre. For å femne om perioden 1678 til 1927, som er tida vi reknar Rosendal-godset som fungerande jordegods, vil det vektleggjast sentrale trekk ved eigedomshistoria på 16-, 17-, 18- og delvis over på 1900-talet.

2.1 ROSENDAL-GODSET

Rosendal-godset har gjennom tidene hatt fleire eigarar frå ulike familiar. For å framstille eigarskifter for kvar tidsperiode er tidslinja i figur 2 utvikla. Den historiske framstillinga vil vidare byggje på denne forenkla tidslinja utan at det spesifikt vil refererast til den.



Figur 2: *Eigarar på Rosendal-godset*

Den historiske grunnlinja for oppretting av Baroniet Rosendal

Historia knytt til Baroniet Rosendal byrja allereie på 1500-talet. I Noreg festa unionen med Danmark seg kring 1400- og 1500- åra, som medførte eit sterkt skilje mellom det opphavelige norske aristokrati og det utanlandske, trass i stadige giftarmål mellom dei. Danskane stod for det nye, som større kapital, nye næringar og meir betydingsfull kontakt med sentralmakta.

Dette førte til stigande uvilje ovanfor det nye (Hopstock og Madsen, 2002, s. 9-13). Skottane var derimot godt likt, og den skotske slekta Mowatt kom til Kvinnherad på 1500-talet, og busette seg her. Anders Mowatt, som var sjøoffiser, gifta seg med Else Rustung, dotter av viseadmiral Kristoffer Rustung. Mowatt fatta interesser i Rustung sine gardar, og giftarmål var ein vanleg måte å trekkje jordeigedomar og rettigheter til små gods. Nye gunstige alliansar vart skapt, og med litt dyktigheit frå eigar si side kunne ein slå saman oppkjøpte eigedomar til større gods (Hopstock og Madsen, 2002, s. 9-13).



Figur 3: *Axel Mowatt. Måleri frå Rosenholm slott, Danmark*

Son av Anders Mowatt, Axel Mowatt (1592-1661) gifte seg også rikt, med Karen Blidt som kom frå ei kjent og velstående skandinavisk slekt. Axel lukkast i å samle fleire eigedomar, og samla blant anna dei tre adelege setegardane i Kvinnherad - Mel, Hatteberg og Seim (Hopstock og Madsen, 2002, s. 9-13). Ein adeleg setegard hadde ulike privilegier, som til dømes strafferettsleg myndigheit og skattefridom (Setegård, 2011). Axel Mowatt var ein klok og akta mann, og skapte føresetnadane for det seinare Rosendal-godset. Han vart rekna som ein av Noregs største godseigarar på denne tida. Hemmelegheita bak rikdommen hans låg neppe i innteksten han fekk frå smågardane. Forklaringa finn ein først og fremst i heilt utanforliggende inntektskjelder, som handel, skipsfart og embete. Det overskytande derifrå vart så plassert i jordegods som kapitalanbringelse på lav, men sikker inntekt (Hopstock og Madsen, 2002, s. 9-13).

Rosendal-godset vert til

Dotter av Axel Mowatt, Karen, gifta seg med Ludvig Rosenkrantz (Figur 4) og inn i den berømte danske adelsætta Rosenkrantz (Bendixen, 1897, s. 12). Ludvig fekk Hatteberg i bryllaupsgåve av sin svigerfar og det var her den kjente hovudbygninga vart reist. Hatteberg med hovudhuset vart kjernen i det store godset som Rosenkrantz ved kongebrev av 14. januar 1678 fekk opphøgd til Noregs einaste friherreskap, også kalla baroni (Hopstock og Madsen, 2002, s. 12-14).



Figur 4: Ludvig Rosenkrantz (1628-1685). Ukjent kunstnar

«Vi Christian den Femte, af Guds Naade Konge til Danmark og Norge [...] gjøre Alle vitterligt: at Vi af sær Kongl. Naade og Bevaagenhed til Os elskelig velbaarne Ludvig Rosenkrantz Herre til Hatteberg [...] allernaadigst haver for godt eragtet, hans Hovedgaard Hatteberg med underliggende adelig Sædegaarde, beliggende udi Bergenhus-Amt udi Sundhords Fogderi og Quindhereds Præstegjeld udi Vort Rige Norge, til et Friherrs-kab at erigere og ophøie, som vi og nu hermed ben^{le} Gaarder med dets underliggende Gods under det navn af Rosendal [...]» (Berg, 1839, s. 236- 237).

Bakgrunnen for opprettinga av Baroniet Rosendal ligg i lovreguleringa (vidare omtalt som adelsprivilegia/baronsprivilegia) av 25. mai 1671. Ved innføringa av eineveldet i 1660 løyste kongen opp riksrådet, som førte til at adelen mista adgang til å styre det dansk-norske riket. Kongen hadde dette i bakhovudet når han fremja lovreguleringa, og skapte større distanse mellom den eksisterande adelen og kongen (Kvestad, 2021). Det vart blant anna oppretta to nye høgadelege kategoriar under namna grevar og friherrar (baronar), også omtalt som lensgods. Denne adelsgruppa skulle fungere som ei elitegruppe over den eksisterande adelen sine kår (fødselsadelen), og det var berre kongen som kunne gje personar slik status. Dei fekk spesielle privilegium og høg status, i motsetning til fødselsadelen som vart satt ut av spel politisk sett, og overkøyrd av den nye tittel- og embetsadelen. Det kom i tillegg ei ny rangforordning som bestod av 55 ærestrinn, der kongen låg øvst og deretter følgde staten sine viktigaste embete og funksjonar (Dyrvik, 1998, s. 159). Kongen trong lojale støttespelarar i eineveldet, og desse søkte han å finne i eit nytt samfunnslag, der han skulle sikre ei arveleg rikmannsklasse. Dette var siktemålet med reglane. Låg ein høgt oppe på ærestrinna kunne ein forvente å få reelle fortrinn føre andre i samfunnet (Kvestad, 2021). Kvestad (2021) omtalar

lensretten som «eit sær s viktig og omfattande privilegium». Dette grunna med at baroni og grevskap vart gjeve som len til dei adelege, og den som sat med lenet skulle utøve brorparten av kongen sine rettar i området.

Baroni, grevskap, og seinare stamhus og fiedikommissier kan omtalast under samlenemninga *majorat* (Erichsen og Tamm, 2014, s. 16). Dette vart innført i Danmark i 1671, og var sentralt for Rosendal-godset si historie ved at Danmark-Noreg kunne opprette dette. Ved stiftning av eit majorat vart det oppretta ein «formuesubstans til stedsvarende økonomisk underhold for stifterens etterkommere» (Dombernowsky, 1983, s. 34). For å bli opphøgd til baron eller friherre måtte han eige 1000 tønner hartkorn (vidare forkorta som tdr. hrtk.) eller 50 000 riksdalar, og formuen Baroniet bestod av vart bandlagt. Når formuen gjekk i arv, skulle den gå udelt vidare, oftast til eldste sonen i familien (Gundersen, 2020). Kvinner kunne også arve om mannslinja døydde ut, men var der ingen etterkommarar skulle godset tilfalle kongen (Dyrvik, 1998, s. 158-159).



Figur 5: Hatteberg hovudresidens. Måleri av J.C.Dahl, H.F.Gude, M.Møller, A.Askevold, m.fl.

Ludvig Rosenkrantz sitt jordegods var på 579 $\frac{3}{4}$ tdr. hrtk. (Berg, 1839, s. 239). Dette var i utgangspunktet for lite etter kravet, men han fekk opphøga jordegodset sitt til baroni på den betingelse at det vart eit *mannslen*. Godset kunne dermed berre arvast på mannssida. Dersom det ikkje fanst mannlege arvingar skulle eigedomen tilfalle kongen, i tråd med heimfallsretten. (Hopstock og Madsen, 2002, s. 14-15). Dette viser interessa den eineveldige kongen hadde i å få oppretta majorat, då han var villig til å sjå vekk frå størrelseskravet (Erichsen og Tamm, 2014, s. 37-38). Kongen si velvilje ovanfor Ludvig Rosenkrantz kan blant anna illustrerast med garden Klungland. Ludvig Rosenkrantz trengte jord, meir jord enn han eigentleg hadde, for å

skipa eit baroni. Garden Klungland var eigentleg eit pantegods, som bonden Ole Jensøen Aarhus hadde pantsatt saman med garden Vestre Eide til Ludvig. Ludvig Rosenkrantz hadde opphøveleg ikkje odelsrett til Klungland, men etter ein tur til kongen i København fekk han underskrift på at alle gardane (inkludert Klungland) skulle ligge til det nye Baroniet i Rosendal (Haugland, 2001, s. 215).

Ved opphøginga måtte lensbesittaren (baronen/greven) foreta det Dombernowsky (1983, s. 34) omtalar som «innrømmelser» til krona. Dette innebar at dei skulle akseptere heimfallsretten til kongen, yte truskap- og tenesteplikt til kongen og yte lensplikt. Sistnemnde vart spesifisert i dei enkelte ereksjonspatentane¹, ytinga tilsvarte vanlegvis ein viss pengesum eller ridderhest. I tillegg kom dei fideikommissariske vilkåra om at det bandlagte godset vart underlagt visse baronibetingelsar. Desse innebar at sjølve lenet, altså delar av Rosendal-godset, ikkje kunne seljast, belånast eller på annan måte reduserast utan kongen sitt vitande eller samtykke (Hopstock og Madsen, 2002, s. 14-15). Dette kjem også fram av lensbrevet frå kongen i 1678, som utdraget nedanfor er henta frå:

«[...] Vi derfor nu, for Os og Vores Kongl. ArveSuccessor udi Regjeringen, bemeldte Friherre Ludvig Rosencrantz for sig og sine rette ægte Descendter af mandelige Linie med forbemeldte Friherreskab Rosendal samt alle de udi overskrevne Jordebog spesificerede Gaarde og underliggende Gods med dertil hørende Friheder og Herligheder, saasom med et ret Friherreskabs Lehn, arvelig paa Mandlinien alene, saaledes, at bemeldte Friherreskab Rosendal med dets underliggende eller viss af hannem herefter underlagt vorde kan, ingenlunde maa pantsættes, sælges, afhændes eller deles, men uskiftet og udeelt [...]» skal gå vidare til neste besittar av majoratet (Berg, 1839, s. 239- 240).

Eigaren kunne etablere eit allodialgods, som var godseigaren sitt private gods. Dette kunne han drifte som han sjølv ynskja. Det gjaldt dermed å få lensgodset så lite som mogeleg og allodialgodset tilsvarande større (Hopstock og Madsen, 2002, s. 14-15). Ei grundigare innføring i allodialgodset kjem i neste delkapittel når dei ulike godseiningane blir presentert.

Som ein konsekvens av innføringa av eineveldet fekk Noreg seks godsjuridiksjonar, kalla birk eller birkedømer. Her var det godseigaren som utnemnte og løna dommarar, fogdar og lensmenn. Rosendal var ein av dei få stadane i Noreg som vart utskild som eige birk (Sunde,

¹ Ereksjonspatent eller – brev, dokument som stadfester opprettinga av stamhus, fideikommiss og len.

1996, s. 46). Birkeretten innebar retten til å administrere eit rettsleg domstolsorgan. Birketinget var verneting for saker tilknytt dei som budde på, eller på anna måte var underlagt administratoren sin eigedom (Kvestad, 2021). Birkeretten førte til at birkerettshavaren kom på eit mellomtrinn mellom kongen og rettssubjekta. På Rosendal birk var det ulovleg skogshogst som dominerte som tema på tinget. Det var gjennom birkeretten ein kunne verne om til dømes skogsressursane på ein effektiv måte (Sunde, 2004a, s. 32-33). Etter adelsprivilegia kunne birkerettsområdet utvidast, men lensgodset kunne ikkje stykkjast opp for sal, arv eller ved beslaglegging. Etter §§ 2 og 18 i privilegia måtte jordegodset avhendast i ei samla eining (Sunde, 2004a, s. 26).


Baron Ludvig dør i 1685, og Baroniet tilfall då son hans Christian Rosenkrantz. Ludvig var som nemnt ikkje ein stor finansmann. Ved fleire tilfelle måtte han selje ut eigedomar av kona sitt arvegods, som skjedde på blant anna garden Hauge i Skånevik (Haugland, 1981, s. 85). Då Christian Rosenkrantz dør i 1691 hadde økonomien byrja å skranke, og ettersom tre av brørne til Christian dør, må yngstebroren Axel Rosenkrantz ta over Baroniet i 1691. Samstundes klarar Alex Rosenkrantz å rydde opp i økonomien, og ved hans plutselige død i 1723 har han betalt ned all gjeld og lagt enno meir gods under seg. Lensavtala som vart inngått i 1678 presiserte at dersom det ikkje var mannlege arvingar skulle Baroniet gå til kongen, som var tilfellet ved Axel Rosenkrantz død. Kongen heldt ikkje lenge på Baroniet, allereie i 1725 selde han til stattholder Dietlev Vibe som heldt på godset til 1731, då hans danske slektning Christian Lerche tok over. Ved kongen sitt sal til Dietlev Wibe mista også Baroniet privilegia sine, utanom jurisdiksjonen (Erichsen og Tamm, 2014, s. 43).

2.2 GODSET SI OPPBYGGING

Rosendal var eit strøgods og bestod av fleire leiglendingsbruk² spreidd mellom anna jordegods (Sunde, 2004a, s. 26). Rosendal-godset strakk seg på den tida over 10 herad på kvar side av Hardangerfjorden, frå dagens Ølen i sør til Ulvik i nord. Hovuddelen av godset låg i Sunnhordland, men hadde også viktige delar på Os i Midthordland og i Hardanger (sjå figur 6). Godsresidensen på Rosendal var bygd i kjernen av godsområdet, og mellom Ænes og vestsida av Omvikdalen i Kvinnherad prestegjeld. Her var så godt som all jord eigd av Baroniet (Sunde, 1996, s. 46). Godset var ordna slik at dei tre adelege setegardane Hatteberg, Mel og


² Ein leigending var ein som leigde skyldsatt jord av jordeigaren, og betalte avgifter for det (Sevatdal, 2017, s. 33).

Seim var bortforpakta stykkevis. Resten av jorda var bygsla vekk til leiglendingar og bruka gjekk stort sett i arv frå far til son.




Figur 6: Utstrekninga til Rosendal-godset. Eigeprodusert kart.

Ifølgje Sunde (1996, s. 46) skal Rosendal saman med underliggjande benefisert gods utgjere ei samling på 341 gardar og gardpartar som var spreidd utover 8 prestegjeld og 21 sokn i Søndre Bergenhus amt. I 1880 var det 291 gardar og gardpartar som til saman utgjorde sjølv Rosendal-godset. Gardane var delt inn i fleire bruk, og under desse bruka kunne det vere utskild husmannsplassar. Til dømes var den adelege setegarden Mel, som ligg like ved Baronibygninga, delt opp i tre leiglendingsbruk og fem husmannsplassar. Til saman var det i overkant av 350 leiglendingsbruk, 150 husmannsplassar og 70 hustomter eller mindre jordstykke det vart betalt leigeavgift for til Rosendal. Sjølv kjernen i godset låg i Kvinnherad skipreide og gjekk frå «Ænes ved innløpet til Maurangerfjorden, om lag halvanna mil inn fjorden, til Rød, om lag halvanna mil ut fjorden» (Sunde, 2015, s. 17). Denne skildringa er forsøkt illustrert i figur 7.



Figur 8: Kart over Rosendal, med raud markering på Ænes og Rød. Eigeprodusert kart.

Rosendal-godset var delt inn i fire ulike godseiningar: det benefiserte gods, allodialgodset, det privilegerte bondegods og det kontribuerande gods (sjå Figur 8).



Figur 7: Godseiningane under Rosendal-godset. Eigeprodusert kart.

2.2.1 DET KONTRIBUERANDE GODS

Kontribusjon, eller leiglendingsskatt, var hovudskatten leiglendingane betalte i tidsrommet 1646-1816. Denne skatten vart utlikna etter gardsklassesystemet. På Vestlandet vart kontribusjonen utlikna etter landskylda, slik at det til dømes av ei skyld på 3 laup smør vart betalt fullgardsskatt (12 riksdalar), men ein bonde som nytta seg av 4 laup smør måtte ut med 16 riksdalar. Før denne tid hadde ein så kalla landskatt. Dette var ein personskatt som var betalt med faste satsar av kvar bonde, leiglending og liknande. Ved skattelov i 1816 vart leiglendingsskatten oppheva og det vart innført ein alminneleg landskatt. Denne skulle utgjere 4/5 av statskassa, der halvparten av skatten skulle utliknast på landskylda, og andre halvparten etter ei særskild verdiansettelse for jordbruk som vart utført for å gi utlikningsgrunnlag for jordavgifta (Leilendingsskatt, 2009). Landskylda si betydning vart vesentleg endra utover 1800-talet, då store delar av jorda i Noreg vart sjølvveige. Gardane vart takstert, og arva utlikna på dette grunnlaget. Samstundes såg ein at det gamle landskyld-systemet vart bevart i dei offentlege godsa som framleis ikkje var selde (Landskyld, 2015).

Det kontribuerande gods var den delen av Rosendal- godset som var fast, og ikkje kunne seljast ut (Sunde, 2015, s. 104). Gardane som låg under det kontribuerande gods betalte skattar for ros-tjeneste, høy- og kornskatt, smør- og fiskeskatt, leidang, leiglendingsskatt og artillerihesteskatt. Dette kjem fram i fogderekneskapet til Baroniet i Rosendal frå 1679. Måten dette føregjekk på var at Rosendalfogden samla inn skattane for kongen (Bergen stiftamt, L0053/0005/0002, 1678). Trass i at leiglendingane ikkje fekk kjøpe bruka sine ser det, ifølgje Sunde (2015, s. 104-105), ikkje ut til at det var misnøye ved å vere leiglending under Rosendal-godset. Rosendal-godset vart ikkje drive for å vere lønsamt og difor vart eit lån for å kjøpe bruket sitt eit langt meir usikkert tilvære.

Dyrvik (1999, s. 128) ser nærare på leiglendingane i Noreg sine motiv for å kjøpe gardsbruka sine. Han meiner motiva er uklåre, men at det å eige i seg sjølv skal, ut frå ei moderne oppfatning, vere ein verdi. Eigedomsretten gjer at bonden står friare til å utnytte ressursane på bruket. Myking (2002, s. 185) ser også nærare på grunnen til at leiglendingane i Noreg kjøpte/ikkje kjøpte gardane sine. Han peikar på at brukstida kan vere ein faktor som spelte inn på utfallet. Dersom ein nyleg har overteke eit bruk, og nettopp betalt førstebyggselen, som var ei innfestningsavgift ein betalte ein gong, kan eit gardskjøp kjennast som ei dobbel betaling for bruket. Dei som derimot har brukt jorda ei stund vil ha førstebyggselen litt på avstand og då kanskje ein høgare eigenkapital. Myking (2002, s. 116) nemner også buslitsretten som eit trugsmål for leiglendingen. Dette var retten til å overta gardar ein eigde eller leigde om bonden

stod utan hus eller gard. Det Myking (2002 s. 199-200) kjem fram til, etter å ha sett nærare på omsetjing av gardar i blant anna Nordhordland frå år 1720 til 1740, er at det verkar som leiglendingane ikkje alltid var like kjøpevillige, som eigaren var til å selje. Dei trygge leilgendingsvilkåra kan også sjå ut til å spele ei sentral rolle når det kom til kjøparviljen leiglendingane hadde. Myking kjem ikkje fram til eitt fasitsvar, men meiner at den potensielle jordkjøpar stod ovanfor eit strategisk val, då ein ser at leilgendingar i tilsynelatande same situasjon vel ulike strategiar.

For Noreg ser ein ei endring i eigarstrukturen frå slutten av 1600-talet og utover 1700-talet. Stadig fleire leiglendingar blir sjølveigande bønder og leiglendingssystemet blir ifølgje Dørum (2018a) mindre og mindre attraktivt på grunn av ei høg prisstigning i leigeavgiftene. I løpet av 1800-talet forsvinn systemet gradvis, før det i 1965 kjem *Lov om forpaktning* som gjer at bestemmingane om leigledningar fell vekk (Dørum, 2018a). For det kontribuerande godset i Rosendal var det var fyrst då Universitet i Oslo tok over Stamhuset i 1927 at jordegodset vart oppløyst for fullt, og leiglendingane kjøpte bruka sine (Sunde, 2015, s. 104-105). Nærare om dette under kapittel 2.6.1, Birkedømet blir oppløyst og Stamhuset blir Universitetsseige.

2.2.2 DET PRIVILIGERTE BONDEGODS

Som tidlegare nemnt førte adelsprivilegia frå 1671 med seg fordelar for baronen. Forutan statusen han oppnådde med dei nye adelsgruppene fekk han også fordelar av økonomisk og administrativ art. Hovudgarden og 100 tdr. hrtk. av bondegodset kunne nyte skattefridom når det gjaldt friherreskap. Gardane dette gjeld trong ikkje baronen betale skatt for til kongen, og det klåre skiljet til det kontribuerane godset kjem fram her. Dette var lovfesta i § 8 i baronprivilegia:

«[...] som en Friherre for sin rette Friherlige Residents og Hoved-Gaard holder, og dens Grund og Eiendom, samt derforuden 100 Tdr Hartkorn i tilliggende Bøndergods være for al Contribution og Paalæg, hvad Navn det og have kan, Prindsesse-Styr undtagen, aldeles frie og forskaanet. Og skal af samme Friherlige Residentser og Hoved-Gaarde (saavel som ellers af Friherrernes andre Hoved-Gaarde over alt deres Allodial-Gods, hvilke dog ogsaa skal være frie for al Contribution og Paalæg, Prindsesse-Styr og Ros-Tieneste undtagen) og hvis Eiendom under de Friherlige Residentser og Hoved-Gaarders Taxt er begreben og lagt, naar Godset til Friherskab erigeres, aldeles ingen Tiende gives.» (Schou, 1822, s. 86).

Ein hadde skattefridom for det meste utanom «Prindsesse-Styr» og «Ros-Tieneste». Førstnemnde er ei ekstraordinær skatt som skulle dekke utgifter når prinsessa skulle giftast vekk. Gjennom «Ros-Tieneste» forplikta jordgodseigaren seg til å stille hest og ryttrarar til landsteneste i krigstid (*Grevenes og Friherrenes Privilegier*, 25. Maj 1671, 2016).

Brukarane under det privilegerte bondegods hadde frå gamalt av «Sædvanligt Pliktarbeid til Rosendal og Omb». I visse høver vart denne rekna om til ein pengesum, medan naturalytinga stod ved lag for dei andre (ikkje-priviligerte) gardane. Samstundes kunne ikkje dette kategoriserast som ei tyngjande arbeidsplikt. Det var ofte berre snakk om eitt dagsverk kvar av årstidene, ifølgje Sunde (1996, s. 56-57).

2.2.3 ALLODIALGODS

Allodialgodset var baronen si private eigedomssamling han kunne gjere som han ville med. Det låg heller ikkje heimfallsrett til denne godseininga. Det kunne gå i arv og seljast etter fri vilje i motsetnad til lensgodset, som skulle følgje den næraste ektefødte slektningen i mannslinja (Knutsen, 2018). Eigedomane under denne delen av Rosendal-godset gjekk over til sjølveige tidleg samanlikna med dei kontribuerande gardane som var låst fast til ein institusjon, og ikkje vart sjølveige før langt ut på 1900-talet (Haugland, 1984, s. 153). Allodialgodset hadde under Axel Mowatt si tid også femna om dei ytre delane av Sunnhordland, som øyane på Fitjar, Tysnes, i Austevoll, på Sotra og Askøy. Dette vart ikkje ein del av Ludvig Rosenkrantz sitt lensgods, berre den mest verdifulle delen av jordegodset vart lagt til dette, ifølgje Sunde (2015, s. 20-21).

Leiglendingane på allodialgodset var knytt til birkedømet på same måte som dei under lensgodset. Sunde (2004, s. 28) peikar på dette som underleg ettersom dette førte med seg at sorenskriveren i Sunnhordland fekk reduserte inntekter. Korleis dette likevel gjekk til kan kanskje forklarast ut frå gode kontaktar og baronen si sterke rolle som kongeleg embetsmann i Noreg. Som nemnt var godsmassen som utgjer lensgodset eigentleg for liten til å kunne opphøgjast til baroni. Det at Ludvig Rosenkrantz fekk lov av kongen å ha eit allodialgods er noko Sunde (2015, s. 21) også trekk fram som er med å underbyggje teorien om baronen si sterke rolle, og kongen si velvilje. Samstundes var allodialgodset kjelda til kapital og utan det ville det ikkje vore mogeleg å driva forretningsverksemd (Sunde, 2015, s. 21).

Då Axel Rosenkrantz overtok godset i 1691 etter broren Christian var dette tynga av gjeld og delar av allodialgodset var enten allereie solgt ut eller pantsatt. Axel klarte å løyse inn fleire av gardane som hadde forsvunne ut av allodialgodset under Christian Rosenkrantz og Ludvig

Rosenkrantz sitt styre (Bendixen, 1897, s. 40). Både garden Seløy og Ånuglo var gardar Ludvig Rosenkrantz utla til kreditorane, som Axel Rosenkrantz løyste inn att i 1704 (Drange, 1989, s. 797 og 816). Gardane Nedre Lunde og Økland kan også trekkjast fram som dømer, då desse gardpartane vart trekt inn att i godset av Axel Rosenkrantz, etter at den forgjelda Ludvig Rosenkrantz hadde lagt ut garden til gjestgjevarar, som tok landskyld på garden (Drange, 1989, s. 607 og 665).

Då Axel Rosenkrantz dør i 1723, forsvinn denne godseininga ut av Rosendal-godset. Grunnen til dette er at enkja hans, baronesse Anna Christina, arvar godseininga. Ho reiser til Stavanger for «at ende sine dage» (gjengitt i Stuland, 1924, s. 335). Då baronessa reiste byrja salet av godseininga, og ut på 1700-talet er store delar av allodialgodset selt ut (Stuland, 1924, s. 335). Allodialgodset dør samstundes ikkje heilt ut etter Rosenkrantz-familien sin bortgong. Garden Skoga vart selt ut av godset i 1731, men vart kjøpt tilbake av stamhusbesittar Edvard Londemann de Rosencrone i 1749. Denne garden vart liggjande til allodialgodset heilt fram til år 1919 (Haugland, 1990, s. 109).

2.2.4 DET BENEFISERTE GODS

Den siste godseininga som låg under Rosendal-godset var ei samling av to gods; prestebolsgods og kyrkjegods (Sunde, 2015, s. 54), kalla det *benefiserte gods*. Eit *Benefisert gods* er «eigedomar (med tilhøyrande økonomiske rettigheter) som nokon er gjevne løyve til å bruke og ha fordelane av» (Regjeringen, 2018-2019). Under eineveldstida var denne nemninga vanleg å nytte kring eigedomar som var bortlova prestane. Kong Christian Vs Norske Lov frå 1687 sikra eit inntektsgrunnlag for prestane. Godset var bygd opp av ei prestegardseige som omfatta prestegarden, altså embetsgarden, der presten haldt hus og var ansvarleg for. I tillegg låg det bygselgardar og enkesete under embetsgarden. Bygselgardane vart leigd ut for ei viss tid, medan enkesetene var gardsbruk som skulle forsørgje enker etter innehavarar av presteembetet (Regjeringen, 2018-2019). Systemet fungerte på den måten at soknepresten dyrka prestegarden kvar dei budde og tok avkastinga av gardar og gardpartar som låg til embetet (Dyrvik, 1999, s. 143).

Denne typen gods skulle sikre presten løn, gjennom prestebolsgodset, og midlar til vedlikehald og drift av kyrkja, gjennom kyrkjegodset (Sevatdal, 2017, s. 40). Både Kvinnherad- og Æneskyrkja låg til baron Ludvig Rosenkrantz godseige i 1678. Kyrkjene Husnes og Ølve vart også lagt under godset av Ludvig sin son Axel Rosenkrantz. Godset var skattefritt for eigaren, og hadde same status som det privilegerte bondegodset (Sunde, 1996, s. 54). Gjennom

kallsretten var det baronen som utnemnde prestane i Kvinnherad prestegjeld. Samstundes var det kongen som eigde kyrkjene, men likevel vart kyrkjene i Kvinnherad prestegjeld lagt til godset på Rosendal, mest truleg som ei gåve frå kongen (Sunde, 2015, s. 22).



Figur 9: Kvinnherad kyrkje. Foto: Gunnar Langeland, 2015.

Det benefiserte godset er formelt sett ikkje ein del av Baroniet. Jorda under kyrkjene kunne berre avhendast saman med kyrkja det høyrde under. Det bundne godset³ hadde som føremål å gje avkastning, mens denne godseininga hadde eit heilt anna føremål. Skilnaden mellom det benefiserte jordegods og det bundne gods kom klårt fram då Rosendal-godset vart taksert i 1733. Kyrkjegodset vart ikkje tatt med i takseringsforretninga, mest truleg med grunnlag i at det ikkje har inntekter til herskapet med unntak av refusjon gjennom patronatsretten⁴. Samstundes såg ein at det benefiserte godset saman med Baronijorda gjekk til kongen då familien Rosenkrantz døyde ut i 1723. Ein ser også av tingbøkene til Rosendal birk at jurisdiksjonen femnar om det benefiserte godset. (Sunde, 2004a, s. 27-28). Det at både allodialgodset og det benefiserte gods vart ein del av birkeretten er noko Sunde (2015, s. 22) syner til som enno eit teikn på godvilje frå kongen, og den viktige rolla baronen hadde i samfunnet.

Det benefiserte gods er også femna inn under *Instruksar og tilsetjingsbrev for forvaltarar på Rosendalgodset 1750-1917* som ein eigen paragraf. Etter § 9 skulle forvaltaren av Rosendal-godset sjå til at det ikkje vart hogge meir enn det soknepresten hadde begjært kunne nyttast til vedlikehald av hus på prestegardane. Dette gjaldt også skog til «fornødne brug».

Stortinget vedtok i 1821 *Lov, angaaende det benificerede Gods*, der hovudregelen var at leiglendingsgardar skulle seljast ved auksjon så snart dei var bygselledige. Store delar av

³ Det kontribuerande gods og det privilegerte bondegods

⁴ Retten til å forvalte diverse kyrkjelege inntekter (Molland, 2020)

bygselrettane under Rosendal sitt kyrkjegods vart selt utover 1800-talet. Sjølv om eigedomane vart selt vart landskylda beholdt, ettersom denne sikra kyrkja kapital til vedlikehald. Ei slik ordning, der landskylda ikkje følgjer bygselretten, vert omtalt som laus landskyld (Sunde, 1996, s. 54). I 1855 kjøpte Ølve sokn kyrkja frå Rosendal. Husnes-kyrkja vart selt nokre år seinare og Ænes- og Kvinnheradskyrkja vart selt til sine respektive sokn i 1910 (Sunde, 2015, s. 105).


2.3 EIGEDOMSTILHØVA PÅ 1600-TALET

Noreg var på 1600-talet prega av ei turbulent tid med krig, skatteauke og landavståing. Samstundes hadde landet ei økonomisk utvikling og vekst der blant anna folketalet auka og ein fekk etablert nye gardsbruk. Eigedomstilhøva på 1600-talet var stort sett prega av leigendingar (Sevatdal, 2017, s. 33). Ein del av dei pliktene som låg til det å vere leigending var å betale ei årleg leigeavgift, kalla landskyld (Holmsen, 1977, s. 282-283). Landskylda var i eldre tid ein målestokk for jordeigedom, ved kjøp, sal og arveskifte. Utover seinmiddelalderen, og inn i 1800-åra vart landskylda fastsatt individuelt i avtale mellom jordeigar og leigending (Landskyld, 2015). Ei ny samfunnsklasse kalla husmenn vaks også fram på 1600-talet. Systemet vaks fram dels som ein konsekvens av jordmangel, og dels på grunn av ein etterspurnad etter arbeidskraft utanom jordbruket (Holmsen, 1977, s. 425). Ein husmannsplass er definert som «eit umatrikulert «minibruk», og dei som budde på plassen åtte den ikkje, dei leigde plassen av ein bonde» (Sevatdal, 2017, s. 94).

For leigendingen låg det til grunn ei beskjedne arbeidsplikt, og ei åbotsplikt. Åbotsplikta var svært viktig og omfatta den plikta leigendingen hadde til å vedlikehalde bygningane som fanst på garden (Leilending, 2011). Landskyld, tredjeårstake og førstebygssel var ifølgje Myking (2002, s. 83) dei avgiftene som kvilte tyngst på leigendingane, og som gav jorddrottane den viktigaste inntekta. Tredjeårstake var ei eiga avgift som skulle betalast kvart tredje år. Landskylda skulle betalast årleg.

Eigedomsretten i Noreg var frå år 1200 til 1700 knyt til landskylda, og ikkje til eit konkret arealmål, som ein går ut frå idag. Ein jordeigar kunne eige heile eller ein part av den landskylda garden var taksert til og av det som leigendingen måtte betale kvart år. Systemet blir kalla skyldlege, og gjekk ut på at gardane ofte hadde fleire eigarar og leigendingar knytt til seg. Bakgrunnen for dette systemet var, ifølgje Dørum (2018b), interessa eigar hadde i å få inn ei årleg avgift i form av heile eller delar av landskylda, ovanfor interessen i å drive garden sjølv (Dørum, 2018b). Skyldlegefellesskap førte til at ein trong eit system der eigartilhøva mellom

jordeigarane vart ivaretatt. Det vanlege var difor at ein av eigarane var ansvarleg for å inngå leigeavtalar, sørge for at leiglendingane betalte for seg i rett mengde og til rett tid, og at dei etterlevde leigevilkåra. Dette var den eigaren ein rekna for å vere bygselrådige. Her var hovudregelen at den som åtte mest skulle ha denne posisjonen. Eigde to like mykje gjekk det ofte på rang (Sevatdal, 2017, s. 35-37). Figur 10 illustrera korleis denne rollestrukturen var på 1600-talet.



Figur 10: Rollestrukturen på 1600-talet


Å eige med bygselrett innebar utvida rettingheiter i jordeigespørsmål. Bygslingsrettshavaren kan velja om han vil ta egedomen i bruk som brukar, om han vil selja, pantsetje og disponere over denne retten ved arv (Sunde, 2004b, s. 185). Det var heller ikkje unormalt at kvar eigar hadde bygselrett til sin part, men det mest vanlege var at ein person eller ein institusjon hadde bygselrett til heile garden, så kalla overbygsel. Når ein jordeigar ikkje hadde bygselrett hadde han heller ikkje disposisjonsrett over garden, altså han kunne ikkje krevje landskyld frå brukarane (KLN II, 1957, s. 415). Døme på ein gard med fleire eigarar er garden Fjellandsbøle som bestod av to delar, der eine halvta hørde til Baroniet og den andre var bondeeige. I dette tilfelle var Baroniet den beste jordeigaren, samt den med høgast rang, og skulle difor ha bygselen til all jorda. Samstundes som dei berre hadde egedomsrett til halve jorda. Eigarstrukturen på Fjellandsbøle er illustrert i Figur 11. Baroniet var dermed ansvarleg for blant anna leigeavtalen og at leiglendingen betalte for seg. På Fjellandsbøle kom det på

1800-talet ein husmannsplass, der festeavgifta var seks arbeids dagar for året til bonden på Fjellandsbøle, samt fire marks pengar til Baroniet (Haugland, 1981, s. 322-323).

På Rosendal-godset var det vanleg at leiglendingane fekk bygsle bruka sine på livstid, og kunne seie opp bygselavtalen når han ville og få utbetalt ein høveleg del av den innbetalte bygselavgifta (Sunde, 1996, s. 56). Livstidsfeste vaks fram som ein parallell når lengda på festekontraktane auka, og alt i 1544 kjem det fram i ein recess⁵ i Bergen at ein bonde som leigde «laus» jord kunne bu på garden så lenge han ville,

så lenge han betalte dei avgiftene han skulle og oppfylte åbøtsplikta (Myking, 2002, s. 107). Ved Kong Christsian den IV norske lovbog (NL) frå 1604 og Kong Christian den V si lov (NL) frå 1687 vart livstidsleiga stadfesta som hovudregel (Myking, 2002, s. 121). Mogelegheita til å overføre leigeretten gjennom genasjonsskifte ser ein ikkje ut til å kunne påvise, ifølgje Myking (2002, s. 123). Dersom dette var sedvane har denne vakse fram utan formell støtte frå lovgjevande styresmakter. Sunde (1996, s. 58) skriv at Rosendal-godset var eitt av fire jordegods som hadde som vane å redusere landskylda dersom det var verande i familien ved byte av brukar. Det tyder at dersom brukaren ynskja det, vart leiglendingsbruka alltid verande i familien.

Det spesielle med Rosendal-godset var at herskapet ofte kravde landskyld også for dei bygslingslause gardane, så kalla laus landskyld. Her vart det kravd inn landskyld på lik linje med alle andre eigedomar dei hadde under seg. Trass i at desse eigedomane ikkje høyrde under Rosendal birk sin jurisdiksjon (Sunde, 2004a, s. 27). Leiglendingane som betalte laus landskyld til Rosendal, men sjølv sat med overbygslingsretten, var lenet sine bønder. Dette viser at det var retten til å bygsle vekk, og ikkje retten på landskyld, som var kriteriet for at det vart etablert eit føydalt forhold mellom baron og leiglending (Sunde, 2004b, s. 186-193). Sunde (1996, s. 56) meiner gardane med laus landskyld var gardar den første innehavaren av Rosendal-godset, Ludvig Rosenkrantz, hadde selt bygselsretten på kring slutten av 1600-talet for å få pengar til



Figur 11: *Eigar- og bygseltilhøva på Fjellandsbøle*

⁵ Recess om leiglendingar, gjestebod og busted-gang i Bergen len (Myking, 2002, s. 107)

å betale kreditorane. Dette gjorde han då han ikkje kunne selje jorda på den bundne delen av jordegodset.

2.3.1 MATRIKKELSYSTEMET PÅ 1600-TALET

Utover 1600-talet skjedde det ei utvikling i skattesystemet og oversikta over eigedomane i riket vart betre (Dyrvik, 1999, s. 61). Skattematrikkelen frå 1647 opererte med eit gardsklassesystem som gjekk ut på at gardane vart skattlagde etter tre gardsklassar: fullgardar, halvgardar og øydegardar. Denne klasseinndelinga vart samstundes ikkje praktisert som grunnlag for skatteutmåling i Bergenhus len. Her vart skatten rekna med utgangspunkt i at ein gard med 2 eller 3 laup smør i landskyld skulle gje 6 dalar i skatt. Skatten for dei einskilde bruka vart dermed rekna direkte etter landskylda (Fladby og Winge, 1976, s. 7-8).

Ifølgje Fladby og Winge (1976, s. 10) deler ein dei ulike skyldeiningane inn på følgjande måte:

“1 laup smør = 3 pund = 4 spann = 72 merker

1 våg fisk = 3 pund = 4 spann = 72 merker

1 tønne korn (vekt) = 2 vetter = 4 våger = 12 spann

1 tønne salt (vekt) = 8 laup = 24 pund = 32 spann

1 hud = 4 fjerdingar = 2 bukkeskinn = 4 geiteskinn = 8 saueskinn = 16 kalvskinn”

For å illustrere korleis verdien av skyldeiningane er i høve kvarandre, og for å kunne rekne dei om, har Fladby og Winge (1976, s. 10) stilt opp følgjande normaltilhøve:

“1 laup smør = 2 våger fisk = 2 tønner korn = 1 tønne salt = 2 huder”.

I skattematrikkelen frå 1647 for Vestlandet og Bergenhus len var smørskylda den dominerande landskyldvara. Denne vert rekna i laup, pund, spann og merker. Samstundes var det gardar med innslag av korn- og hudskyld, som speglar det samansette jordbruket Vestlandet var prega av (Marthinsen, 1991, s. 11-12). På Austlandet var det derimot ei blanding av både huder og korn eller mjølvarer (Hagen mfl., 1980, s. 59).

Landskylda fungerte som eit verdimål på garden. Dette er forklart ved at leigeavgifta stod i eit visst høve til bruksverdien av sjølve jorda, og dermed måtte landskylda fungere som eit samanlikningsgrunnlag mellom gardane (Marthinsen, 1991, s. 11). Landskylda var ein

indikator på partane si vurdering av jordegodset og var avhengig av godset si avkastningsevne, drifts- og omsetnadsforhold. (Austenå, 1988, s. 21).

Trass i 1647-matrikkelen sakna kongen «Riktige Jordebøger over alt Jordegods i Riget» og oppnemnde i 1661 ein landkommisjon som skulle utarbeide oversikter over gardane, landskylda og eigarane (Austenå, 1988, s. 21). Det skulle gjennomførast ei fullstendig nytaksering av all jord for å supplere landskylda med ei skatteskyld, som skulle samsvare med den aktuelle produksjonsverdien for gardane. På denne måten vaks matrikkelsystemet fram. Det vart bestemt at ei kort opprekning av ressurstilgang, produksjon, gamal landskyld og ny skatteskyld skulle førast i matrikkelen (Dyrvik, 1999, s. 54-56). Kongen utferdiga i 1665 eit reskript som forklarte nærare korleis dette skulle gjennomførast, for å få til ei tilnærma rettferdig fordeling av skattane. Den tidlegare landskylda skulle justerast slik at avkastningsevna til like gardar skulle føre til like stor landskyld. Forholdstalet ein kom fram til gjennom verdsettingsarbeidet skulle bli nytta som grunnlag for fordeling av skattane. Matrikkelrevisjonen vart ferdig i 1670, og frå 1672 kvilte all bondeskatt på den skyldverdien som no vart fastsett. Matrikkelen var på mange måtar eit register over jordverdiane i landet (Austenå, 1988, s. s. 21-22). Trass i det omfattande arbeidet nytta dei fleste seg av den eldre landskylda til skattleggingsføremål. Det nye skattesystemet vart ikkje nytta med unntak i Bergen stiftamt, og nokre andre stader (Dyrvik, 1999, s. 54-56).

Gjennom dette matrikkelarbeidet vart fleire element inkludert i verdivurderinga på gardane. Systemet danna vidare grunnlaget for seinare matriklar og produktet av dette vil gå fram av kapittel 2.4.2, matrikkelsystemet på 1700-talet.

2.4 SAMFUNNSUTVIKLING PÅ 1700-TALET; NYE MAJORAT OG AUKANDE

SOSIALE SKILNADAR

Året 1720 er ifølgje Dyrvik (1999, s. 87) det store skiljet mellom den store krigsperioden i norsk historie og den fyrste lange fredstida. Fokuset går no over på samfunnsutviklinga, og ein såg ei stadig meir samansett sosial struktur, med aukande skilnadar mellom høg og låg, samt ei strukturendring i staten der ein fekk meir liberalistiske haldningar. 1700-talet vert også sett på som ei konsolideringstid for blant anna embetsmenna, då dei etter å ha innvandra til Noreg på 1600-talet no hadde slege rot her. I takt med liberalismen såg ein gjennom politikken at ein ynskja ei balanse mellom interessene til samfunnsgruppene, og at bøndene no fekk fleire

fordelar økonomisk og sosialt. Samstundes utvikla 1700-talet seg til å bli ei tid med vaksande sosiale spenningar enn nokon gong tidlegare (Dyrvik, 1999, s. 87-88).



Figur 12: *Einevaldskongen Christian V (1646-1699) av Danmark-Noreg. Portrett av Jacques d'Agar.*

Før konsolideringstida og den aukande skilnaden mellom samfunngruppene hadde einevaldskongen eit ynskje om eit samfunn bestående av fleire majorat (Tamm og Erichsen, 2014, s. 38). Kongen oppretta Ved Danske Lov (Bestemmelse 5-2-65) i 1683 eit majorat med lempelegare vilkår til jordareal samanlikna med jord- og formuebesittelsen ein skulle ha ved oppretting av Grevskap eller Baroni. Majoratet kongen etablerte var eit Stamhus. Systemet var enklare, då det sikra godset sin udelelege arvegong og sal og pantsetjing var forbode. Var ein eigar av setegardar på minst 400 tdr. hrtk. kunne ein få løyve til å opprette eit Stamhus. Det var heller ikkje heimfallsrett til kongen i dei tilfella slekta døyde ut. Heller var det ikkje offentleg administrasjon eller auke i skattefritaka. Etter innføringa av dette majoratet såg ein ei betydeleg auke i skiping av Stamhus. Ofte hadde godsa mykje meir jord enn kva som var kravet. Eit eksempel Erichsen og Tamm (2014, s. 38-39) trekk fram er Lechenborg ved Kalundborg med 4 370 tdr. hrtk. Dette var eigentleg stort nok til å kunne bli opphøgd til Grevskap, men valde likevel å opprette eit Stamhus i 1730. Bakgrunnen for dette meiner dei er knytt til unntaket frå heimfallsretten, som ikkje var eit unntak i ereksjonspatentenen til samtlege Grevskap og Baroni. Ved opprettinga av Stamhus vart det utforma stamhusbrev. Her vart blant anna reglar for korleis arven skulle skiftast nærare fastlagd. Utover 1700-talet såg ein ei kraftig auke i skiping av Stamhus. I 1730 vart det oppretta 15 Stamhus, og i perioden Frederik V regjerte (1746-66) vart heile 26 Stamhus oppretta (Erichsen og Tamm, 2014, s. 38-40).

Utover 1700-talet ser ein ei auke i motstanden mot adelskapet i ulike dansk-norske grupperingar. Kvestad (2021) trekk omsynet til likskap fram som ein av grunnane. Dette var eit syn som vaks fram på denne tida, som stod i sterk opposisjon til standsamfunnet. Samstundes var den sosiale skilnaden langt større i Danmark enn den var i Noreg. Den norske bondestanden hadde langt betre kår enn den danske, noko ein hevda odelsretten var grunnen til. Odelsretten vart ein tryggleik til sjølveigande bønder, då denne avverga at gardane vart selde til adelege som kunne samla dei under store gods (Kvestad, 2021).

2.4.1 FRÅ BARONI TIL STAMHUS

På Rosendal-godset er Dietlev Wibe og Christian Lerche si tid som innehavarar av Rosendal-godset forbi. Biskop Edvard Londeman, adla som de Rosencrone av Rosendal, tek over etter å ha sendt store mengder brev til Christian Lerche om, det Hopstock og Madsen (2002, s. 37) forklarar å vere «store summer og ubetydelige skavanker ved Rosendal [som] ble tvunnet sammen i en blanding av kritikk og begjær». Edvard Londemann kjøpte Rosendal-godset i 1745 trass i at det ikkje var baroni lenger, og eigaren ikkje kunne omtalast med tittelen baron. I 1749 fekk Londemann innvilga at Rosendal skulle vere eit Stamhus, som medførte at eigaren no hadde tittelen Stamhusbesittar og skulle forvalte eigedomen på livstid (Sunde, 1996, s. 43). Kongen gjekk med på dette under føresetnad at dersom slekta døydde ut i alle ledd og linjer skulle Stamhuset tilfalle Universitet i København, dette kjem fram i ereksjonspatentent til Londemann som utdraget nedanfor er henta frå (gjengitt i Tennfjord, 1944):

“Skulde efter Guds Vilje ved Tiden Længde al min egne Afkom ganske og aldeles uddø [...], at der er ingen Arving mere til dette Stamhus af mit Blod, at jeg Gud til Ære [...] legerer, skjenker og bortgiver det ganske Stamhus Rosendal med alle dertil henhørende Herligheder, Ejendomme og Jordegods efter Skjøder og Jordebøger, til det kongelige Universitet i Kjøbenhavn”. (Tennfjord, 1944, s. 91).

Klausulen var i pakt med Londemann sine litterære og vitskaplege interesser (Hopstock og Madsen, 2002, s. 37). I 1779 vart godset gjort til eit titulært baroni, som vil seie at godset og eigaren fekk baroni- og barontittel. Det nye Baroniet fekk ikkje dei same baronirettane som tidlegare, det var blant anna ikkje eit len igjen, og tittelen kunne i utgangspunktet ikkje arvast. Son til Edvard Londemann, grev Marcus Gerhard Londemann de Rosencrone fekk, gjennom kongeleg løyve i 1809, rett til å omtalast med tittelen baron. Dette gjaldt også etterfølgande eigarar (Tennfjord, 1944, s. 109).

2.4.2 MATRIKKELSYSTEMET PÅ 1700-TALET

Utover 1700-talet skjedde det ei utvikling i samband med matrikkelsystema. Det vart sett i gong eit stort revisjonsarbeid i 1723, der det vart ført to protokollar, ein eksaminasjonsprotokoll og ein matrikuleringsprotokoll. Eksaminasjonsprotokollen inneheld opplysningar om eigar, skog, seter, kvern, fiskeri, husdyrhald, utsæd og avling, og husmannsplassar. Det er også ei oversikt over ny og gamal skyld (Nedrebø, 2017, s. 414). Sentrale trekk ved ressursane og drifta vil bli presentert nærare i neste delkapittel. Utklippet i figur 13 viser korleis eksaminasjonsprotokollen ser ut:

No	Oppas de drif na-	De hø der vns dæ	Boppie farge og bopke pudde	Zinn manns Klogster	Stary og stet stær	Qvass og stær	Viduation og breni- ligjard	Dot kong Tad	Gjans og Oera Fust	Tæt og garden matrikel	Kattel og sag p
5*	Lille Omveg	1. 1. Gm.	1. Gm. 1. Gm. Bonnit Bjorkhol vns bopke	vign	for bols 1. mile sagjan de 1. Gm. fær stær bopke bopke	vign og drøen	vign paa 1. Gm. 1. Gm. vns vns he vns vns vns vns vns	vns 1. Gm. 1. Gm. 1. Gm. 1. Gm. 1. Gm.	1. Gm. 1. Gm. 1. Gm. 1. Gm. 1. Gm.	1. Gm. 1. Gm. 1. Gm. 1. Gm. 1. Gm.	
sagjan vns vns vns vns vns							vns vns vns vns vns				

Figur 13: Utklipp frå eksaminasjonsprotokollen frå 1723

Arbeidet med 1723- matrikkelen vart stort sett fullført, men den møtte stor motstand og vart stansa i 1724. Sevatdal (2017, s. 240) viser til at grunnen til motstanden ikkje er klar, men at matrikkelen vart møtt av skeptiske bønder som ikkje ynskja skatteauke. Dette førte til at bøndene gøynde unna verdiar og oppgav feil informasjon for å sikre at verdien på garden vart halden så låg som mogleg. Trass i dette inneheld den sentrale opplysningar og er den mest oversiktlege matrikkelen (Arkivverket, 2017).

2.5 GARSDRIFT OG RESSURSAR

Næringsgrunnlaget på ein gard varierte ut i frå den geografiske plasseringa. Samstundes er det, ifølgje Sevatdal (2017, s. 113), likskapstrekk i heile Noreg. Blant anna var åkerbruket og fedrifta dei viktigaste komponentane i næringsgrunnlaget i innmarka. Desse to heng saman ved at det tradisjonelle åkerbruket var avhengig av gjødsling, og Sevatdal (2017, s. 113) presiserer at «møkka var ein sær verdifull ressurs!». Havre og bygg var i hovudsak dei to korntypene som vart dyrka. I 1660 åra var det havren som dominerte, men på 1700-talet skjedde det ei endring. Då vart bygg meir og meir vanleg (Hagen mfl., 1980, s. 222). For å male kornet til enten matmjøl, fór til husdyra eller anna maleproduksjon var det vanleg å ha kvern på gardane. Som Berge (1979, s. 28) påpeiker var det på 1200-talet fyrst og fremst dei mektigaste i samfunnet som starta med kornmaling. Etter kvart vart det meir og meir vanleg også for småbøndene å ha kvern, då korn ikkje lenger var noko ein kjøpte då ein hadde råd å dyrke det sjølv. Kverna letta arbeidet for bøndene, då dei no fekk betre tid til å gjere andre oppgåver på garden (Berge, 1979, s. 28-29).

For å drive optimal åkerdrift var husdyrhaldet viktig. Dette vart drifta «basert på maksimal utnytting av sommerbeitene, med utbreidd stølsdrift, og sulteføring på ettervinteren» (Hagen mfl., 1980, s. 222). Sevatdal (2017, s. 156 – 157) oppsummerer kva som skal til for at eit område kan vere lagleg til seter; det må vere tilgang på beite i nærleiken, nærleik til vatn og ha tilgang til ved i rimeleg nærleik. Dette fordi det gjekk med store mengder ved til drift av ei

seter. Det vert skilt mellom skogssetrane som kunne bli nytta på vår og haust, og sommarsetrane som låg lengre oppe i fjella. Fordelen med desse to typane var at mjølkedyra kunne gå direkte frå fjøs til skogsbeitet ved skogssetrane og sommarsetrane gav gode beiteforhold (Sevatdal, s. 145). Langs kysten var det derimot andre sentrale ressursar ein kunne utnytte. Fiske vaks fram som eit særst viktig næringsgrunnlag spesielt i desse områda. For Vestlandet vart sildefiske ei viktig næring frå midten av 1500-talet og mellom 1740-60 var det mest sild mellom Stavanger og Bergen. Bergen var også den viktigaste eksportbyen for fiske og hadde i tillegg ein stor kjøtmarknad (Hagen mfl., 1980, s. 225-226).

Leiglendingen kunne stort sett nytte alle tilgjengelege ressursar på garden, og som han trong til gardsdrifta (Sevatdal, 2017, s. 50). Samstundes var det avgrensingar knytt til blant anna uttak av skog. Her kunne ikkje leiglendingen ta ut meir enn det han trong til eige husbruk. Bakgrunnen var at jordeigaren rådde over det meste av jorda, skogen og malmførekomstar i Noreg på denne tida (Holmsen, 1977, s. 426). Myking (2002, s. 38) viser til at dette botnar i at leiglendingen ikkje kunne forringe gardsbruket ved å til dømes hogge ut skogen. Verdien dei kunne hogge for tilsvarte halve jordleiga, men dette var vanskeleg å overvake. Dei sjølvveigande bøndene kunne derimot nytte skogen sin slik dei sjølv ville (Dyrvik, 1999, s. 105).

Bøndene på Rosendal-godset skulle saman med lensmennene ha tilsyn over jorda og det som vart dyrka. Dei skulle sikre forsvarleg drift av husa på garden, jorda, skogen, myr og gjerder. Det skulle nøye kontrollerast om leiglendingane hadde begått ulovleg skogshogst, latt garden forfalle eller om det var forsømmingar mot lovene eller bygselbrevet. Drift av garden som var i strid med lov eller bygselbrevet, var grunnlag for søksmål. Eit sentralt skilje mellom gardsdrifta på Rosendal-godset og dei som ikkje var ein del av godset, var at bebruarane på Rosendal-godset som ikkje hadde tilgang til skog på sine eigne gardar kunne hente ut tømmer frå Baroniet sine skogar (Statsarkivet i Bergen: Rosendalsarkivet, § 5). Det var fire hovudskogar under Baroniet: Enes, Gravdal, Østfjord og Boksnes (Statsarkivet i Bergen: Rosendalsarkivet, § 6). Førekomst av skog var dermed viktig på Rosendal-godset, og samanlikna med andre jordegods i Noreg var hogstretten større på Rosendal (Sunde, 1996, s. 58). Ved utløyasing og sal av gardane på Rosendal-godset på 1900-talet (sjå nærare om dette i kapittel 2.6.1) har forvaltar Holm (1980, s. 9) blant anna uttalt at han trur det låg spekulasjonar knytt til uttak av tømmer til grunn for dei som ikkje ville kjøpe gardane sine. Det var attraktivt å få gratis tømmer til å byggje opp hus medan dei enno fekk dette tømmeret vederlagsfritt.

Rosendal-godset har gjennom tidene vert sett på som ei viktig økonomisk drivkraft og ein kunnskapsinstitusjon. Kapitalen til godset har blitt investert i, som til dømes gjennom «... skogsdrift, sagbruk, østersoppdrett, avl på husdyr og foredling av frukttrær» (Sunde, 2015, s. 122). Sunde (2015, s. 91) viser til at ein gjerne tenkjer at eit gods berre ligg der som ein eigedom og kastar av seg. Derimot viser han til at det på Vestlandet var små marginar på jordegodsdrift og at ein dermed måtte følgje nøye med og drive godset aktivt for å skape lønnsemd. Axel Rosenkrantz oppnådde blant anna økonomisk suksess som baron. Han var i ettertid kjend for å vere ein streng godseigar, men samstundes gav han leiglendingane høve til å vere på etterskot med å betale landskylda si. Han var derimot streng på at naturressursane som låg til gardane, men som hørte til Rosendal, ikkje skulle nyttast. Grunnlaget for den økonomiske suksessen låg i at han var på staden og hadde overoppsyn med drifta i stort og smått, og dermed visste kva ressursar som kunne utnyttast og korleis (Sunde, 2015, s. 68-69). Ved opprettinga av Baroniet såg ein også at Ludvig Rosenkrantz var svært interessert i gardar med skog, fossar til å drive sag, gode hamner og gjestgjevarstander (Sunde, 2015, s. 20).

2.6 SAMFUNNSUTVIKLINGA PÅ 1800-TALET; GRUNNLOV OG ADELSLOV I TAKT MED OPPOSISJONEN MOT STANDSAMFUNNET


Utover 1800-talet ser ein ei kraftig opptrapping i opposisjonen mot standsamfunnet. Likskapsomsynet som vaks fram på 1700-talet gjer seg stadig meir gjeldande. Dette var med å auke motstanden mot adelen og ulikskapen denne standen bar med seg. Grunnlova av 1814 bar preg av dette (Kvestad, 2021), og i dåtida sin § 108 (no § 118) vart det nedfelt at det ikkje kan «skipast grevskap, Baroni, stamhus eller fideikommiss» (Grunnloven, 1814, § 118). Fleire av menn på Eidsvoll var av adeleg stand sjølv, men trass i dette vart § 108 vedteke, då det var fleire som meinte at eit privilegert norsk adelskap ville stride med ideane som Grunnlova tufta på (Sunde, 1996, s. 39). Grunnlova §§ 108 og 23 er ifølgje Kvestad (2021) ikkje eit forbod mot adelskap i seg sjølv, men eit forbod mot nyskiping av majorat. Grunnlova § 108, saman med Grunnlova § 23, kan difor bli sett på som eit effektivt hinder mot at det på statleg initiativ vart danna yttelegare skilnadar mellom Noreg sine innbyggjarar. § 23 omhandla forbod mot framtidige «Forrettigheder» til somme framføre andre (Kvestad, 2021).

Sjølv forbodet mot adelskapet kjem få år etter Grunnlova, i 1821 med *Lov, angaaende Modificationer og nærmere Bestemmelser af den Norske Adels Rettigheder*, også kalla adelslova. Lova kom som ein konsekvens av forbodet mot lova si tilbakeverkande kraft jf. Grunnlova § 97 (1814-versjonen). Adelslova tok utgangspunkt i at einskilde rettar vart oppheva

i og med Grunnlova (Sunde, 1996, s. 39). Adelslova bestod av sju paragrafar, som fekk store verknadar for den norske adelen. Adelslova § 6 hindra videreføring av adelege titlar. Dei som var født i 1821 vart rekna som adelege ut si levetid, men dei som vart født etter dette året fekk ikkje titulere seg som adeleg i Noreg. Dette førte til at det oppstod tilfeller der familiar hadde medlem som vart sett på som adelege, medan andre ikkje var det, då dei var født etter lovfestninga (Kvestad, 2021).

Rosendal-godset stod fortsatt ved lag, og baron Christian Hendrich Hoff-Rosencrone (svigerson av Marcus Gerhard Londemann de Rosencrone) hadde ut si levetid skattefritak for delar av inntektene frå godset. Baronen rakk å få sitt adelskap og sine adelege rettar stadfesta av Stortinget i 1824. Han fekk også stadfesta kona og døtrene sin rett til å bera tittelen baronesse. For sønene Marcus Gerhard og Herman Reinhold hindra adelslova dei frå å kunne bera adelstittel og nyte adelege privilegier. Dette fordi dei vart født i 1823 og 1829 (Sunde, 1996, s. 42). Når det kom til innverknaden adelslova hadde på Rosendal-godset meiner Sunde (1996, 42) at denne ikkje var så merkbar.

Det at godset i 1779 vart gjort til eit titulært Baroni, og at stamhusbestittaren kunne omtalast med tittelen baron, skapte forvirring rundt kven som var rette arving, då det Det juridiske kollegium i 1838 skulle løyse dette spørsmålet. Forvirringa kan blant anna forankrast i innføringa av adelslova, og om Rosendal skulle reknast å vere eit len eller ikkje. Hadde ein rekna det for å vere eit len, eller eit ekte baroni som det var fram til 1723, ville godset tilfalt staten, då det ikkje fanst mannlege adelege arvingar (Sunde, 1996, s. 43). Dersom det vart rekna som eit Stamhus ville Marcus Gerhard Hoff Rosenkrone vere riktig arving (borneborn av Marcus Gerhard Londemann de Rosenkrone). Fleirtalet i Fakultetskollegiet kom til at løyve frå kongen kring det titulære baroniet ikkje hadde endra godset sin karakter frå å vere eit alminneleg Stamhus. Dette innebar at sjølv om adelskap tidlegare hadde vore ein betingelse for arverett til Rosendal, måtte det no vere annleis på grunn av adelslova (Tennfjord, 1944, s. 127). Lova ville, ifølgje Tennfjord (1944, s. 127), ført til drastiske inngrep i rettigheiter den ikkje var meint å røre.



Figur 14: *Marcus Gerhard Hoff Rosenkrone. Ukjent fotograf.*

Vurderinga til Det juridiske kollegium enda med at Stamhusreglane skulle leggjast til grunn, og at Marcus Gerhard Hoff Rosenkrone var rette arving. I den samanheng vart det uttalt frå Fakultetskollegiet at “netop med Hensyn hertil kan altsaa heller ikke Loven om Adelen af 1ste August 1821 antages at have allerringeste indflytelse på Successionen til Rosendahl» (gjengitt i Sunde, 1996, s. 43).

2.6.1 BIRKEDØMET VERT OPPLØYST OG STAMHUSET BLIR UNIVERSITETSEIGE I 1927

Adelslova førte med seg ein slutt for dei tidlegare birkerettsjuridiksjonane, jf. Adelslova § 1. Birkeretten knytt til Baroniet i Rosendal heldt fram til midten av 1800-talet (Kvestad, 2021), og på 1840-talet sa Marcus Gerhard frå seg jurisdiksjonen og dei administrative oppgåvene som følgde med jordegodset som privilegium og plikt frå 1678. Det som tidlegare hadde samla strøgodset under ein felles domstol og knytt leiglendingane i dei ulike bygdene saman, var no historie. Ved kongeleg resolusjon i 1844 vart det vedtatt at staten skulle ta over fogdemyndigheita på Rosendal-godset. Det var no ein kongeleg embetsmann som krevde inn skattane, og staten stod for lønninga av lensmennene på Rosendal-godset. Leiglendingane tilhøyde no dei sorenskrivarembeta dei geografisk høyrde inn under. Samstundes var det ikkje før i 1853 at Rosendal opphøyrt som ei eiga administrativ eining. Fram til då hadde Baroniet si utstrekning og samansetjing vore tilnærma uendra sidan 1678 (Sunde, 1996, s. 53).

8. mars 1879 kom det, etter oppfordring frå Stortinget, ein kongeleg resolusjon som bestemte at det skulle setjast ned ein kommisjon som skulle sjå nærare på leiglendingsvesenet sin lovgjevnad. Dei tidlegare reglane knytt til leiglendingane fekk ifølgje Sunde (196, s. 54) aldri skikkeleg innpass, og det var bygselavtala som i stor grad avgjorde kva rettar og plikter den einskilde leiglending hadde. Dette kunne føre til at leiglendingane ofte vart satt i ugunstige posisjonar av jordeigar. I innstillinga kommisjonen kom med i 1883 la dei fram eit lovforslag til «Lov om jordleie» og ei lov som regulerte særskilt bunde jordegods som ikkje kunne disponerast over ved sal, og som stod i vegen for ei naturleg oppløysing av leiglendingsvesenet i Noreg. For Rosendal sin del var det Edvard Londemann de Rosencrone sitt brev om at «Stamhuset ingenlunde maa bortsælges enten ganske eller til dels», som sat ein stoppar for denne oppløysinga (Sunde, 1996, s. 54). Samstundes såg kommisjonen at fleire av leiglendingane ynskja å eige jorda, og at dei hadde same «økonomiske Stilling sammenlignet med Sleveiars på tilsvarende brug». I 1888 vedtok stortinget *Lov om Leilendingsgods tilhørende Stamhus* (Leiglendingslova), og det vart samstundes vedtatt at det bunde leiglendingsgods (det kontribuerande gods og det privilegerte bondegods) som låg under Rosendal-godset kunne seljast ut (Sunde, 1996, s. 59-61). Dette framgår av leiglendingslova § 1: «Stamhusbesidder skal være berettiget til, uden forudgaaende Bevilling og uden Hensyn til derimod stridende Bestemmelser i vedkommende Stiftelsesbrev eller Oprettelsesdokument, at afhænde Stamhusets Leilændingsgods i enkelte Gaardbruk eller i mindre Parceller».

Då Marcus Gerhard døydde i 1896 tok bror hans, Herman Reinhold over Rosendal-godset. Han gjekk bort berre fire år seinare og då tok systera hans Edvardine Reinholdine (gift Weis) over. Ho var født året før adelslova kom og hadde difor løyve til å bere tittelen baronesse. Ho var den siste adelege godsbesittaren i Noreg og sat med Rosendal-godset frå 1900-1901 (Sunde, 1996, s. 44-45). Hans Christian Weis Hoff Rosenkrone, sonen til Edvardine, var ved Edvardine sin død den arveberettiga. Under hans styre skjedde ei omvelting i Rosendal-godset sin administrasjon, og med leiglendingskommisjonen si lovending i 1888 var det no salet av den tidlegare Baronijorda byrja å ta seg opp.

Frå 1910 hadde, som tidlegare nemnt, alle sokna kjøpt til seg sine egne kyrkjer. Dette førte til at Stamhuset vart fritatt vedlikehaldet (og dermed også kostnadane) av desse. Edward Weis tok over godset i 1916, og utstykinga av godset haldt fram (Hopstock og Madsen, 2002, s. 75-80). Som Tennfjord (1944, s. 162) påpeiker var samfunnsforholda no endra, og det patriarkalske livet på godset var ikkje lenger ein realitet. Ved Edvard Weis sin død, som barnlaus, i 1927 gjekk Stamhuset over til syster hans, i samsvar med dei gjeldande reglane for

Stamhuset. Clara Gædeken vart ny eigar, men med ho starta også arbeidet for at Stamhuset skulle gå over til Universitetet i Oslo. Dette var i tråd med Edvard Londemann sin ereksjonspatent. 4. Juli 1927 vart Stamhuset gjort til fri eigedom ved eiga lov, *Lov om Stamhuset Rosendal og om forandring i arverettsreglene for Stamhuset Jarlsberg* (Stamhusloven). I lova sin § 1 kjem det fram at, «De til Stamhuset Rosendal hørende besiddelser skal den tid Kongen bestemmer gå over til å være vedkommende besidders frie eigedom». Leiglendingslova frå 1888 fekk også verknad for «gods, som er blitt fri eiendom i medhold av denne lov» (Stamhusloven § 3). Stamhuslova gjorde det mogeleg for Clara Gædeken å opprette eit gåvubrev 9. juli same år der ho skjenka heile eigedomen med lausøyre og verdepapir til Det kongelige Frederiks Universitet i Oslo, som vart oppretta i 1811 (Hopstock og Madsen, 2002, s. 75-80). Universitetet tok imot gåva og oppretta «Den Weis Rosenkronske stiftelse».

2.6.2 MATRIKELSYSTEMET PÅ 1800- OG 1900- TALET

I 1818 vart det tatt opp arbeidet med å utarbeide ein heilt ny matrikkel. Ein hovudmatrikuleringskommisjon vart nedsett, og seinare vart det oppretta distriktsmatrikuleringskommisjonar for kvart futedøme (Nedrebø, 2017, s. 414). Dette arbeidet var avslutta i 1838. Arbeidet vart gjennomført ved at ein normalgard vart valt i kvart tinglag, der garden fekk eit samanlikningstal, og alle gardane i tinglaget fekk tal i forhold til dette. Resultatet fekk kritikk då det var store skjeivheiter mellom landsdelane. Samstundes var 1838-matrikkelen den første matrikkelen som anga skylda i mynteining. Her opererte ein med skylddalar, ort og skilling, kor samhøve var følgande: 1 skylddalar = 5 ort = 120 skilling. Skylddalararen vart ikkje fastsatt som ordinær mynteining, men vart seinare erstatta av skyldmarken (Matrikkel, 2020).

Hus- Nr.	Gård- Nr.	Det nye Matrikal-Nummers		Ethvert Tabenummer					Sum.			
		Navn.	Tab- numm.	Navn.	Opf.ber.	Samt Ethd.	Ethd. bet.	Ort.	Ethd. bet.	Ort.		
Sør (Bist) Sogn.												
1	11	Hovet	1	Hovet	Gjerdh Samuelsen	1	6	3	3	6		
			2	De	Loris Samuelsen	1	6	3	3	6	7	12
2	9	Kring	3	Kring	Gjerdh Samuelsen	1	9	3	4	20		
			4	De	Knut Olsen	1	9	3	1		6	20
3	10	Hustveit (Hustveit)	5	Hustveit	Cla Wenden	2	4	2	1	10		
			6	De	Hovt Hansen	1	6	2	3	17		
			7	De	Peter Petersen	1	6	2	2	14		
			8	De	Jørgen Olsen	1	8	3	3	6	11	23
4	8	Berge nedre	9	Berge nedre	Peter Leifsen	1	16	1	1	21		
			10	De	Peter Olsen	1	16	1	1	21		
			11	De	Gjerdh Olsen	1	9	2	3	3	5	21
5	6	Dale lille	12	Dale lille	Knut Nielsen	2	6	2	3	17		
			13	De	Knut Hansen	2	6	2	3	3	5	20
6	7	Rosdalsveit	14	Rosdalsveit	Gjerdh Samuelsen	1	12	3	3	6	3	6
7	5	Dale store	15a	Dale store	Jens Christian Olsen	1	16	1	3	23		
			15b	De	Benjamin Samuelsen	2	9	2	2	13		
			15c	De	Cla Olsen	2	16	2	3	14	5	2
8	1	Hovet	16	Hovet	Knut Samuelsen	2	2	2	3	12		
			17	De	Peter Knud Olsen	2	2	2	3	17	5	10

Figur 15: Utklipp frå 1838-matrikkelen

Etter mykje kritikk retta mot 1838-matrikkelen kom det ny lov om revisjon allereie i 1863. Trass i varierende kvalitet i ulike herad, vart det samla inn det Nedrebø (2017, s. 414) omtalar som eit godt og grundig materiale. Heradskommisjonen starta arbeidet med revisjonen og når dei var ferdig med sitt arbeid var det fogderikommisjonane sin tur. Dei skulle finne fram til normalgardar, og jamne ut skilnadane mellom dei ulike herada. Etter at amtkommisjonen og hovudskylddelingskommisjonen hadde gjort sitt arbeid, med å finne fram til gardar som kunne stå som standardar mellom gardar, herad og amt i heile landet, vart fordelinga endeleg vedtatt i 1886. Mellom 1887 og 1892 kom dei trykte utgåvene av matrikkelen ut (Nedrebø, 2017, s. 414-416). Ved overgangen til den nye matrikkelen gjekk ein også frå å ha ei samla skyld på 240 000 skylddaler til ei skyld på 500 000 skyldmark (*Tillæg til Lesebogen for "Folkeskolen og Folkehjemmet*, 1864, s. 140-141). Matrikkelen frå 1905 (utgjeve i 1907) opererer også med mynteiningane mark og øre (Finans- og Tolldepartementet, 1907).

		Kvinnherred herred				19			
		Kvinnherred prestegjeld, tinglag og lensmandsdistrikt, Søndhordland sorenskriveri, Søndre Bergenhus amt.							
Gaards-no.	Bruge-no.	Gaardens navn.	Brugets navn.	Eierens eller brukerens navn.		Matrikel-skyld.		Anmerkn.	Postaustalt.
				Mark.	Øre.	Mark.	Øre.		
Ølve sogn.									
1	1	Haavik	Haavik	Samson Hansen d. y.	5	43			Vikene i Søndhordland.
	2		Haavik	Samson Hansen d. æ.	5	43			
2	1	Terøen	Terøen	Ole Andreas Olsen .	1	86			
3	1	Løning	Løning	Kristoffer Søbjørnsen	4	78	Ogsaa skr.	—	
	2		Løning	H. Haktorsen Nerhus	3	78	Lønning.	—	
	3		Solvik	Engel Isaksen	„	75		—	
4	1	Lustveit	Lustveit	Ole Monsen	2	91	Ogsaa skr.	—	
	2		Lustveit	Helge Andersen	3	71	Ljustveit.	—	
	3		Lustveit	Peder Jakobsen	4	00	Ljustveit.	—	
	4		Lustveit	H. Andersen Hovland	5	46	tdt. Lass-	—	
	5		Støle	Mons Jensen	„	30	veit.	—	
5	1	Presthus	Presthus	Hans Ingemarsen	4	78		Ølve.	
	2		Presthus	Torleiv Johnsen	„	50		—	
	3		Presthus	John Johannessen	4	01		—	
	4		Træet	do.	„	32		—	

Figur 16: Utklipp frå 1905-matrikkelen

Frå panteregister til grunnbok

For å halde betre oversikt over kven som var heimelhavar til einskilde eigedomar og kva heftelsar som låg til dei kom det 7. februar 1738 ei forordning om pantebøker der det vart gjeve pålegg til alle sorenskriverarar om å ordne eit kronologisk register over dei tinglyste dokumenta. Dokumenta dette inkluderte var blant anna skøyter, pantobligasjonar, utskiftningar, delingsforretningar og andre dokument og kontrakter som hadde relevans til eigedomen. Ordninga fekk ikkje skikkelege retningslinjer før byringa av 1800-talet (Pantebok, 2020)).

2.7 ROSENDAL SI ROLLE I DAG



Figur 19: Baroniet i Rosendal i dag. Foto: Ranveig M. Nesse.

Det tidlegare Baroniet Rosendal har gjennom si levetid hatt ei sentral rolle i det norske kulturlivet. Som Sunde (2015, s. 120) beskriv det så var «Rosendal kulturelt eit Europa i miniatyr: Ein inngangsport for kulturimpulsar og europeisk åndsliv». Baroniet i Rosendal er den dag i dag ein kulturinstitusjon og ein samlarstad for kunstnarar. Her vert det halde konsertar, utstillingar og sett opp teaterstykke. Rosendal er framleis ei viktig økonomisk drivkraft, men no som museumsverksemd og kunnskapsinstitusjon, og ikkje lenger som jordegods. Det er ei viktig bedrift for lokalmiljøet både som arbeids- og oppdragsgjevar (Sunde, 2015, s. 118). Som det kjem fram i årsmeldinga for Baroniet frå 2020 (Baroniet Rosendal/Den Weis-Rosenkronske Stiftelse, 2020) er Baroniet Rosendal i dag eit samleomgrep for dei delane som er igjen av det opphavelige bygnings- og kulturmiljøet som høyrde inn under godset. Dette er då slottet frå 1665, Rosendal Have, Rosendal Avlsgård, Fruehuset, Husmannsplassen Treo, Omshagen og Hattebergdalen, samt nokre bygseltomter, skog og utmark. Då godset vart gjeve i gåve til Universitetet i Oslo i 1927 vart Den Weis-Rosenkronske stiftelse oppretta som forvaltningsansvarleg.

3 FRAMGANGSMÅTE OG METODISKE VAL

I dette kapittelet er føremålet å beskrive framgangsmåten og dei metodiske vala som er gjennomført i forskingsprosessen. Dei metodiske vurderingane og vala vi har tatt vil bli lagt fram innleiingsvis. Vurderingar vi har gjort i høve datainnsamling og presentasjon av data vil også bli vektlagt. Erfaringar knytt til prosessen, samt utfordringar vi har støtt på undervegs vil bli presentert gjennomgåande. Avslutningsvis vil vi vurdere reliabiliteten og validiteten i høve datamaterialet og innsamlingsprosessen.

3.1 KVANTITATIV OG KVALITATIV TILNÆRMING

For å svare på hovudproblemstillinga: korleis eigedomstilhøva var under Rosendal-godset, er vi avhengig av ulike data, og ulik presentasjon av dataa. Når det kjem til valet mellom ei kvantitativ eller kvalitativ tilnærming er det i følgje Grønmo (2012, s. 75) ikkje slik at den eine tilnærminga er betre enn den andre, ut frå ein vitenskapleg ståstad. Det er i hovudsak problemstillinga som avgjer kva tilnærming som er mest fruktbar. Vi ynskjer å svare på problemstillingane våre både ved hjelp av statistiske framstillingar, men også fyldig og forklarande informasjon basert på dei innhenta dataa. Her vil difor ei metodetriangulering, med ein kombinasjon av kvalitativ og kvantitativ tilnærming vere nyttig. Ut frå det Grønmo (2012, s. 73) hevdar er det ikkje nødvendig å kalle det ei triangulering, då han meiner dei to metodetilnærmingane ikkje lenger er så ulike som ein har hevda tidlegare. Samstundes karakteriserast den kvantitative tilnærminga som data som uttrykkjast gjennom tal eller andre mengdetermar. Dei dataa som ikkje kan leggjast inn i denne kategorien vil då vere kvalitative (Grønmo, 2012, s.73).

3.2 KVANTITATIV OG KVALITATIV DOKUMENTANALYSE

Sidan materialet oppgåva byggjer på i stor grad er basert på informasjon henta frå gamle historiske dokument som panteregister, matriklar og gamle grunnboksblad, har vi kome til at ei dokumentanalyse er dekkjande metode for å hente inn dei dataa vi treng, og analysere dei. I samfunnsvitenskapen er dokumentanalyse, ifølgje Lynggaard (2012, s. 153) truleg den mest brukte metoden. Dette då det er vanskeleg å framstille empiriske undersøkingar utan dokument. Ei dokumentanalyse kan blant anna vere med å avdekke utvikling knytt til ei viss tidsperiode, som fører til at ein kan identifisere stabilitet og forandring innanfor eit gitt undersøkingsområde (Lynggaard, 2012, s. 153). Det ein reknar for å vere eit dokument er ifølgje Lynggaard (2012, s. 154) sin generelle formulering, «språk som er fiksert i tekst og tid». Lynggard rettar spesielt fokus mot utvikling, då tid er ein faktor i den generelle formuleringa for kva eit dokument er.

Utvikling vil altså skje, sjølv om eit dokument er fiksert i tid. Dette tyder at ein som forskar ikkje må påverke innhaldet i desse dokumenta, og ha i minne den konteksten og hensikta dokumenta har.

Ei kvalitativ dokumentanalyse vil ifølgje Grønmo (2012, s. 79) basere seg på innsamling av tekst, der ein ynskjer nærare innblikk i argument, standpunkt, haldningar og verdiar som står sentralt for forskingsobjektet. Ei kvalitativ dokumentanalyse vil vere nyttig i dei tilfella det er nødvendig med ei forklaring på dei kvantitative dataa. Som til dømes kvifor gjennomsnittsverdien var høgare for Rosendal-godset, samanlikna med resten av Kvinnherad skipreide når det låg fleire eigedomar til Kvinnherad. Forklaringa vil då gjerne ligge i primær- eller sekundærkjeldene som vil bli sett nærare på kva er i det vidare. Den kvantitative dokumentanalysen inneber systematisering av delar av innhaldet i ulike tekstar som er relevant for gitte forskingsspørsmål (Grønmo, 2012, s. 80). I vårt høve vil teksten som systematiserast her først og fremst vere årstal og gardsnamn, som strukturerast i tabellar. Ut frå det Grønmo (2012, s. 81-82) presenterer vil undersøkingsopplegget vårt i mange høve helle mot det kvantitative, men då denne tilnærminga ofte er basert på eit fastlagt opplegg utan mykje fleksibilitet vil det ved mange høve vere fornuftig å kombinere denne med ei kvalitativ tilnærming.

3.3 DOKUMENTANALYSEN

«Snøballmetoden» er ifølgje Lynggaard (2012, s. 158) ein metode for generering av dokument. Her er framgangsmåten at ein følgjer innbyrdes referansar mellom dokument. Her byrja ein med å peike ut enkelte «moderdokument» som dekkjer ein viss tidshorisont av interesse. Vidare fører referansane frå moderdokumentet til at ein kjem til andre dokument (Lynggaard, 2012, s. 158). I vårt tilfelle vil dei originale dokumenta, som panteregistera og matriklane vere moderdokumenta vi vil gå ut frå, der vi kan legitimere opplysningar vi finn andre stader, som i blant anna bygdebøker. Matriklane er ei fin kjelde som kan gi ein indikator på kva tid eigedomane har vorte sjølveige, og med dei som moderdokument vil ein kunne sjekke desse opplysningane i bygdebøkene.

For å svare på hovudproblemstillinga er det i hovudsak tre typar realregister som vil bli nytta. Den første typen er panteregister. *Panteregister* er eit kronologisk register over tinglyste dokument (Nedrebø, 2017, s. 418). Her finn ein opplysningar om kva tid eigedomen gjekk frå å vere leiglendingsbruk til å bli sjølveige innafor ei viss tidsavgrensing. Gjennom denne kjelda

vil vi kunne svare på kva tid innløyisinga gjekk føre seg og korleis eigedomstilhøva var, og dette vil difor vere ei viktig kjelde når det kjem til å svare på hovudproblemstillinga vår, samt underproblemstilling 1. I visse tilfelle vil ein måtte nytte gamal grunnbok, dersom eigedomen er løyst inn seinare enn kva som går utover den tidsavgrensinga panterregistra dekkjer.

Den andre typen dokument er matriklane. Omgrepet *matrikkel* blir gjerne nytta om offentleg register over grunneigedom (Matrikkel, 2020). Det er først og fremst matriklane frå årstala 1647, 1723, 1838 og 1905 som vil bli sett nærare på. Undersøkinga av desse dokumenta har som føremål å klargjere eigartilhøva, kva godseining innanfor Rosendal-godset dei einskilde eigedomane høyrde under og kva landskyld dei ulike eigedomane var registrert med. Eksaminasjonsprotokollen frå 1723 inneheld eit større utval med opplysningar. Frå denne har vi difor også samla inn informasjon kring drifta på eigedomane som låg til Kvinnherad skipreide.

Bygdebøker har vi også nytta aktivt, og har dermed hatt innverknad på analysen. Trass i at dette er ei sekundærkjelde er dette ei rask og oversiktleg kjelde til opplysningar kring eigartilhøve. Bygdebøkene er spesielt nytta som kjelde til dei eigedomane som går ut frå Rosendal-godset ut før 1800-talet. Dette med bakgrunn i at denne informasjonen ikkje ligg i panterregisteret då registreringa ikkje startar før ut på 1800-talet, og at primærdokumenta frå denne tidsperioden ofte er svært utfordrande å tolke.

I tillegg til opplysningar frå nemnte dokument vil det også førekome opplysningar henta frå oppebørselsbøker⁶ for Rosendal-godset, i dei tilfella dette har vore nødvendig.

3.4 DATAINNSAMLING

Datagrunnlaget til oppgåva har som hensikt å gje svar på problemstillingane, og danne eit grunnlag for å presentere dei einskilde eigedomane i ein kartillustrasjon.

Arbeidet byrja med å samle inn informasjon kring eigedomstilhøva. Her var hovudfokuset å kartleggje kva eigedomar som låg til Rosendal-godset, kva årstal eigedomen vart sjølveige, og kva matrikelnummer eigedomane har i dag.

⁶ Oppebørselsbok er eit register kor ein registrerte skattar og avgifter (Oppebørsel, 2012)

For å framstille materialet på best mogleg måte, valde vi å strukturere informasjonen i ulike tabellar, ut frå kva godseining dei ulike eigedomane høyrde under. Vi utarbeida ulike tabellar for dei einiskilde godseiningane (vedlegg 1-4).

Gard	KMNR	GNR	BNR	FNR	Tatt inn	Utskilt, dato/salgsdato	Kommentarer
Hauge	4617	236	1		1678	1902	Solgt til bønder i 1685, kom under Baroniet i 1749 igjen.
	4617	236	6		1678	1902	utskilt 1908
	4617	236	7		1678	1902	Utskilt 1908
	4617	236	11		1678	1902	Utskilt 1924
	4617	236	12		1678	1902	Utskilt 1925
	4617	236	18		1678	1902	Utskilt 1948
	4617	236	19		1678	1902	Utskilt 1948

Tabell 1: *Korleis vi har strukturert dataa i tabellane*

Som tabellen ovanfor (Tabell 1) viser er tabellen delt inn i kategoriane gardsnamn, kommunenummer (kmnr.), gardsnummer (gnr.), bruksnummer (bnr.) og festenummer (fnr.), kva tid bruket kom under Rosendal-godset og kva tid det vart løyst ut. For å finne denne informasjonen nytta vi kjeldene som vart nemnt i kapittel 3.3.

Godseiningane hadde eit innløysingsmønster som varierte veldig, som førte til varierende kjeldegrunnlag. For allodialgodset, som vart løyst ut nokre hundre år før dei resterande godseiningane, brukte vi i stor grad bygdebøkene, då desse strekk seg over eit større tidsperspektiv samanlikna med matriklane og panteregistera. For det kontribuerande gods, det privilegerte bondegods og det benefiserte gods vart panteregistera og grunnboka nytta aktivt.

Den andre delen av datainnsamlinga dreia seg spesifikt om gardane som låg i Kvinnherad skipreide. Her nytta vi eksaminasjonsprotokollen til 1723-matrikkelen for å hente ut informasjon om drifta til dei ulike eigedomane innanfor denne avgrensinga. Alt som ikkje høyrde under Rosendal-godset, men låg til Kvinnherad skipreide i 1723, vart kategorisert under gruppa for Kvinnherad. Det vart ikkje tatt omsyn til eigartilhøva i denne gruppa. Eksaminasjonsprotokollen har også vore kjelde til opplysningar om landskyld, som eit bilete på verdien på dei ulike eigedomane. Landskylda har vi også henta frå 1647-, 1838-, og 1905-matriklane. Dette for å kunne samanlikne landskylda og sjå om det var skilnadar ut frå om garden låg under Rosendal-godset eller ikkje. Dette er også grunnen til at desse er trekt spesifikt fram i teorikapittelet.

Landskylda er oppgjeve i ulike einingar ut frå kva matrikkel som vert nytta. 1647- og 1723-matriklane operera med skyld i vareslag, mens 1838- og 1905- matriklane operera med mynteining. For å klare å samanlikne dei ulike verdiane vart det føretatt ei konvertering, der verdiane frå 1647 og 1723 vert konvertert til smørskyld, medan verdiane frå 1838 og 1905 vart konvertert til skyldmark og øre.

Når det kjem til datagrunnlaget for underproblemstilling 1, består dette av 185 gardsnummer som låg under Rosendal-godset i perioden 1678-1927. Datagrunnlaget knytt til underproblemstilling 2 består av 104 gardsnummer, der 41 av gardane ikkje reknast å vere del av Rosendal-godset, men Kvinnherad. Under behandlinga av landskylda vert det som nemnt tatt utgangspunkt i fleire matriklar enn berre 1723 eksaminasjonsprotokollen. Dette gjer at talet på gardar knytt til Rosendal-godset og resterande deler av Kvinnherad vil variere. Eigedomsmassen som heilheit er lik, men einstilte gardar vil i nokre tilfelle flytte seg frå å ligge til Rosendal-godset, over til Kvinnherad då gardane vert sjølveige i løpet av perioden 1647 til 1905.

Presentasjon av data:

Ved presentasjon av datamaterialet har vi gjennomgåande hatt som hovudfokus å beskrive, systematisere og kategorisere. Då vi arbeida med fleire hundre eigedomar er det særst viktig at vi klarer å framstille datamaterialet på ein systematisk og logisk måte, slik at både vi og lesaren klarer å ha oversikt over kva som blir presentert. For å svare på problemstillingane utarbeida vi ulike grunnlag for analysar i form av tabellar (vedlegg 1-7) der vi koda ulike tema. Denne kodinga basera seg på ei systematisering som gjer det enkelt å finne informasjon knytt til dei ulike godsa, og til kvar enkelt gard. Desse vart vidare komprimert slik at vi kunne leggje det fram på ein systematisk og oversiktleig måte. Årstala for innløysinga er også blitt systematisert der ein byrja med garden som fyrst vert løyst inn, og vidare følgjer utviklinga fram til den siste garden i utvalet vårt går ut av godssamlinga.

I dei tilfella heile garden ligg til Rosendal-godset, eller det ikkje er funne opplysningar om det berre var delar av garden, altså eit utval matrikkelnummer som låg under Rosendal-godset, tek vi utgangspunkt i heile garden. I dei tilfella det berre er delar av garden som har vore under godset vil desse bruksnummera bli opplyst. Døme på dette går fram av tabellen under:


Store Åmvik	4617	98/3,4	1933
Nedre Lunde	4616	117	1750

Her veit vi at det berre er bruksnummer 3 og 4 på Store Åmvik som låg til Rosendal-godset, ut frå opplysningar som ligg i panteregisteret (Sunnhordland, L0008: Panteregister nr. II.A.e.8, 1921-1954, s. 217-218). Nedre Lunde veit vi at heile garden skal reknast med, då det i bygdeboka står at «Ludvig Rosenkrantz kjøpte heile garden i 1660» (Drange, 1989, s. 607). Samstundes er det ein periode på rundt fem til ti år at garden ikkje ligg til godset, men dette er det ikkje teke omsyn til ved framstilling i tabellane. Det vart likevel nemnt i teorikapittelet og vil også bli nemnt under analysen at dette var tilfellet på einiske gardar som ligg til utvalet vårt.

I tillegg til å presentere eigedomane i tabellar har vi brukt programvara ArcGIS Pro til å framstille dataa våre i kart. På denne måten vil ein også få eit visuelt bilete av godset si utstrekning.

Utfordringar med datainnsamling og presentasjon av data

Rosendal-godset bestod som nemnt av fire godseiningar, og ein ser tilfeller der ein eigedom gjerne hørde til fleire einingar. Dette har gjort det utfordrande å vite korleis eigedomane skal



Figur 20: Eksaminasjonsprotokollen frå 1723, garden Hesvik

behandlast, då eigartilhøva ofte er innvikla. Eit døme som skildrar dette er garden Hesvik (4618-345). Ifølgje eksaminasjonsprotokollen frå 1723 (nummer 58, s. 192) ligg denne garden til både det kontribuerande gods og det benefiserte gods. Skulle ein tatt omsyn til eigar- og bygseltilhøve ville ein måtte ta utgangspunkt i eigar- og bygselandel då begge godseiningane eig og bygslar i garden (Figur 20). Vi kom difor fram til at det mest føremålstenelege vil vere å framstille eigedomane i dei godseiningane dei hørde under, uavhengig av korleis eigar- og bygseltilhøva var. Dette gjeld alle godseiningane utanom den benefiserte. Her valde vi å ta omsyn til bygseltilhøva nettopp for å skildre kor innvikla nokre av eigedomane kunne vere. Her skal det også nemnast at denne godseininga hadde ein annan eigarstruktur enn det ein såg på det kontribuerande gods, privilegerte bondegods og allodialgodset. Dette grunngeve med at kyrkja og prestebolet var eigarar. Ved å framstille bygseltilhøva vil ein også kunne skildre at tilknytninga ikkje alltid var like sterk trass i at ein hadde eigarskap til garden.

Konverteringa for verdiane knytt til landskylda førte med seg utfordringar når det kom til presentasjonen av dei. Då verdiane mellom 1723-matrikkelen og 1838-matrikkelen ikkje er same eining, er ikkje tala mogelege å samanlikne. Måten vi løyste dette på var å bruke kakediagram som gjorde at ein kunne syne forholdsmessigheita mellom dei visuelt

Terminologi vart også ei utfordring ved både innsamling av data, men også presentasjonen av dei. Dette då Rosendal-godset blir omtalt både som baroni, titulært baroni, stamhus og jordegods. Dette avhenger av kva tidsperiode ein ser på, men fører til at oppgåva vil variere ordbruken.

3.5 ANALYSE

Vi har valt å framstille funn og analyse i same kapittel, for å sjå om funna våre stemmer overeins med det teoretiske grunnlaget, og at lesaren kan få svar på resultata av analysa så fort han/ho har sett funna. Det er også føremålsteneleg då vi har store mengder data, og det kan fort verte uoversikteleg dersom analysen skulle kome på eit seinare tidspunkt.

Som nemnt blir dataa strukturert kronologisk i tabellar, som gjer til at ein fort oppdagar eigedomar som skil seg ut, og trendar ein kan fange opp. Gjennom det teoretiske grunnlaget får ein ei forklaring på dei ulike funna. Excel har vore eit nyttig, og mykje brukt verktøy då det har vorte nytta i ulike utrekningar, og ved framstilling av grafiske og statistiske figurar.

Dokumenta nemnt i kapittel 3.3 vert nytta i analyseprosessen. Det vil bli vist til blant anna 1723-matrikkelen og panteregistra når det blir sett nærare på einskilde eigedomar. Det ville blitt for omfattande om det teoretiske grunnlaget også skulle vere basert på informasjon kring einskilde eigedomar. Denne informasjonen vil difor kome fram under analysa i dei tilfella det er nødvendig med meir utfyllande informasjon om ulike tilhøve på eigedomane.

Utfordringar med analyseprosessen

Vi har eit særstort datamateriale, som i stor grad heng saman i alle dei ulike analysane vi har foretatt oss. At det var tilfelle der fleire eigedomar låg til fleire godseiningar, skapte utfordringar for analysane. Garden Hesvik er eit døme på dette, der eigartilhøva var innvikla.

På det benefiserte gods vart det bestemt at dei eigedomane der Baroniet hadde bygsel, skulle reknast å vere del av det kontribuerande gods når det kom til analysedelen. Dei eigedomane kyrkja eller prestebølet hadde bygselen på, rekna vi som benefiserte. Dette gjeld berre på

analysedelen for det benefiserte gods, då det i funna våre ikkje er tatt omsyn til om kyrkja/prestebolet hadde bygsel eller ikkje. Her er målet å vise kva godseiningar som var involvert i dei ulike eigedomane.

Kjeldene dataa er henta frå er som nemnt gamle, og difor ofte utfordrande å tolke. Dette førte med seg at analysane måtte gjennomførast fleire gonger, då det ofte vart oppdaga endringar som påverka analysen. Eit døme er eksaminasjonsprotokollen frå 1723 som ikkje alltid stemte overeins med informasjon vi hadde funne i anten andre matriklar eller oppebørselsbøker. Dette gjeld også behandlinga av landskylda, her var det tilfeller der vi leste av feil gard eller feil verdi, det var også tilfelle der det var mangel på informasjon, då alle kjeldene ikkje alltid er like fullstendige. Dette har naturlegvis innverknad på resultatet av analysane.

Eit utfyllande teoretisk grunnlag rundt allodialgodset har vore vanskeleg å framstille. Då denne godseininga ligg til Rosendal-godset ein kortare periode enn dei andre, samt det ikkje hadde lik tilknytning som det kontribuerande gods og privilegerte bondegods. Dette har naturlegvis skapt utfordringar kring analysen av allodialgodset då vi gjerne skulle hatt eit grunnlag som la føring for ei meir fullstendig framstilling, som strakk seg over lengre tid. Samstundes meiner vi det teoretiske grunnlaget vi har framstilt er dekkjande for dei funna vi har kome fram til.

3.6 RELIABILITET

Reliabilitet handlar om nøyaktigheita av data, kva data som nyttast, den måten dei er samla inn på og korleis dei blir arbeida med (Johannessen, m.fl, 2012, s. 40). Pålitelegheita til dataa kan ein altså setje spørjeteikn ved. Dataa våre er stort sett henta frå historiske primærdokument, som i seg sjølv talar for høg pålitelegheit. Samstundes må det takast høgde for at til dømes eksaminasjonsprotokollen frå 1723 inneheld feil og manglar. Dette er materiale som er laga av menneske, så menneskelege feil må difor leggjast til grunn i pålitelegheita. Dette er feil ein truleg vil leggje merke til dersom ein følgjer eigedomen frå «fødsel» til i dag. Eit anna døme er tilfelle av unormalt høg eller låg landskyld. Dette kan tyde på at det er noko som ikkje stemmer. Det må også takast høgde for at det kan føreligge manglar, som ein konsekvens av dokumenta sin alder, som igjen vil ha innverknad på dataas pålitelegheit. Ein annan faktor som kan gjere utslag på pålitelegheita er måten vi hentar ut informasjonen frå desse gamle dokumenta. Mykje av det gamle materialet har i nokre tilfelle ei noko utfordrande utforming, då det er skriva for fleire hundre år sidan. Det må difor takast høgde for at vi som forskarar kan ha gjort feil avlesingar, og at dette er med å påverke nøyaktigheita.

Med tanke på omfanget til datamaterialet vil det vere vanskeleg å vere like nøyaktig på alle gardane. Trass dette har vi gått grundig gjennom kvar og ein av dei, for å sikre at vi ikkje presenterer feil eigedom, med feil nummerering. I enkelte tilfeller vil ein samstundes måtte rekne med at utstrekninga på garden ikkje er heilt nøyaktig med tanke på kva som eigentleg låg under Rosendal-godset. Det har skjedd mange eigarskifter og utskiftningar sidan tida under godset, som resulterer i at vi i somme høve må ta eit utval basert på kva som ser riktig ut, ut frå geografiske og logiske tilhøve. Det som også er viktig å leggje til er at vi nyttar dagens matrikkelkart i kartløyisinga, vi tek dermed ikkje omsyn til seinare jorddelingar. Dette fører til at kartet vi framstiller i oppgåva vil fungere meir som ein illustrasjon over godset si utstrekning, enn eit nøyaktig og etterprøvbart grensekart. Under utforminga av kartet har vi tatt utgangspunkt i dagens eigedomsgrenser. Tilhøva såg truleg annleis ut under tida Rosendal-godset var ein realitet.

Som nemnt under kapittel 3.4 vert Rosendal-godset omtalt som både stamhus, baroni, titulært baroni og jordegods ut frå kva tidsperiode ein befinn seg i. Vi har forsøkt å vere bevisst på dette, men det må samstundes takast høgde for at det i somme høve er nytta feil omgrep i forhold til tidepoke.

3.7 VALIDITET

Validitet handlar om gyldigheit, altså kor godt datagrunnlaget er. Her må ein sjå i kva grad forskaren sine framgangsmåtar og funn reflekterer føremålet med studiet og representera røyndomen (Johannessen m.fl., 2010, s. 230). Vi som forskarar har ikkje tilknytning til temaet på eit personleg plan anna enn interessa for å sjå korleis eigedomstilhøva under godset var. Vi har dermed eit nøytralt utgangspunkt som forskarar. Validiteten kan heller knytast til korleis vi samlar inn datagrunnlaget. Det er store mengder tekst det skal hentast informasjon frå, i tillegg til ei omfattande analyse av materialet. Dette kan føre til at informasjon blir lagt inn ved ein feil eller at det vil mangle relevant informasjon, og at feilkjelda vil ligge i innsamlinga av materialet. Den store avstanden i tid, kultur og språk gjer at ein må vere bevisst på at eigne føresetnadar vil påverke og avgrense dei analysane og drøftingane ein gjer, og at enkelte aspekt kan gå tapt i prosessen med å tolke materialet i ein moderne kontekst (Bernssen, 2019, s. 176).

Då vi jobbar med historisk materiale må vi ta omsyn til samfunnsendingar som ein faktor som kan ha påverknad når ein forskar på historiske tekstar og materiale. Som nemnt under reliabiliteten er ein del av datagrunnlaget som er lagt til grunn henta frå dagens matrikkelkart. Matrikkelkartet er eit produkt av ei historisk utvikling med utskifting og endring i

eigedomstilhøve over den rundt 250-års perioden eigedomane låg under Rosendal-godset. Dette fører til at datagrunnlaget vi legg til grunn kan vike frå det som opprinneleg var Rosendal-godset. Blant anna har utmarka i stor grad vore driven i fellesskap. Dette fellesskapet kunne ligge til fleire gardsbruk, og dermed ha ei blanding av eigarar. Dette kan ha innverknad på kvaliteten av utstrekninga. Samstundes er dette forhold vi ikkje kan påverke, og vi vurderer at det vil ha liten innverknad på kvaliteten på oppgåva.


Gyldigheita til utvalet vi har basert oppgåva på kan ikkje med sikkerheit seiast å vere 100 % fullstendig. Med andre ord tek vi ikkje utgangspunkt i at datamaterialet vårt framstiller den fullstendige utstrekninga av Rosendal-godset, men vi meiner materialet vi byggjer analysane på er meir enn fullstendige nok til å kunne trekkje konklusjonar ut av.

4 FUNN OG ANALYSE AV ROSENDAL-GODSET

I dette kapitlet vil utstrekninga til Rosendal-godset, basert på datainnsamlinga vi har gjort, presenterast. Utstrekninga vil illustrerast gjennom fleire kart, der dei enkelte gardane er teikna inn. Det vil også bli nytta tabellar som vil gje meir detaljerte opplysningar om kva tid dei enkelte gardane gjekk ut av Rosendal-godset, og kva gardsnamn og matrikkelnummerering dei har.

4.1 ROSENDAL-GODSET

Kartet nedanfor (Figur 21) illustrera utstrekninga av Rosendal-godset, ut frå det datamaterialet vi har samla inn. Her kan ein sjå at det strekker seg frå Ølen i sør til Ulvik i nord og Os/Stord i vest. Fleirtalet av eigedomane er lokalisert i Rosendal/Hardanger og Sunnhordland. Det benefiserte gods er på kartet representert ved kyrkjegodset og prestebolsgodset. Det er også tilfelle der fleire eigedomar høyrer til same godseining, som gjer til at fargekodane vil overlappe kvarandre.




Figur 21: Godseiningane på Rosendal-godset

Analyse:

Gjennom kartet ser vi korleis Rosendal-godset strekker seg over eit omfattande geografisk område og er bygd opp av leiglendingsbruk spreidd mellom anna jordegods. Godset er meir konsentrert i området for gamle Kvinnherad skippreide. Spesielt kring området Rosendal er førekomsten av eigedomar høgare enn for resten av utstrekninga. Truleg er dette eit produkt av at sjølve hovudbruket, den adelege setegarden Hatteberg, var lokalisert midt i Rosendal (Sunde, 1996, s. 46). Dette er grunnlaget for den avgrensa analysen vi vil gjennomføre i kapittel 6 der vi samanlikna Rosendal-godset med det benefiserte godset og dei øvrige eigedomane i Kvinnherad.

Av kartet ser vi korleis dei ulike godseiningane er plassert i høve til kvarandre. For å fremje både interessante funn og sentrale trekk ved kvar enkelt godseining, vil vi analysere desse kvar for seg i delkapittel 4.2-4.5. Det vil bli sett nærare på kva tid gardane til dei ulike godsa vart kjøpt ut, og om det finst ei forklaring på kvifor dei vert kjøpt ut når dei gjer.

4.2 DET KONTRIBUERANDE GODS



Figur 22: Utstrekninga av det bidragende gods

Kartet i figur 22 syner korleis eigedomane under det kontribuerande gods er spreidd utover. Ein ser at spreinga er jamt fordelt utover det geografiske området. Det er mindre konsentrasjon av gardar i Rosendal

Dette godset er den delen av Rosendal-godset som består av flest gardar. Vi enda opp med eit datamateriale på 113 gardar, der talet på bruk er enno større. Vi har valt å fokusere på gardane som ein heilskap, men har også registrert innløysinga for dei enkelte bruka i dei tilfella vi har funne opplysningar om dette. Følgjande gardar ligg til det kontribuerande gods (Tabell 2):

Gard	Kmnr.	Gnr./Bnr.	Løyst ut
Hauge	4617	236/1,6,7	1902
Sunde	4617	153	1914
Indre Matre	417	250/3,4	1915
Fjellhaugen	4617	251	1915
Litle/Vesle Nå	4618	157	1915
Terøy	4617	2	1916
Djuve/Djuve Ytre	4611	91	1916/1920
Oma, Indre	4622	132	1917/1926
Nedre/Lille Haukås	4622	108	1919
Øyre	4617	55	1919
Alsåker	4617	275/1,2,5	1920
Tøsseteigen	4611	92	1920
Bjelland	4611	89/2	1920
Nordre Vågen	1160	294	1920
Lambadal	4622	128	1920
Dale	4624	116	1920/1928
Ølfernes	4617	243	1920/1930
Berstø	4611	104	1921
Utåker	4617	245/3,7,8	1922
Vestre Eide	1160	282	1922
Skarvaland	4617	240/2,3,4,7	1922/1930
Ebna (Haugen)	4611	146/5,7	1924
Årtun	4617	281/2,4	1927
Hillestad	4617	202	1927
Storli	4624	138	1927
Hetlenes	4620	76	1927
Haaheim	4620	46	1927
Kvalnes	4618	186	1927
Lote	4618	211	1927
Instanes	4618	246	1927
Austrheim	4611	37/10,11	1928
Gravdal	4622	145	1928
Træbakken	4622	14	1929
Fjellandsbøle	4617	158/1	1930
Hetleflåt	4611	112	1930
Sæbø	4617	221/6,7	1930
Klungland	1160	283/1,13	1930
Femsteinevik	4617	159	1930
Vestervik	4617	162	1930
Haukås	4617	172	1930
Øystese	4622	44/6,7, (...), 13	1930/1932

Fiksen	4622	70/6,7,8,9	1930
Tjosaas/Kjosås	4622	39	1930
Tveitane	4617	25	1930/1937
Bringedal	4617	136/1,2,4	1930
Fjellandsbøle	4617	248/1,2	1931
Materstveit/Tveit	4617	256	1931
Gangstø Indre	4624	106	1931
Samnøy Ytre	4624	111	1931
Kvåle	4624	127	1931
Gjerdevik Nedre	4624	130	1931
Rein	4624	181	1931
Bjørnen	4624	46	1931
Berge	4624	232	1931
Biskopshavn	4624	233	1931
Ytre Haugland	4624	234	1931
Halhjem	4624	42	1931
Lien (Lia)	4624	44	1931
Kvalesund	4624	81	1931
Eikedalen	4622	18	1931
Nedre Birkeland	4622	15	1931
Valland	4622	33	1931
Hjelmeland	4617	100	1932
Sild	4617	65	1932
Gjerde	4617	32	1932
Bondhus	4617	60/3,4,5	1932
Nesbjørg	4624	230	1932
Yddal	4624	215	1932
Samnøy Indre	4624	112	1932
Bauge	4617	261/4	1932
Ljosnes	4617	119	1932
Kroken/Kroka	4617	61	1932/1938
Steinsletten	4617	134	1932/1947
Teige	4624	231	1932/1947
Myklebust	4617	123	1932/1957
Lund	4617	95/2,3	1932/1957
Tøsse	4611	94	1933
Gjerde	4624	135	1933
Tråvik	4617	8	1933
Store Åmvik	4617	98/3,4	1933
Aksnes (nedre)	4622	4/2,6,7,8,9	1933/1938
Nerhus	4617	6	1933/1947
Myre	4617	79	1933/1947
Tufti	4622	111	1934
Øidvin	4620	47/1,3,5,7,10	1934
Ytre Netland	4617	29/3,4,5,6,7	1934
Fossåskaret	4624	235	1934
Langgåta	4617	141	1934
Ulvenes	4617	20	1934
Ruglebarmen	4617	71	1934
Indre Gjerde	4617	73	1934
Ytre Gjerde	4617	74	1934
Sundvor	4624	220	1935
Austefjord	4624	222	1935
Fosså	4624	223	1935
Skutlabrotet	4624	226	1935

Vardanes	4617	68	1935
Årsnes Indre	4617	69	1935
Storedale	4617	11	1935
Kviteberg	4617	22	1935
Øvre Hakestad	4620	52/9,10,11	1935/1948
Årsnes Ytre	4617	70	1936
Boksnes	4617	144	1936
Hovland	4622	48	1937
Aabotnes	4624	225	1938
Røyrane	4617	21	1939
Øvre Fet	4617	129	1940
Kvandal	4611	87	1940/1948
Store Fausk	4617	108/3, 109/2	1947
Hesvik	4617	345	1948
Setberg	4617	96	1949
Nesbjørgnes	4624	229	1950
Eidsvik/Eidsviken	4617	118	1957
Røttingen	4624	29	
Øfsthus	4622	23	

Tabell 2: *Eigedomane under det kontribuerande gods*

Tabellen viser at størsteparten av eigedomane under det kontribuerande gods går ut på 1930-talet. Frå 1930 til 1940 er det 56 gardar som forsvinn ut av godset. Det må presiserast at det berre er lagt inn eitt årstal for heile garden ut frå tidspunktet siste bruket på gardsnummeret vart solgt ut. Oversikta ville mogleg vore annleis dersom innløysingsår for kvart einskild bruk vart lagt inn. Dei to siste eigedomane i tabellen, Røttingen (4624-29) og Øfsthus (4622-23) hadde utfordrande eigartilhøver, og det er difor ikkje oppgjeve årstal på denne. Dette vil vidare vurderast i analysa.

Analyse:

Leiglendingslova av 1888 og stamhuslova av 1927 opna for sal av det kontribuerande gods. I utgangspunktet kunne leiglendingane kjøpe ut bruka sine frå det kontribuerande gods frå 1888. Dette er interessant, og det må setjast spørjeteikn ved det faktum at dei ikkje kjøpte eigedomane sine etter leiglendingslova i 1888. Både Myking (2002, s. 199-200) og Dyrvik (1999, s. 128) kjem i sine undersøkingar fram til at det ikkje er eit fasitsvar på kvifor leiglendingar vel å kjøpe ut bruka sine, eller ikkje kjøpe dei. Det kan frå dagens perspektiv verke forunderleg at dei ikkje ynskja å ha eigedomsretten, med tanke på at ein i dagens samfunn gjerne blir lært opp til at eigedomsretten er sikkert og trygt. Samstundes nemner Sunde (2015, s. 104-105) at det ikkje verkar å vere knytt misnøye til det å vere leiglending under Rosendal-godset og det kontribuerande gods. Her kan det vere sentralt å sjå funnet opp mot samfunnsendingane, og at vurderingane bøndene og leiglendingane gjorde på 1800-talet gjerne har endra seg over tid.


Noreg var på 1600-talet og utover prega av leilendingssystemet (Sevatdal, 2017, s. 33) som førte til klårare rammer i reguleringa av systemet. Det kom lovfesta vilkår som blant anna livstidsfeste (Myking, 2002, s. 121) som gjorde at tryggleiken kring det å vere leiglending auka. Leiglendingsvilkåra sin tryggleik og at bruka kunne seljast vidare utan at det var til hinder for generasjonsskifte på Rosendal-godset (Sunde, 1996, s. 58) kan vere ein peikepinn på kvifor mange leiglendingar ikkje kjøpte ut bruka sine, sjølv om mogelegheita var der. Mogelegheita for å overføre ved generasjonsskifte minka også trusselen for at andre kunne påberope seg buslitsretten på garden. Dette trekk Myking (2002, s. 116) fram som ein grunn til at leiglendingane vart pressa til å kjøpe bruka sine. Ved å halde bruket i same slekt er det truleg at interessa for å investere i eigedomen auka, då neste generasjon ville ta del i ei eventuell verdistigning.

Det skjedde ei auke i sjølveigande bønder på 1600-talet, og vidare utover 1700-talet. Dette forklarar Dørum (2018a) med dei høge avgiftene, og dårlegare vilkår. Utviklinga til det kontribuerande gods speglar ikkje denne trenden. Dette kan igjen indikere at leiglendingane var nøgde, då dei valde å fortsette leigeprosessen også etter innføringa av leiglendingslova av 1888. Forvaltar Holm (1980, s. 9) spekulerte i om tilgongen på ressursar kan vere grunnlaget til at dei valde å oppretthalde eigeforholdet. Uttak av tømmer var strengt regulert av godseigaren, men dersom dei ikkje hadde tømmer på garden kunne dette hentast ut av Baroniet sine skogar. Valde dei å bli sjølveigar måtte dei derimot betale for uttaket. Dette er ein potensiell faktor å leggje ved i vurderinga av kvifor ikkje fleire vart sjølveigande bønder på det kontribuerande gods. Samstundes kan det ligge eit økonomisk perspektiv til grunn, og at leiglendingane ikkje hadde det økonomiske grunnlaget til å kjøpe ut bruka sine.

Grunnlova sin § 108 og Adelslova av 1821 la ein dempar på skiping av fleire majorat, adelege privilegier og vidareføring av adelstitlar. Fleire av dei privilegia som hørde til Rosendal-godset forsvann då Marcus Gerhard Lonedmann de Rosencrone sa frå seg både jurisdiksjonen og fleire administrative oppgåver i 1843 (Sunde, 1996, s. 53). Dersom dette vart lagt til grunn, burde det skjedd ei endring i godsstrukturen då den på mange måtar var eit resultat av den då utdaterte adelstanden. Samstundes var det dåverande Stamhuset underlagt stamhusreglar som gjekk fram av Edvard Londemann sin ereksjonspatent (Tennfjord, 1944, s. 91). Sal og pantsetjing var framleis forbode, trass i at Rosendal ikkje var eit lensbaroni lenger (Kvestad, 2021). Eit interessant moment er at dersom Det juridiske kollegium hadde kome fram til at Rosendal-godset var eit len, og at baroniløyvet frå 1779 var gjeldande, kunne godset hamna i kongen sine hender. Då ville kanskje historia og utviklinga til godset vore heilt annleis.

Godset vart verande i Rosencrone-familien, sjølv om administrasjonen og strukturen vart endra utover 1800-talet. Birkerettsjuridiksjonen forsvann som følgje av Adelsloven § 1 (Kvestad, 2021) som vidare førte til at Rosendal ikkje lenger var å rekne som eige birk (Sunde, 1996, s. 53). Ein ser også at den private godseininga, allodialgodset, meir eller mindre forsvinn ut av Rosendal-godset utover 1700-talet (Bendixen, 1897, s. 40). Dette var på baronen, og seinare baronessa sitt eige initiativ. Det benefiserte godset vart tilgjengeleggjort for sal som ein konsekvens av lov anggåande det benefiserte gods, som vart vedteke av Stortinget i 1821 (Sunde, 1996, s. 54). Denne samanlikninga vil vurderast nærare ved analysane av dei to nemnte godseiningane, men poenget er at salet av gardane knytt til desse einingane tek til som følgje av lovendingar og økonomiske grunnar. Dette ser ein også at skjer for det kontribuerande gods, men her er det gåva til Universitet i Oslo, og overgangen til fri eigedom, som følgje av Londemann sin ereksjonspatent og stamhuslova av 1927, som gjer at godsstrukturen blir løyst opp.

Ved å sjå nærare på dei enkelte gardane er det Hauge (4617-236) som fyrst blir kjøpt ut av det kontribuerande gods, i 1902. Garden ligg på Halsnøya, sørvest for Rosendal (Figur 23).



Figur 23: Garden Hauge, markert med blå ring

Ifølgje panteregisteret (Sunnhordland, L0005, nr. II.A.f.5, 1918-1955, s. 22) gav Edvardine Reihnholdine sine arvingar fullmakt til dåverande forvaltar Langballe til å utstede skøyter på vegne av godset. 13. Desember 1902 fekk Kristian Pedersen Hauge skøyte for kr. 4000. Garden

Hauge vart også løyst ut ein gong på 1600-talet, nærare bestemt i 1685. Dette var under Ludvig Rosenkrantz si tid. Ifølgje Skånevikssoga (Haugland, 1981, s. 85) bygde baronen over evne, og måtte selje denne garden som eigentleg låg til kona sitt arvegods. Ikkje før i 1749 kom garden tilbake, då under det kontribuerande godset ved Edvard Londemann sitt styre. Det opphavelige bruket som låg under Rosendal-godset var garden sitt bnr. 1, bnr. 2 hørde inn under Halsnøy kloster. I dag er desse to bruka slegne saman til ein gard.

For å forklare kvifor denne eigeomen går ut tidlegare enn dei andre i det kontribuerande gods kan det vere relevant å sjå nærare på verdiutviklinga til garden. Ifølgje 1723-eksaminasjonsprotokollen (s. 260) hadde garden ei landskyld på 2 ½ løb smør, denne var i 1838 på 5 skylddalar, 1 ort og 3 skilling, og i 1905 på 6 mark og 64 øre. For å finne ut korleis verdien utvikla seg etter at Hauge vart sjølveige, må verdiendringa frå matrikkelen i 1838 til matrikkelen frå 1905 leggjast til grunn. Etersom ein gjekk frå å ha ei samla skyld på 240 000 skylddalar i 1838-matrikkelen til ei skyld på 500 000 skyldmark i 1905-matrikkelen (først nytta i 1886-matrikkelen) (*Tillæg til Lesebogen for "Folkeskolen og Folkehjemmet"*, 1864, s. 140-141) vil tilhøvet ut frå dette vere om lag 1 skylddalar : 2,08 skyldmark ≈ 2 skyldmark. For å konvertere heile skylda vil utgangspunktet vere følgjande verdiar:

Skylddalar	Ort	Skilling
1	5	120
0,2	1	24
0,0084	0,0418	1,0020

Tabell 3: Samhøvet mellom skylddalar, ort og skilling

Etter konverteringa vil utviklinga sjå slik ut:


Matrikkel	Opprinneleg skyld	Konvertert skyld
1838	5 s.d 1 ort. 3 skill.	10 s.m. 45 øre
1905	6 s.m. 64 øre	6 s.m. 64 øre

Tabell 4: Konvertering av skylda


Konverteringa viser at skylda minkar i følgje verdiane frå 1905-matrikkelen. Om dette er tilfellet for alle eigeomane som høyrer til det kontribuerande gods kan ikkje konkluderast med ut frå dette. Samstundes går Hauge ut i 1902, og neste eigeom går ikkje ut før i 1914 (4617-153, Sunde) og vidare går det ut 22 gardar/bruk fram til salet verkeleg tek til frå 1927 og utover. Ut frå dei 113 gardane vi har samla inn må 22 gardar, som er ein prosentandel på om lag 20 %,

vruderast til vere ein mindre del av godset. Dette kan tale i favør av at leiglendingane var forøgde med tilhøva under Rosendal-godset, om årstala for innløyisinga vert lagt til grunn.

I teorikapittelet går det fram at Sunde (1996, s. 56) meiner gardane med laus landskyld var gardar som den første innehavaren av Rosendal-godset, Ludvig Rosenkrantz, hadde selt bygselsretten på kring slutten av 1600-talet for å få pengar til å betale kreditorane. Dette gjorde han då han ikkje kunne selje jorda på den bundne delen av jordegodset. Ifølgje *Oppebørselbok for Rosendal-godset frå 1722-1727 (OPP22-27) og 1732-1735 (OPP32-35)* er det kring ni eigedomar av det kontribuerande gods som er oppgjevne med «uden bøyxel» på, altså gardar der Rosendal-godset ikkje hadde bygsel. Dette er gardar med så kalla laus landskyld, som det kan tenkjast at var ein del av Ludvig Rosenkrantz sitt forsøk på å stabilisere økonomien på lensgodset. Eigedomane dette gjeld er følgjande (Figur 24 og Figur 25):



Figur 24: Gardar med laus landskyld knytt til det kontribuerande gods




Figur 25: Gardar med laus landskyld knytt til det kontribuerande gods

Garden Røttingen og Øfsthus har skilt seg spesielt ut her, då desse gardane er dei einaste vi ikkje har funne årstal for innløyising på. Vi har likevel valt å ta dei med i utvalet for å vise at eigedomar med laus landskyld kan gjere det problemastisk å identifisere innløyisingår i etterkant.

4.3 PRIVILIGERTE BONDEGODS

Det privilegerte bondegods, også kalla det skattefrie gods, er konstant fram til Rosendal-godset blir Universitetseige frå 1927. Som ein ser i kartet nedanfor (Figur 26) strekk det privilegerte bondegods seg frå Uskedalen, gjennom heile Rosendal og avsluttar med garden Ænes heilt nord i kartet. Gardane markert gult er dei adelege setegardane Hatteberg, Mel og Seim.



Figur 26: Utstrekninga av det privilegerte bondegods

I tabell 5 er dei einstilte eigedomane, som er illustrert i kartet, lista opp. År for innløyising på dei einstilte eigedomane varierar, men innløyisinga skjer ein stad mellom 1927 og 1950-talet. Det er i tillegg eitt bruk som ikkje blir løyst ut før i 1976.

Gard	Kmnr.	Gnr./Bnr.	Løyst ut
Skeie	4617	90	1927/1939
Svoldal Lille	4617	67	1930
Svoldal Store	4617	66	1932
Eik Ytre (Uskedalen)	4617	133	1932/1947
Seglem	4617	92	1932/1957
Guddal	4617	93	1932/1957
Nes	4617	81	1933/1951
Ænes	4617	64	1934/1948
Eik (Indre)	4617	86	1935
Klette	4617	84	1936

Om	4617	88/2	1937
Snilstveit	4617	116	1950
Øie	4617	115	1950/1976
Kalven	4617	114	1957


Tabell 5: *Eigedomane under det privilegerte bondegods*

Dei adelege setegardane høyrde også under denne godseininga. Desse gardane har følgjande matrikelnummerering, og årstal for innløysing:

Setegardane:	Kmnr.	Gnr.	Løyst ut
Seim	4617	91	1933/1957
Mel	4617	85	1935
Hatteberg	4617	87/2	1939

Tabell 6: *Dei adelege setegardane*

Ved å samanlikne innløysinga mellom det kontribuerande gods og det privilegerte bondegods (Figur 27) ser vi at det sistnemde har stor nedgong i intervallet 1931-1940, då det var sju gardar av totalt 17 som vart innløyst. Samstundes skjer innløysinga over ei lengre periode enn under det kontribuerande gods.




Figur 27: *Samanlikning av innløysinga av det kontribuerande gods og det privilegerte bondegods*

Analyse:

Ved å vurdere datamaterialet ser det ut til at eigedomane under det privilegerte bondegods stort sett går ut seinare enn det kontribuerande gods.


Hatteberg (4617-87) var sjølv kjernen i Rosendal-godset, og er dermed ein sentral eigedom i godsadministrasjonen. Sjølv baronbygninga er plassert på garden sitt bnr. 1. Kartutsnittet

(Figur 28) syner garden Hatteberg, der det raude polygonet viser utstrekninga til Hatteberg, og den blå ringen viser om lag der Baroniet er lokalisert.



Figur 28: Garden Hatteberg. Baronibygninga er markert med blå ring.

Bnr. 2 under Hatteberg går ut av godset i 1939 (Tabell 6). Bruket vart selt til ein privatperson, og er framleis i privateige den dag i dag (Grunnboka). Bnr. 1 går ut av godset i 1921 (tinglyst i 1918) ifølgje panteregisteret. Kvinnherad kommune kjøpte bruket for 20 000 kroner den gong (Sunnhordland, L008: panteregister nr. II a.e.8., 1921-1954, s. 126). Samstundes ligg heimelen til Hatteberg bnr. 1 i dag til Den Weis Rosenkronske Stiftelse ifølgje grunnboksbladet til eigedommen. Dette tyder at hovudgarden på Hatteberg (bnr. 1) på mange måtar framleis ligg under godsadministrasjonen og er ein viktig del av godset. Garden Om (4617-88) sitt bnr. 2 går ut i 1937, men bnr. 1 er, som Hatteberg, heller ikkje kjøpt ut av godset enno. I dag er dette bruket eigd av Den Weis Rosenkronske stiftelse (grunnboksblad gnr. 88, bnr. 1). Garden Om var ikkje del av dei adelege setegardane, men har i dag ei viktig rolle for Baroniet i Rosendal, då det er her avlsgarden og fruehuset er lokalisert (Baroniet i Rosendal/Den Weis-Rosenkronske stiftelse, 2020).




Figur 29: *Garden Om er markert med grønt*

Mel (4617-85) og Seim (4617-91) var i motsetnad til Om, del av dei adelege setegardane. Det privilegerte bondegodset, inkludert dei adelege setegardane, hadde ikkje fleire fordelar for leiglendingane enn det kontribuerande godset hadde. Den som fekk nytta godene frå godset var eigaren på Rosendal-godset. Som det går fram av § 8 i Baroniprivilegia trengte ikkje godseigaren å betale skatt til kongen for desse gardane (Schou, 1822, s. 86). Då Mel og Seim ikkje ser ut til å ha ein viktig funksjon i dagens kulturinstitusjon, kan nok salet av desse tenkjast å vere ein konsekvens av samfunnsendingane som skjedde utover 1800-talet, og vidare inn i 1900-talet. Mykje av dei same poenga kan trekkjast til analysa av det kontribuerande gods. Begge desse var del av lensgodset, som var den delen av Rosendal-godset som ikkje kunne seljast ut. Det er dermed ikkje rart at ein ser likskap med innløysinga, då det privilegerte bondegods var underlagt dei same reglane som det kontribuerande gods, når det kom til bandlegginga av eigedomsmassen.

4.4 ALLODIALGODS

Allodialgodset si utstrekning er framstilt i kartet nedanfor (Figur 30). Godset strekker seg frå Skånevik i sør, Stord i vest, Strandebarm i nord og innover Maurangsfjorden i aust.



Figur 30: Utstrekninga til allodialgodset

Denne delen av godset ligg spreidd utover heile det geografiske området. Eigedomane som er ein del av dette godset og som inngår i analysa går fram av tabell 7:

Gard	Kmmr.	Gnr./Bnr.	Løyst ut
Vatne	4614	29	1679
Malkenes	4616	121	1680
Myklebust	4617	123	1710
Bakke	4617	52	1720
Gjermundshavn	4617	39	1723
Bråtun	4617	50	1727
Eikenes (Øvre)	4617	47	1727
Ånuglo	4616	169	1727
Myklebust Lille	4617	105/1,2	1728
Nedre Rørvik	4617	148	1729
Vattedal	4616	141/3	1729
Hovland	4616	129	1730
Fausk	4611	108/1,2	1730
Viskjær	4611	107	1730
Kjærland	4617	124/2	1731
Nedre Sandvik	4617	113	1733

Nedre Fet	4617	130	1740
Storefosse	4622	114	1740
Åmvik Lille	4617	97	1744
Tveit	4617	138	1748
Seløy	4616	168	1748
Flatebø	4617	54	1749
Hegland	4616	106	1749
Kjærefjord	4616	104	1749
Økland	4616	117	1749
Vadla (Walle)	4616	105	1749
Fureberg	4617	63	1750
Sunda/Sunde	4616	123	1750
Korsnes	4616	122	1750
Røen	4616	124	1750
Nedre Lunde	4616	113	1750
Bertun (Årtun)	4617	281	1755
Pile	4617	78	1778
Skoga	4611	139	1919

Tabell 7: *Eigedomane under allodialgodset*


Ut i frå tabellen går det fram at store delar av allodialgodset går ut av godssamlinga på 1700-talet. Det er to eigedomar som forsvinn på slutten av 1600-talet, og ein som går ut av godset i 1919.

Analyse:

Allodialgodset var baronen sin private eigedom han kunne gjere stort sett som han ville med (Knutsen, 2018). Utstrekninga av denne godseininga (sjå Figur 30) viser at det er spreidd markant utover, og det ser ut til at store delar av gardane ligg i ytterkanten av utstrekninga til Rosendal-godset. Ifølgje skattematrikkelen frå 1647 og Sunde (2015, s. 20-21) eigde Axel Mowatt langt fleire eigedomar enn det Ludvig Rosenkrantz sitt allodialgods bestod av. I skattematrikkelen er det opplyst at Axel Mowatt eigde gardar på ytre delar av Sunnhordland, som ikkje ligg til godsa som låg under Ludvig Rosenkrantz då han opphøgde jordegodset til baroni i 1678. Ifølgje Sunde var dette eigedomar Ludvig Rosenkrantz ikkje ynskja å leggje til den mest verdifulle delen av jordegodset.


Det historiske aspektet dannar grunnlaget for å sjå årsaka til at store delar av allodialgodset vart selt ut på 1700-talet. På slutten av 1600-talet var det Axel Rosenkrantz som var innehavar på Rosendal-godset. På grunn av gjeld etter brørne hans, og tidlegare eigarar Christian Rosenkrantz og Ludvig Rosenkrantz, var innløyising av allodialgodset løysinga for å få rydda opp i gjelda som låg til det kontribuerande godset og privilegerte bondegodset (Bendixen, 1897, s. 40). Det er tidlegare presentert at gardane Seløy (4616-168), Ånuglo (4616-169), Nedre Lunde (4616-113) og Økland (4616-117) vart trukke ut av godset av Ludvig Rosenkrantz på

grunn av økonomiske vanskar (Drange, 1989). Dette var samstundes berre ein kort periode, då Axel Rosenkrantz får dei inn att i godset då han blir godseigar i 1691. Eigedomane dette gjaldt er illustrert i kartet nedanfor (Figur 31)



Figur 31: Gardar Axel Rosenkrantz fekk inn att i allodialgodset

Gardane som går ut før Axel Rosenkrantz tid som innehavar, er Vatne (4614-29) som er lokalisert på Stord og Malkenes (4616-121) som ligg på Tysnes (Figur 32) :




Figur 32: Vatne og Malkenes

Vatne (4614-29) og Malkenes (4616-121) går ut av allodialgodset berre 1-2 år etter at Baroniet blir oppretta, altså på den tida Ludvig Rosenkrantz var baron (Hopstock og Madsen, 2002, s. 12-14). Som kartet viser er avstanden lang mellom desse to. Vatne ligg i den ytre delen av Sunnhordland og fører til at vi må sjå tilbake på Axel Mowatt si jordesamling som Ludvig Rosenkrantz tok over. Ifølgje 1647-matrikkelen låg det opphaveleg fleire gardar lokalisert i desse områda. Ei mogleg forklaring kan vere ressursmangel eller ressursar som ikkje var ynskjelege. Det er usikkert om dette er tilfellet, men ved at Ludvig Rosenkrantz valde dei vekk, gjev det indikasjonar på at ressursmangel kan ha vore den opphavlege grunnen. Meir om ressursane, og baronen sitt tankemønster kring dette vil takast opp i kapittel 5.2.1. Samstundes viser rekneskapen at økonomien ikkje byrja skranke før kring 1685, og økonomiske grunnar vil dermed kunne vere ein svak argumentasjon då dette skjedde etter 1647-matrikkelen.

Etter Axel Rosenkrantz sin død i 1723 blir storparten av allodialgodset selt av enkja hans, baronesse Anna Christina. Som vi veit gjekk den bundne delen av Rosendal-godset (lensgodset) til kongen i 1723, då det ikkje var mannlege arvingar etter Axel Rosenkrantz (Erichen og Tamm, 2014, s. 43). Handlinga til Anna Christina, å selje størsteparten av allodialgodset, skjer ifølgje Stuland (1924, s. 335) då baronessa flyttar til Stavanger for å avslutte sine dagar der. Eitt sentralt og interessant moment i historia til Axel Rosenkrantz og Anna Christina er det faktum at dei var barnlause. Dette kan vere ein del av forklaringa på kvifor det blir selt ut. Lensgodset og det benefiserte gods låg i kongen sine hender på denne tida, og dersom Rosenkrantz-slekta ikkje hadde døydd ut ville kanskje allodialgodset hatt lengre levetid.


I 1749 får stamhusbesittar Londemann de Rosencrone hand om Skoga (4611-139) igjen. Garden vart opphavleg selt i 1731, og var i 1740 ått av Skoga-bonden. Ifølgje Haugland (1990, s. 109) var Skoga framleis allodialgods då den vart kjøpt tilbake i 1749, og blir verande der til den blir selt i 1919. Garden ligg sørvest frå Rosendal, på andre sida av fjorden av der Hauge (4617-236) som låg under det kontribuerande gods ligg. Skoga er den garden som ligg til allodialgodset over lengst perioden ut frå det utvalet vi har samla inn.



Figur 33: *Garden Skoga*

Som nemnt under analysa av det kontribuerande gods var ikkje salet av allodialgodset ei lovbestemt handling. Allodialgods fekk baronen ha ved sidan av lensgodset, som det også gjekk fram av lensbrevet frå kongen i 1678. Allodialgodset er som nemnt i teorikapittelet kjelda til kapital, og den eininga som mogeleggjjer forretningsverksemd (Sunde, 2015, s. 21). Dette er synleg gjennom til dømes Ludvig Rosenkrantz sine handlingar der han trekker ut gardane frå allodialgodset, for å stabilisere økonomien til lensgodset, som ikkje hadde dei moglegheitene gjennom lensavtala.

4.5 DET BENEFISERTE GODS



Figur 34: Utstrekninga til det benefiserte gods

Det benefiserte gods består av kyrkjegods og prestebolsgods, og funna våre er kategorisert ut frå dette. Tabell 8 nedanfor viser at kyrkjegodset bestod av 16 eigedomar, og låg under ulike kyrkjer. Prestebolsgodset (Tabell 9) består av 21 eigedomar, der alle eigedomane høyrer til under Kvinnherad prestebol.

Kyrkjegodset:

Gard	Kmnr.	Gnr./Bnr.	Løyst ut	Kyrkje
Nedre Sandvik	4617	113	1733	Kvinnherad
Nerhus	4617	6	1870	Kvinnherad/Ølve
Sundal	4617	59	1877	Kvinnherad
Hjortås	4617	31	1897	Kvinnherad
Nedre Tofte	4617	15	1915/1934	Ølve
Store Opsanger	4617	154/3,4	1919	Kvinnherad, Ænes og Husnes
Skeie	4617	90	1927	Kvinnherad
Kirkhus	4617	36	1932	Kvinnherad
Hjelmeland	4617	100	1932	Ænes
Myklebust	4617	105/3,4,5,6	1933	Kvinnherad
Vevik	4617	80	1933	Kvinnherad
Ask	4617	27	1934	Kvinnherad
Øvre Fet	4617	129	1940	Kvinnherad
Store Fausk	4617	108/3, 109/2	1947	Kvinnherad
Hesvik	4618	345	1948	Ænes


Tabell 8: Eigedomar tilhøyrande kyrkjegodset

Prestebolsgodset:

Gard	Kmnr.	Gnr./Bnr.	Løyst ut
Øvre Røirvik	4617	150	1830
Bakke	4617	101	1836
Presthus	4617	5	1840
Øvrehus	4617	57	1848
Bergstø	4617	53	1848
Helland	4617	142	1849
Øvre Musland	4617	127	1854
Morangnes	4617	46	1857
Nedre Kaldestad	4617	147	1866
Nerhus	4617	6	1870
Haugland	4617	125	1881
Øvre Hammarhaug	4617	157	1890
Hjortås	4617	31	1897
Store Opsanger	4617	154/3,4	1919
Malmanger	4617	89	1926
Sørheim	4617	36	1928
Ljosnes	4617	119	1932
Hjelmeland	4617	100	1932
Nes	4617	81	1933
Store Åmvik	4617	98/3,4	1933
Hesvik	4618	345	1948
Setberg	4617	96	1949


Tabell 9: *Eigedomar tilhøyrande prestebolsgodset*

Under innsamlinga delte vi inn i tre ulike kategoriar ut frå om kyrkja/prestebolet hadde bygselen åleine, om Baroniet og/eller nokon andre i tillegg til kyrkja/prestebolet hadde bygselen eller om kyrkja/prestebolet ikkje hadde bygsel. Diagramma i figur 35 og figur 36 viser korleis denne inndelinga ser ut. Kva eigedomar som ligg til dei ulike kategoriane går fram i vedlegg 5. På kyrkjegodset hadde kyrkja bygsel på seks av eigedomane. Tre av eigedomane har blanda bygsel, og sju har delt bygsel.



Figur 35: *Bygseltilhøva på kyrkjegodset*

På prestebolsgodset ser ein at det er fleire eigedomar der prestebølet har bygsel samanlikna med kyrkjegodset. Prestebølet har bygsel på heile 14 eigedomar, og vidare har to av eigedomane har bygsel og seks eigedomar delt bygsel.



Figur 36: *Bygseltilhøva på prestebolsgodset*

Analyse:


Det som i hovudsak opna for sal av det benefiserte gods er *Lov, angaaende det benificerede Gods*, som kom i 1821 (Sunde, 1996, s. 54). Ut frå oversikta ovanfor kan det sjå ut til at fleirtalet av eigedomane under det benefiserte godset blir sjølveige utover 1800-talet, noko som heng saman med lova frå 1821. Ut frå oversikten er det 16 eigedomar som løysest ut i løpet av 1800-talet. Resterande eigedomar går ut på 1700- eller 1900-talet. Prestebolsgodset kan sjå ut til å vere den eininga innanfor det benefiserte gods der fleirtalet av eigedomane forsvinn på 1800-talet, noko som kan tale for at det var her lova fekk størst innverknad. Av dei eigedomane som vert løyst ut i løpet av 1900-talet, er bygseltilhøva følgjande:

Gard	Løyst ut	Bygseltilhøve
Nedre Tofte	1915/1934	Ølve kyrkje
Store Opsanger	1919	Kvinnherad prestebol
Malmanger	1926	Kvinnherad prestebol
Skeie	1927	Baroniet
Sørheim	1928	Kvinnherad prestebol
Kirkhus	1932	Kvinnherad kyrkje
Hjelmeland	1932	Ænes kyrkje og Kvinnherad prestebol
Ljosnes	1932	Baroniet
Nes	1933	Baroniet og Kvinnherad prestebol
Store Åmvik	1933	Baroniet
Myklebust	1933	Baroniet og Kvinnherad kyrkje
Vevik	1933	Kvinnherad kyrkje
Ask	1934	Kvinnherad kyrkje
Øvre Fet	1940	Baroniet
Store Fausk	1947	Baroniet
Hesvik	1948	Baroniet og Ænes kyrkje
Setberg	1949	Baroniet

Tabell 10: *Bygseltilhøva for eigedomane som løysast ut i løpet av 1900-talet*

Ut frå denne oversikta ser det ut til at det er gardane Baroniet hadde bygsel på, som går ut sist i det benefiserte gods. Då Baroniet har bygsel er eigedomane og å rekne som del av det kontribuerande gods, noko som gjer at dei høyrer under den same bandlegginga, og vert ikkje i like stor grad påverka av 1821-lova. Dette kan difor tenkjast å vere grunnen til at gardane Baroniet hadde bygsel på går ut seinare.

Kyrkjegodset har eigedomen Nedre Sandvik (4617- 113) som blir løyst ut i løpet av 1700-talet. Bakgrunnen for at denne blir sjølveige så tidleg samanlikna med resten av godseininga kan moglegvis forklarast med bindinga det benefiserte gods hadde til Rosendal-godset. Som nemnt i teorikapittelet var ikkje det benefiserte gods formelt sett ein del av Baroniet, herunder lensgodset. Dette kjem tydeleg fram i takseringsforretninga frå 1733 (Sunde, 1996, s. 54). Nedre Sandvik (4617-113) var samstundes del av allodialgodset, baronens private godssamling som kunne seljast etter fri vilje (Knutsen, 2018). At Nedre Sandvik blir løyst ut tidleg heng truleg saman med dette. På denne garden hadde ikkje kyrkja bygsel, som også kan leggjast til forklaringa på kvifor den forsvinn tidlegare enn dei andre gardane.




Figur 37: Nedre Sandvik, markert i grøn.

Eigedomane under det benefiserte gods var bortlova prestane (Regjeringen, 2018-2019). Kyrkjegodset skulle sikre midlar til vedlikehald av kyrkjebygninga, og prestebolsgodset skulle sikre presten løn (Sevatdal, 2017, s. 40). Det kontribuerande gods og det privilegerte bondegods hadde som føremål å gje avkastning, det hadde derimot ikkje denne godseininga. Det var heller ikkje ei samansetting av eigedomar basert på baronen eller godseigaren sine premissar (Sunde, 1996, s. 54). Baronen/Godseigaren hadde liten påverknad på godseininga med unntak i det han fekk gjennom patronatsretten (Sunde, 2004a, s. 27-28). Dette viser seg også gjennom forvaltninga av skogen. Etter §9 i *Instruksar og tilsetjingsbrev for forvaltarar på Rosendal godsett 1750-1917* skulle forvaltaren av Rosendal-godset sjå til at det ikkje vart hogge meir enn det soknepresten hadde begjært kunne nyttast til vedlikehald av hus på prestegardane (Statsarkivet i Bergen: Rosendalsarkivet, § 9). Det var då soknepresten som hadde innverknaden på uttak av tømmer, og ikkje godseigaren på Rosendal. Dette kan tale for at godseigaren hadde mindre interesser i denne eininga, då han ikkje hadde like stor innverknad på den.


Eigedomane Skeie (4617-90) og Nes (4617-81) er i tillegg til å ligge under det benefiserte gods, også del av det privilegerte bondegods. Kyrkja hadde ikkje bygsel på Skeie, den hadde Baroniet, men kyrkja eigde 1 laup smør i garden. Nes er prestebolsgods i tillegg til å vere del av det privilegerte bondegods. Her var bygselen blanda, som vil seie at både prestebolet og Baroniet hadde bygselen. Å ha fleire eigarar til same gard var ikkje unormalt på denne tida. Det vanlege var at eigaren med størst eigarandel var ansvarleg for bygselen, og om to eigde like mykje gjekk det på rang (Sevatdal, 2017, s. 35-37). Garden Øvrehus (4617-57) kan særskilt trekkjast fram her, då den viser seg som spesiell. Kvinnheradskyrkja har bygselen, sjølv om dei berre eig 2 pd. smør og 2/3 hud, og difor eig mindre enn til dømes Torbiørn, som har 1 laup smør og 2 geiteskinn (1723-eksaminasjonsprotokoll, nr. 70, s. 196).

På garden Hesvik (4618-345) eig prestebolet ½ laup smør, Baroniet eig og bygslar, og Æneskyrkja bygslar alt, men eig tilsynelatande ingenting (1723-eksaminasjonsprotokoll, nr. 58, s. 192). Garden er difor kategorisert under *blanda* bygsel i diagrammet over kyrkjegodset si bygsel, og *delt* bygsel under diagrammet for prestebolsgodset. Ein kunne også ha kategorisert garden i det kontribuerande godset, sidan Baroniet også eig og bygslar. Dette er nok også forklaringa på kvifor garden blir løyst inn så seint, då den var underlagt dei same reglane som resten av det kontribuerande gods.



Figur 38: Heskvik


Hjortås (4617-31) ligg også under både kyrkje- og prestebolsgodset, men her er det berre prestebølet som har bygselen, og eig 2 pd. og 6 merker smør. Kvinnherad kyrkje eig 1 vog korn, men har ikkje bygsel (1723-eksaminasjonsprotokoll, nr. 98, s. 207). På garden Sundal (4617-59) er det oppsitjaren som bygslar alt, mens Kvinnheradskyrkja eig 2 pd. og 6 merker smør utan bygsel (1723-eksaminasjonsprotokoll, nr. 72, s. 197). Difor vert garden kategorisert som delt bygsel, sidan kyrkja ikkje har bygsel på garden.



Figur 39: Hjortås og Sundal

5 FUNN OG ANALYSE ROSENDAL-GODSET SAMANLIKNA MED KVINNHERAD

Kjernen i Rosendal-godset låg til Kvinnherad kyrkjegods. Området gjekk frå «Ænes ved innløpet til Maurangerfjorden, om lag halvanna mil inn i fjorden, til Rød, om lag halvanna mil ut i fjorden» (Sunde, 2015, s. 17). Sjå den geografiske avgrensinga for Kvinnherad skippreide i figur 40:



Figur 40: Avgrensing Kvinnherad Skippreide

Datamaterialet for kapittel 5 basera seg på avgrensinga i kartet og informasjonen vi har henta ut frå eksaminasjonsprotokollen frå 1723. Av datamaterialet finn vi 104 gardar som er kategorisert ut i frå om dei låg under Rosendal-godset, det benefiserte gods eller ein del av dei resterande gardane i Kvinnherad (sjå vedlegg 7). Som det går fram av metoddelen er det ikkje lagt vekt på eigartilhøva på gardane under kategorien *Kvinnherad*, altså dei resterande gardane som ikkje er kategorisert under dei to godsa.

5.1 UTVIKLING AV SKYLDA.

I dette kapittelet vil landskylda for dei tre grupperingane presenterast. For å danne eit samanlikningsgrunnlag har vi i tillegg henta landskylda frå skattematrikkelen frå 1647, 1838-matrikkelen og 1905-matrikkelen. I tidsintervallet matriklane femnar om, skjer det fleire eigarskifte, som fører til at eigedomar under Rosendal-godset og det benefiserte gods går over til gruppa for dei resterande eigedomane i Kvinnherad.

Endringane illustrerast gjennom tabell 11:

	1647	1723	1838	1905
Kvinnherad	42 gardar	42 gardar	52 gardar	58 gardar
Rosendal-godset	50 gardar	50 gardar	42 gardar	41 gardar
Benefisert gods	12 gardar	12 gardar	10 gardar	5 gardar

Tabell 11: Talet på gardar for dei ulike gruppene

Då det er fleire tilfeller av gardar der både Baroniet og kyrkja/prestebolet er oppgjeven som eigar og bygselrettshavar, har vi valt å rekne gardane som er reint prestebols- og kyrkjegods som det benefiserte gods i denne analysen. Dei gardane Baroniet hadde bygsel på i tillegg til kyrkja/prestebolet eller Baroniet sat med bygselen åleine, vert rekna som del av Rosendal-godset. Rosendal-godset består også av skattefritt gods, kontribuerande gods og allodialgods. Med denne inndeling ligg det benefiserte gods i Kvinnherad med 12 gardar i 1647 og 1723, men i 1838 forsvinn det to gardar ut av godseininga, og i 1905 er fem gardar til gått ut av denne eininga, og lagt til Kvinnherad (Tabell 11).

I tråd med eigarskifta skjer det også endringar i den totale verdien for dei ulike gruppene. Resultatet av verdiendringane går fram av tabell 12 nedanfor:

	1647	1723	1838	1905
Kvinnherad	7303 mrk.	7431 mrk	643 mark 65 øre	505 mark 54 øre
Rosendal-godset	11648 mrk.	10826 mrk.	616 mark 40 øre	437 mark 64 øre
Benefisert gods	2391 mrk.	1896 mrk.	111 mark 18 øre	50 mark 18 øre

Tabell 12: Totalverdien på dei ulike gruppene

Mellom 1647 og 1723 aukar verdien på Kvinnherad, i motsetnad til Rosendal-godset og det benefiserte gods som har ein nedgang i verdi. Dette jamnar seg meir ut i perioden 1838-1905 då alle godsar har ein kontinuerleg verdinedgang etter 1723.

Verdiendringane er illustrert gjennom figur 41 for å vise forholdsmessigheita mellom gruppene og spesielt mellom 1723 og 1838 då verdiane her har ulik eining.



Figur 41: Kakediagram som syner utviklinga av skylda

Analyse:

I skattematrikkelen 1647 var det smørskylda som var den dominerande landskyldvara på Vestlandet. Det er gjennomført ei konvertering av verdiane mellom 1647 og 1723 til merker smør for å kunne sjå direkte utviklinga av landskylda på eigedomane. Konverteringa er gjennomført med bakgrunn i Fladby og Winge (1976, s. 10) si framstillinga av dei ulike skylddeiningane. For utviklinga mellom 1838 og 1905 har vi konvertert landskylda frå skylddalar, ort og skilling til skyldmark og øre. Konverteringa er gjennomført på lik måte som ved analyse av garden Hauge (4617-236) under det kontribuerande gods, der utgangspunktet var tilhøvet 1 skylddalar : 2 skyldmark (Tillæg til Lesebogen for “Folkeskolen og Folkehjemmet”, 1864, s. 140-141).

Takseringsprotokollen frå 1733 gjev eit klårt bilete på at det benefiserte gods formelt sett ikkje var rekna som ein del av den opphavelege baronijorda. På den andre sida kjem det fram at denne delen av godset gjekk til kongen då Rosenkrantz-slekta døydde ut, og at det var del av Rosendal birk (Sunde, 2004a, s. 27-28). Det er samstundes interessant at gardane under det benefiserte gods utgjer ein vesentleg del av verdien til Rosendal-godset.

Landskylda hadde funksjon som verdimål på garden. Dette grunngjeve med at leigeavgifta stod i eit visst høve til bruksverdien av sjølve jorda (Marthinsen, 1991, s. 11), og var ein indikator på partane si vurdering av jordegodset (Austenå, 1988, s. 21). Ut frå totalverdien presentert i

tabell 12, ser ein at verdien til Rosendal-godset er høgare enn dei andre to gruppene i 1647 og 1723. Ved å rekne ut gjennomsnittsverdien til dei ulike gruppene kjem det fram at Rosendal-godset sin snittverdi er høgare i 1838 og 1905.

	1647	1723	1838	1905
Kvinnherad	174 mrk.	177 mrk.	12 mark 38 øre	8 mark 72 øre
Rosendal-godset	223 mrk.	217 mrk.	14 mark 68 øre	10 mark 67 øre
Benefisert gods	196 mrk	154 mrk	10 mark 52 øre	9 mark 5 øre

Tabell 13: Gjennomsnittsverdien for dei ulike gruppene.

Den høge snittverdien til Rosendal-godset kan tyde på at dei einstilte gardane er større eller at drifts- og omsetnadsforholda er betre, slik Austenå (1988, s. 21) peikar på som utslagsgjevande for skylda. Nærare om drifta på dei ulike gardane blir presentert under kapittel 5.2.

Skylda indikerer at dei adelege setegardane Hatteberg, Mel og Seim ligg med høge verdiar. Den samla skylda for gardane er illustrert i tabell 14 nedanfor:

	1647	1723	1838	1905
Hatteberg, Mel og Seim	2016 mrk.	2160 mrk.	119 mark 4 øre	77 mark 19 øre

Tabell 14: Landskylda til dei tre adelege setegardane

Desse tre gardane utgjør mellom 18-20 % av skylda til Rosendal-godset frå 1647 til 1905. Dette var store gardar som spelte ei sentral rolle i godssamansetjinga, og som framleis er viktige eigedomar ved drift av kulturinstitusjonen (Baroniet Rosendal/Den Weis-Rosenkronske Stiftelse, 2020).

Tabell 14 viser at landskylda stig for dei tre adelege setegardane frå 1647 til 1723. Baroniet vart skipa i 1678 av Ludvig Rosenkrantz, og som vi veit frå tidlegare var sjølv baronibygninga lokalisert på garden Hatteberg (Hopstock og Madsen, 2002, s. 12-14). Denne, og andre sentrale byggverk vart reist som følgje av skipinga. Hatteberg har åleine ei skyld på rundt 1188 merker smør i 1723, som føreset at drifta var god i tillegg til at det var ein stor gard. Drifta til Hatteberg vil samstundes bli vurdert nærare under kapittel 5.2.

I framstillinga av endringane i skyldverdien vert det vist til at skylda minkar i intervallet 1838 til 1905. Dette samsvarar med utviklinga Noreg hadde utover 1800-talet, då landskylda sin

posisjon vart vesentleg endra. Dette skjedde i takt med at store delar av Noreg fekk sjølveigande gardar (Landskyld, 2015). Trass samfunnsendringane fungerte framleis Rosendal-godset som godssamling og heldt fram med landskyld-systemet (Landskyld, 2015).

Kvinnherad har lågare totalverdi enn Rosendal-godset i perioden 1647 til 1723, dette gjeld også gjennomsnittsverdien. Samstundes er denne gruppa den einaste med ei auke i nemnte periode. Det er spesielt tre gardar som skil seg ut (vedlegg 6), og som kan vere grunnen til oppgangen. Dette gjeld gardane Løning (4617-3), Berge (4617-7) og Roaldstveit (4617-10). Frå 1647 til 1723 aukar gardane med 270, 396 og 168 merker smør kvar. Samanlikna med resterande gardar i Kvinnherad er dette svært mykje og er truleg ein faktor som fører til at den totale skylda til Kvinnherad, og gjennomsnittsverdien aukar i denne perioden.

Det benefiserte gods innehar eit vesentleg mindre tal gardar, som fører til at verdiane generelt sett vert lågare. Utviklinga er samstundes i tråd med Rosendal-godset si utvikling. Gjennomsnittsverdiane er også høgare enn Kvinnherad i 1647 og 1905, men dette endrar seg i 1723 og 1838 då dei ligg lågare enn nemnde gruppe. Etter tabell 15 forsvinn følgjande fem gardar ut av eininga mellom 1838 til 1905.

Gard	Kmnr.	Gnr.	Løyst ut
Presthus	4617	5	1840
Helland	4617	142	1849
Øvre Musland	4617	127	1854
Nedre Kaldestad	4617	147	1866
Haugland	4617	125	1881

Tabell 15: Gardane som forsvinn ut frå det benefiserte god mellom 1838 og 1905

Då gjennomsnittsverdien til det benefiserte gods ligg over Kvinnherad i 1905, kan det indikere at gardane som ligg igjen under eininga utgjer gode verdiar, og dermed er driftssterke gardar.

Forklaringa på at Kvinnherad totalt sett får ein høgare verdi ved siste registrering i 1905, ligg nok i at det kjem fleire gardar inn i denne gruppa. Som tabell 11 viser går det frå å bestå av 42 gardar i 1647 til å bestå av 58 gardar i 1905. Gardane som kjem inn i Kvinnherad, er som nemnt gardar frå det benefiserte gods, og ni gardar frå Rosendal-godset. Gardane som går ut av Rosendal-godset høyrer under allodialgodset.

Etter å ha sett nærare på totalverdi og gjennomsnittsverdi for dei ulike gruppene ser ein at alt stort sett følgjer same mønster, men at Kvinnherad skil seg ut i perioden 1647 til 1723. Tabell 16 syner at denne gruppa har ei positiv endring på 1,75 %, i motsetnad til dei andre gruppene som har ein reduksjon.

	1647-1723	1838-1905
Kvinnherad	1,75 %	- 21 %
Rosendal-godset	- 7 %	- 29 %
Benefisert gods	- 22 %	- 57 %

Tabell 16: Reduksjonen på dei enkelte gruppene

Samla sett viser funna at bruksverdien for gardane på Rosendal-godset var høgare, dette indikera at gardane var betre her. Endringane som skjer for denne gruppa og det benefiserte gods er i stor grad påverka av at eigedomar forsvinn ut av godsmassane. Ein får eit lovregulert sal for det benefiserte gods gjennom *Lov, angaaende det benificerede Gods*, mens allodialgodset løysast inn av baronessa Anna Christina på 1700-talet.

Neste delkapittel vil gå inn på korleis drifta var på dei einskilde gruppene, og truleg gje nærare svar på kvifor landskylda var som den var.

5.2 DRIFTA PÅ GARDANE

I dette delkapittelet vil drifta på gardane presenterast. Datamaterialet basera seg på kodinga av informasjonen i eksaminasjonsprotokollen 1723 (sjå vedlegg 7). For å belyse eventuelle skilnadar og interessante funn i drifta, har vi valt å basere kodinga på tre måleparameter som vil analyserast vidare, og skildra kvar for seg:

1. ressursane på garden
2. kreaturhald
3. produksjonsevne.

Gardane og oppsitjarane under dei tre grupperingane dannar grunnlaget for analyseringa. Det vil variere om analysane basera seg på gardane eller oppsitjarane ut i frå kva parameter som blir presentert. Dette vil presiserast under kvar analyse. Tabell 17 syner tal på gardar og oppsitjarar i grupperingane :

	Tal på gardar	Oppsitjartal
Kvinnherad	42	84
Rosendal-godset	50	110
Benefisert gods	12	18
Sum	104	212

Tabell 17: Tal på gardar og oppsitjarar

5.2.1 RESSURS PÅ GARDANE

I sjølve protokollen er ressursane delt inn i bolkane *seter, skog, kvern og fiskeri* (sjå Figur 13). Desse blir presentert kvar for seg, og vil deretter trekkjast saman i analysen. Seterdrifta vil derimot presenterast under kapittel 5.2.2, saman med kreaturholdet då desse kan koplast direkte opp mot kvarandre.

Skogsressursar

Skog er beskrive i tre ulike kategoriar: skog til reparasjon, skog til brensel og skog til sals. Kodinga resulterte i denne oversikta (Tabell 18) og viser tal på gardar som har den aktuelle ressursen:

	Seter	Prosentdel	Skog til reparasjon	Prosentdel	Skog til brensel	Prosentdel	Skog til sals
Kvinnherad	8	30 %	16	59 %	29	37 %	0
Rosendal-godset	17	63 %	7	26 %	39	50 %	1
Benefisert gods	2	7 %	4	15 %	10	13 %	0
Sum	27		27		78		1

Tabell 18: Oversikt over Skogressursar

I kategorien *skog til reparasjon* ligg Kvinnherad med ein prosentdel som er vesentleg høgare enn Rosendal-godset og det benefiserte gods. Kvinnherad har 16 gardar med denne typen skog, og utgjer 59% av den samla mengda skog til reparasjon i Kvinnherad skipreide. Rosendal-godset har sju gardar med skog til husreparasjon (26% av totalen) og det benefiserte gods har fire gardar med tilgang til slikt tømmer (15% av totalen). Under parameter *skog til brensel* snur dette. Rosendal-godset ligg igjen øvst, og har heile 39 gardar (50% av totalen) med nok skog til føremålet. Det benefiserte godset aukar mengda innanfor kategorien og har 10 gardar med skog nok til brensel, som utgjer 13% av totalen. Kvinnherad har derimot 37% av det totale talet (29 gardar). *Skog til sals* viser at det er éin gard med skog nok til å selje, denne ligg til Rosendal-godset.

Kvern

	Kvern	Prosentdel	Gardar med kvern
Kvinnherad	23	42 %	17
Rosendal-godset	25	45 %	23
Benefisert gods	7	13 %	6
Sum	55		46

Tabell 19: Oversikt over tal på kvern og gardar med kvern

Kodinga viser at det var 46 gardar med kvern i 1723. Kvinnherad hadde 17 gardar med kvern, Rosendal-godset 23 og det benefiserte gods 6 gardar. Samla sett ligg det 55 kverner i Kvinnherad skipreide. Av desse har Kvinnherad 23 kverner, Rosendal-godset 25 og sju under det benefiserte godset. Totalt sett utgjer dette at Kvinnherad har 42%, Rosendal-godset har 45% og det benefiserte godset har 13%. I eksaminasjonsprotokollen er det oppgjeve på alle dei aktuelle gardane at dette er «quern alene til opsidernes Egen for nødenhed». Kvernene var altså berre tilgjengeleg for oppsittarane sin eigen private bruk.

Fiskeri

Tabell 20 viser informasjon om fiskeri og er oppgjeve i tal på gardar som har ressursen tilgjengelig:

	Fiskeri
Kvinnherad	0
Rosendal-godset	0
Benefisert gods	0
Sum	0

Tabell 20: Fiskeri

Som tabellen viser, var det ingen av gardane i Kvinnherad skipreide med fiske som ressurs.

Analyse:

Kategorien *skog til reparasjon* viser til dei avgrensingane leiglendingane hadde ved uttak av skog slik Sevatdal (2017, s. 50) påpeikar. Gardane som ikkje var ein del av eitt større jordegods kunne ikkje hogge og selje gamle tre, då dei ville stått utan tømmer om dei skulle byggje nytt hus i framtida. Her måtte dei sikre at det var nok skog til neste generasjon. Konsekvensen var at leiglendingen tok ut skog når dei trong det til reparasjon på garden. Funna speglar dette ved at Kvinnherad ligg med heile 59% av den samla mengda skog til reparasjon. Motsetnadvis ligg gardane under Baroniet med eit anna utgangspunkt. Det er få gardar som har skog nok til husreparasjon under Rosendal-godset, men samstundes var dette ein ressurs dei ikkje trong på

sin eigen gard. Dette er femna under §§ 5 og 6 i *Instruksar og tilsetjingsbrev for forvaltarar på Rosendal-godset 1750-1917* som viser til at gardar utan skog kunne hente ut tømmer frå baroniskogane.

Fordelinga av skogsressursane på det benefiserte godset viser likskapstrekk med forvaltninga på Rosendal-godset. Begge godsa har auke i verdiane frå skog dei kan nytte til reparasjon, til skog nytta til brensel. Derimot har Kvinnherad dalande verdi mellom desse. Skogsdrifta gjev indikatorar på at det benefiserte godset hadde same tilgang til skog som under Rosendal-godset. Som nemnt i kapittel 4.5 var det soknepresten og ikkje godseigaren på Rosendal som hadde innverknaden på uttak av tømmer (Statsarkivet i Bergen: Rosendalsarkivet, § 9).

Innanfor kategorien *skog til sals* skjer det ei heilomvending samanlikna med dei to andre kategoriane for skog. Det er berre oppgjeve éin gard med nok skog til å selje, og denne ligg under Rosendal-godset. Det er allereie presentert at leigendingane hadde avgrensingar i høve uttak av skog. Dette kan vere ei naturleg forklaring på kvifor berre den eine garden står oppgjeve med skog nok til sals. Samstundes var det ifølgje Sevatdal (2017, s. 240) knytt motstand til matrikkelukastet 1723, og at berre éin eigedom står oppført med denne ressursen kan vere eit teikn på at skogsførekomstane for denne garden vart oppdaga på tidspunktet verdivurderinga vart gjennomført. Dei andre gardane kan derimot ha klart å unnlate denne informasjonen.

Vidare viser kvern eit interessant funn. Overordna sett ligg Rosendal-godset med flest kverner. Derimot blir biletet annleis dersom vi samanliknar tal på kverner med det faktiske talet på gardar som har kvern. Gjennomsnittet for tal på kverner per gard er 1,35 kvern på Kvinnherad og 1,08 på Rosendal-godset. Det benefiserte gods har derimot eit snitt på 1,16 kverner per gard. Dette viser at Rosendal-godset faktisk har dårlegare tilgang på kverner per gard enn både Kvinnherad og det benefiserte gods. Fordelen med reiskapen var at den forenkla arbeidet for bøndene (Berge, 1979, s. 28-29). Teorikapittelet viser ikkje til ei logisk forklaring på kvifor både Kvinnherad og det benefiserte gods ligg med betre tilgang på kverner. Det kjem heller ikkje fram av instruksane for forvaltarar om oppsitjarane hadde tilgang på kverner under Rosendal-godset (Statsarkivet i Bergen: Rosendalsarkivet). Det kan difor vere grunnlag for å vurdere om både Kvinnherad og det benefiserte gods jobba for eit meir forenkla jordbruk gjennom kverner enn Rosendal-godset. Funna indikera skilnadar i drifta, men det må samstundes presiserast at skilnaden mellom dei tre grupperingane ikkje er markant.

Fiske er sett på som eit svært viktig ressursgrunnlag langs kysten på Vestlandet, der Bergen stod sterkt i eksportnæringa av fisk (Hagen mfl., s. 225-226). Kvinnherad skipreide ligg ikkje langs kysten, men det er interessant at ingen av gardane hadde denne ressursen når spesielt Bergen ligg som ei viktig utfartsåre for nettopp fiskeeksporten. Kvifor verken Kvinnherad, Rosendal-godset eller det benefiserte gods har ressursen er uklårt, men den geografiske plasseringa kan vere eit utslag av dette. For Rosendal-godset sin del er det sentralt å trekkje inn dei yreste delane av Rosendal-godset, altså allodialgodset. Dette ligg ikkje under Kvinnherad skipreide, men tendensane der kan setje det i perspektiv. Av analysen til allodialgodset (sjå kapittel 4.5) går det fram at Vatne (4614-29) og Malkenes (4616-121) går ut av allodialgodset før Axel Rosenkrantz si tid. Desse er lokalisert i dei ytre delane av Rosendal-godset, på øyane Stord og Tysnes. Det vart drøfta om den logiske grunnen til dette var at dei ikkje hadde ressursar som var ynskjelege eller om dei var tom for ressursar. Dette kan vere ein indikasjon på at fiske ikkje var ein ressurs baronane såg på som viktig ressursgrunnlag i området, og at gardane dermed ikkje satsa på dette.

5.2.2 KREATURHOLD OG SETER

I dette delkapittelet vil informasjon om kreaturhold og seter bli presentert. Dette er vist i det faktiske talet dyr som låg til dei tre grupperingane.


Tabell 21 syner resultatet:

	Kyr	Unge nød/unge best	Får	Hest	Sum kreatur
Kvinnherad	458	275	518	76	1327
Rosendal-godset	751	304	688	100	1843
Benefisert gods	149	51	186	20	406
Sum	1358	630	1392	196	3576

Tabell 21: *Kreaturhold i Kvinnherad skipreide*

Ut frå datamaterialet har Rosendal-godset flest dyr innanfor kvar kategori. *Kyr* og *får* er dei to kategoriane med flest dyr samla sett. Rosendal-godset ligg med høgste del av den samla mengda kyr med heile 751 dyr, mot Kvinnherad som har 458 og det benefiserte gods med 149 stykk. Innanfor kategorien *får* har Rosendal-godset ein buskap på 688 får. Kvinnherad står for 518 og det benefiserte godset har 186 får. Ser vi derimot på *unge nød/unge beist* ligg framleis det benefiserte gods med det lågaste talet, med 51 stykk. Kvinnherad ligg framleis under Rosendal-godset og har 275 dyr, mens Rosendal-godset kan skilte med heile 304 beist. Kategorien det derimot er klårt dei tre godsa ikkje har storsatsing på, er hest. Det samla talet hestar er 196 stykk, og Rosendal-godset har 100 av desse. Kvinnherad har 76 stykk og det benefiserte har 20 hestar.

Dei einiskilde kategoriane viser delvis korleis tilhøva på gardane var, og kva kreatur dei satsa på. Samstundes vil den samla mengda kreatur i større grad vise korleis godsa vart drifta. Fordelinga blir slik (Figur 42):



Figur 42: Samla kreaturhold for Kvinnherad skipreide

Det samla kreaturhaldet i Kvinnherad skipreide er 3576 dyr der Rosendal-godset har heile 52% av det samla talet dyr (1843 dyr), Kvinnherad har derimot 36% (1327 dyr) av det totale og nedst ligg det benefiserte med 11% som utgjør 406 dyr.

Vi såg det som sentralt å presentere seterdrifta under denne kategorien for å kunne analysere desse direkte opp mot kvarandre. Resultatet av seterdrifta vart slik (Tabell 22):

	Seter	Prosentdel
Kvinnherad	8	30 %
Rosendal-godset	17	63 %
Benifisert gods	2	7 %
Sum	27	


Tabell 22: Talet på setrar

Datamaterialet viser at Kvinnherad samla sett har 27 setrar, der Rosendal-godset ligg øvst med 17 stykk. Dette utgjør 63% av det samla talet på setrar. Kvinnherad har åtte setrar og utgjør 30% av det samla talet, mens det benefiserte gods er registrert med to setrar (7%).

Analyse:

Kategoriane er interessant å analysere saman då husdyrhaldet gjennom tidene var basert på maksimal utnytting av stølsdrift, ifølgje Hagen mfl. (1980, s. 222). Datamaterialet viser ein markant skilnad i talet på dyr mellom dei ulike godsa. Rosendal-godset har over halvparten av det samla kreaturholdet i Kvinnherad. Dyra hadde fleire viktige oppgåver på gardane, og heng spesielt nært saman med åkerbruket. Her var gjødslinga ein sentral faktor for å sikre gode avlingar, og møkk var dermed ein verdifull ressurs (Sevatdal, 2017, s. 113). Rosendal-godset sitt høge kreaturhold kan indikere at dei sikra seg gode ressursar for å drive godt åkerbruk.

Figur 43 viser utsnitt frå kartgrunnlaget for å illustrere tilhøva på Hatteberg og Nes. Hatteberg (4617-87) er ein av gardane med seter. Garden strekk seg frå nede i Rosendal til opp på fjellet. Kvar setrane var plassert på garden er ikkje oppgjeve informasjon om, men utstrekninga viser at gardsnummeret femnar om dei tre komponentane nemnt i teorien til Sevatdal (2017, s. 156-157): tilgang på beite i nærleiken, nærleik til vatn og tilgang til ved. Garden strekk seg frå tunområder, gjennom skog, opp på fjellet og over vasskjelder. Denne garden er registrert med 40 kyr, null unge nød/unge beist, null får og tre hestar (Sjå vedlegg 7). Ser vi derimot på garden Nes (4617-81) er den registrert med 37 kyr, 19 unge nød/unge beist, 34 får og 6 hestar. Denne garden har ikkje seter, og trekker vi kartgrunnlaget inn viser det ein mogleg samanheng med den geografiske utstrekninga. Der Hatteberg strekker seg over større områder opp over fjellet og har større avstandar, ligg Nes meir lagleg til og har enklare tilkomst til utmarksområde. Dette kan indikere at dei ikkje trong setrane i drifta, i motsetning til Hatteberg der det var større avstandar.



Figur 43: *Hatteberg og Nes*

Ser vi på enkeltgardane er det derimot ikkje Rosendal-godset eller det benefiserte som ligg med høgste talet på dyr. Garden med flest dyr er Skåle (4617-82) og høyrer til Kvinnherad. Den er registrert med 60 kyr, 23 unge nød/unge beist, heile 108 får og 10 hestar. Her er det derimot interessant at garden ikkje er registrert med seter i 1723. Kvifor dette er tilfelle er det ingen opplysningar om i panteregister eller gammal grunnbok. Etter dagens eigedomstilhøve strekk garden seg over fine områder med tilgang til skog, vatn og det ligg i nærleiken av beite og innmarksområder (sjå Figur 44):



Figur 44: *Garden Skåle*

Samanliknar ein dette med til dømes Nes, som ikkje er av same størrelse, skulle ein kunne tenkje seg at Skåle hadde seter. Etter dagens kart er det to områder som viser til seterdrift: Kjeldestølssættet og Skålastølen. Dette har truleg oppstått i etterkant av matrikkelforarbeidet 1723, ikkje blitt registrert under verdivurderinga eller ved endring i forbindelse med eigedomstilhøva. Slike samfunnsutviklingar er ikkje del av oppgåva.

5.2.3 PRODUKSJONSEVNE

Den siste kategorien under drifta er produksjonsevna, og vil bli presentert i dette delkapitlet. I eksaminasjonsprotokollen gjev kategorien informasjon om kva gardane sår og avlar av havre og bygg.

Kodinga av havren resulterte i denne tabellen der verdiane er oppgjeve i tal på tønner korn (Tabell 23):

	Sår havre	Avlar havre	Produksjonsevne havre
Kvinnherad	222 3/4	891	1/4
Rosendal-godset	337 1/2	1344	1/4
Benefisert gods	66 1/7	265 1/2	1/4
Sum	626 2/5	2500 1/2	


Tabell 23: *Produksjon av havre*

Målet i fyrste omgang var å rekne ut forholdstalet for produksjonsevna for å kunne analysere om Rosendal-godset hadde gardar med større eller mindre avkastning når det gjaldt kornproduksjon. Produksjonen av havre er ut i frå forholdstalet likt mellom Kvinnherad, Rosendal-godset og det benefiserte gods. Sjølv om dette er likt, har dei ulike verdiar på det dei sår og avlar. Rosendal-godset har høgste delen av både det dei sår (337 1/2 tønner), og det dei avlar (1344 tønner). Kvinnherad har eit forhold på 222 3/4 tønner dei sår, og avlar 891 tønner. Det benefiserte gods ligg godt under begge to, med 66 1/7 tønner dei sår og avlar 265 1/2 tønner. Tabellen nedanfor viser fordelinga av bygg (Tabell 24):

	Sår bygg	Avlar bygg	Produksjonsevne bygg
Kvinnherad	8 1/2	60 1/4	1/7
Rosendal-godset	12 1/4	78	1/6
Benefisert gods	1 1/4	9 1/2	1/8
Sum	22	147 3/4	

Tabell 24: *Produksjon av bygg*

Mengda dei både sår og avlar bygg viser at produksjonen av bygg skil seg vesentleg frå produksjonen av havren. Figur 45 viser fordelinga på produksjon av bygg etter tal på gardar som produsera korntypen:



Figur 45: *Produksjon av bygg*

Til saman er det 29 gardar som produsera bygg: tolv ligg under Kvinnherad (41%), 15 er Rosendal-gods (52%) og to er benefisert gods (7%). I produksjon av bygg er det tydeleg at Rosendal-godset har størst produksjonsevne og ligg med eit forhold på 1/6. Kvinnherad har forholdstal på 1/7 og det benefiserte gods har ei produksjonsevne på 1/8. Innanfor dette er det 32 oppsitjarar på Kvinnherad som produsera bygg, 45 oppsitjarar på Rosendal-godset og to oppsitjarar på det benefiserte godset.

Analyse

Funn viser at produksjonen av havre skjer ved same forholdstal mellom dei tre grupperingane. Produksjonsmessig ser ein også at Rosendal-godset samla sett har høgare mengde dei både sår og avlar. Her må ein også sjå det i samanheng med tal på gardar til grupperingane, og ikkje minst tal på oppsitjarar til kvar enkelt gruppering. Det kan dermed vere interessant å sjå kva gardane i snitt har på den einskilde garden.

Tabell 25 er rekna ut etter kor mange tønner havre kvar enkelt oppsitjar avlar:

	Gjennomsnittleg produksjon i tønner per oppsitjar
Kvinnherad	10 3/5
Rosendal-godset	12 2/9
Benefisert gods	14 3/4

Tabell 25: *Snitt per oppsitjar (havre)*

Utrekninga viser at det benefiserte godset avlar meir per oppsitjar enn både Kvinnherad og Rosendal-godset.

Produksjonen av bygg viser derimot til ei anna produksjonsmengd. Denne produksjonen er tydeleg sær eigen, då mengda som blir produsert er vesentleg mindre enn produksjonen av havre. Avlinga i snitt for bygg utgjer denne tabellen (Tabell 26):


	Gjennomsnittleg produksjon i tønner per oppsitjar
Kvinnherad	1 8/9
Rosendal-godset	1 3/4
Benefisert gods	4 3/4

Tabell 26: *Snitt per oppsitjar (bygg)*

Oppsitjartalet mellom grupperingane skil seg vesentleg frå kvarandre, og det er ikkje unaturleg at det benefiserte gods ligg over dei to andre, då det berre er to oppsitjarar som produsera denne typen. Det er usikkert om dette er tilfeldig eller om det benefiserte godset faktisk har best produksjon samla sett, men det kan vere ein konsekvens av at godset investerte i si eiga verksemd. Teoridelen viser at Rosendal-godset investerte i si eiga verksemd og var ei viktig økonomisk drivkraft (Sunde, 2015, s. 122), det er merkverdig at Rosendal-godset dermed har mindre snitt avling per oppsitjar enn dei to andre. Det må samstundes peikast på at godset har best produksjonsevne av bygg, men at det gjev indikasjonar på at denne ressurstypen ikkje vart investert i på lik måte som for Kvinnherad og det benefiserte gods.

5.3 VERDIEN PÅ GARDANE OPP MOT DRIFTA

Føremålet med analyse av tilhøva i Kvinnherad skipreide ved hjelp av eksaminasjonskontrollen frå 1723, var å få innblikk i gardane sin verdi og korleis dei drifta desse gardane. Frå 1723 er Kvinnherad registrert med ein verdi på 7431 mrk., Rosendal-godset med 10 826 mrk. og det benefiserte gods med 1842 mrk (Tabell 12). Under analyse i kapittel 5.1 kjem det fram at gjennomsnittsskylda på Rosendal-godset er høgare enn Kvinnherad og det benefiserte gods. I 1723 ser forholdsmessigheita mellom dei tre gruppene slik ut (Figur 46):



Figur 46: Samla verdiforhold 1723

Dei høge verdiane på Rosendal-godset er vanskeleg å vurdere berre basert på landskylda. Ved å sjå nærare på drifta til gardane får ein eit meir fullstendig bilete av situasjonen. Samla sett viser datamaterialet på drifta til det same forholdet som landskylda viser, Rosendal-godset ligg i dei fleste kategoriane over både Kvinnherad og det benefiserte gods. Prosentfordelinga i figur 46 går også igjen i ressurs på gardane og kreaturhold, med små variasjonar. Blant anna er fordelinga på det samla kreaturholdet slik: Kvinnherad 37%, Rosendal-godset 52% og det benefiserte gods 11%.

Som Sunde (2015, s. 9) viser til var det små marginar på jordegodsdrift på Vestlandet og godset måtte drivast aktivt for å skape lønnsemd. Axel Rosenkratz var baron i perioden før 1723-matrikkelen vart til. Han oppnådde økonomisk suksess ved at han haldt overoppsyn med drifta og visste nøyaktig korleis han skulle utnytte dei tilgjengelege ressursane. Verdiforholdet og måten godsa vart drifta gjev indikasjonar på at han oppnådde nettopp dette, økonomisk suksess.

Hatteberg, Mel og Seim har høg skyldverdi og utgjer ein stor del av Rosendal-godset sin totalverdi. Driftsforholda på Hatteberg viser at dette var ein gard med gode moglegheiter for drift ut frå blant anna terrengformasjonane på egedomen, avling av havre og eit høgt antal kyr. Dette er faktorar som kan vere med å forklare kvifor skylda på denne garden var høg. Ettersom baronibygninga var lokalisert på Hatteberg er det grunn til å tru at denne garden hadde ei viktig og innflytelsesrik rolle på godset.

Ser vi desse forholda opp mot innløysinga av lensgodset vil ein kunne leggje dei gode driftsforholda til grunn for at leigendingane ikkje gjekk over til sjølveige tidlegare på Rosendal-godset. Dette støttar igjen opp under den generelle teorien Myking (2002) legg fram, om at leigendingane valde å ikkje kjøpe ut bruka sine på grunn av trygge og gode vilkår. Meir spesifikt støttar funna våre også opp under Sunde (2015, s. 104-105) sin teori om at leigendingane under Rosendal-godset var fornøgde med forholda.

5.4 ROSENDAL-GODSET INKLUDERT DET BENEFISERTE SAMANLIKNA MED KVINNHERAD

I kapittel 4.5, det benefiserte gods, er det vist til at datamaterialet vart delt inn i ulike kategoriar ut i frå kven som hadde bygsel. Teoridelen viser at ein kunne eige med bygselrett, og dermed hadde utvida rettigheter i jordeigespørsmål (Sunde, 2004b, s. 185). I tillegg kunne ein eige utan bygselrett, og hadde dermed heller ikkje disposisjonsrett over garden. Det er difor anten kyrkja eller Baroniet som har bygselretten. I kapittel 5.2 vart datamaterialet analysert med ei oppdeling der det benefiserte godset bestod av gardar der kyrkja har bygselrett. Men som det er vist til under tidlegare analyser kan ein gard ligge til fleire godseiningar, og det var omdiskutert om det benefiserte gods skulle reknast som del av Rosendal-godset. Med bakgrunn i dette såg vi det interessant å analysere drifta på nytt, men ved ei todeling. Dette for å vise korleis drifta samla sett var på Rosendal-godset og kor stor del av Kvinnherad skipreide som faktisk låg under Baroniet, skapte ressursar og kasta av seg.

I denne analysen vil dei nye parametrane bli slik (Tabell 27):


	Tal på gardar	Oppsitjartal
Kvinnherad	42	84
Rosendal-godset	62	128
Sum	104	212

Tabell 27: *Tal på gardar og oppsitjarar*

Parametrane *skog til sals* og *fiskeri* er tekne ut, då dei ikkje gjev ny informasjon. Det vil presenterast funn for kvar kategori, men det vil gjennomførast ei samla analyse for ressurs, kreaturhold og produksjonsevne til slutt.

5.4.1 RESSURS PÅ GARDANE

Den nye inndelinga av ressursane blir slik (Figur 47):



Figur 47: Ressursar på gardane

Dette viser eit meir markant skilje innanfor nokre av kategoriane. Seterdrifta kjem klårare fram når Rosendal-godset sit med over halvparten av det samla setertalet. Det har 19 setrar mot Kvinnherad sine åtte. Innanfor *skog til reparasjon* ser vi at skiljet er mindre, ved tredelinga var spranget mellom Kvinnherad og Rosendal-godset og det benefiserte vesentleg større (sjå tabell 18). Ved todelinga minkar spranget og Rosendal-godset har 11 gardar med skog til denne typen bruk. *Skog til brensel* viser ei utvikling der Rosendal-godset har 49 gardar med denne ressursen mot Kvinnherad som har 29 gardar. Tal på kverner har eit meir markant skilje der Kvinnherad står med 23 kverner, men Rosendal-godset har auka med 9 kverner og har samla 32 kverner.


5.4.2 KREATURHOLD

Fordeling av kreaturholdet blir ved den nye oppdelinga slik (Tabell 28):

	Kyr	Unge nd/unge best	Får	Hest	Sum kreatur
Kvinnherad	458	275	518	76	1327
Rosendal-godset	900	355	874	120	2249
Sum	1358	630	1392	196	3576

Tabell 28: Kreaturhold

Ut frå tabellen vil fordelinga av det samla kreaturholdet gje denne fordelinga (Figur 48):



Figur 48: Samla kreaturhold Kvinnherad Skiprede

Av det samla kreaturholdet på 3576 dyr har Rosendal-godset 64% av denne mengda. Godset har, ved å inkludere det benefiserte, hatt ei auke på 12%.

5.4.3 PRODUKSJONSEVNE

	Sår havre	Avlar havre	Produksjonsevne havre	Sår bygg	Avlar bygg	Produksjonsevne bygg
Kvinnherad	222 3/4	891	1/4	8 1/2	60 1/4	1/7
Rosendal-godset	403 2/3	1609 1/2	1/4	13 1/2	87 1/2	1/6
Sum	626 2/5	2500 1/2		22	147 3/4	

Tabell 29: Produksjonsevne

Tabell 29 syner dei nye verdiane for produksjon av korn. Datamaterialet viser at det framleis er likt forholdstal ved produksjon av havre. Det har heller ikkje skjedd ei endring i høve produksjon av bygg.


Tabell 30 viser kva oppsitjarane avlar i snitt tønner med havre per gard:

	Gjennomsnittleg produksjon i tønner per oppsitjar
Kvinnherad	10 3/5
Rosendal-godset	12 4/7

Tabell 30: Snitt per oppsitjar (havre)

Rosendal-godset ligg no med eitt snitt på 12 4/7 tønner havre dei avlar per oppsitjar, i motsetnad til den føregåande analysen med 12 2/9 tønner havre. Dette er ei mindre endring, men den viser ein oppgang i avlinga.

Analysen i kapittel 5.2.3, produksjonsevne, viser at Rosendal-godset hadde 52% av gardane som produserte bygg samla i Kvinnherad skipreide. Den nye fordelinga blir slik (Figur 49):



Figur 49: Produksjon av bygg

Godset har auka til 59% og har dermed auka mengda gardar som produsera bygg med 7%. Godset aukar talet på oppsitjarar til 47 stykk som produsera bygg. I tråd med at gardstalet og tal på oppsitjarar stig, har den gjennomsnittlege produksjonen av tønner bygg per gard endra seg (sjå Tabell 31):

	Gjennomsnittleg produksjon i tønner per oppsitjar
Kvinnherad	1 8/9
Rosendal-godset	1 6/7

Tabell 31: Snitt per oppsitjar (bygg)

Samanliknar vi dette med tabell 26 ser vi at Rosendal-godset faktisk aukar produksjonsmengda for bygg. Skilnaden er ikkje markant, men det fører til betre produksjonsmengde for kvar enkelt oppsitjar. Endringa fører derimot ikkje til at Rosendal-godset har betre avling enn Kvinnherad ut i frå snittet.

Analyse:

Innanfor alle kategoriane har Rosendal-godset no fått ei auke i verdiane. Både ved analyse av ressursane og kreaturholdet ser vi ei utvikling som støttar opp under dei vurderingane gjort ved analyse av Kvinnherad, Rosendal-godset og det benefiserte gods. Med unntak av *skog til reparasjon*, der Rosendal-godset har fleire gardar med tilgang til slikt tømmer og er nærare Kvinnherad. Både tal på setrar, kverner og gardar med tilgang til brensel har fått eit markant

skilje. Det må også leggjast til at Rosendal-godset består no av 62 gardar, og Kvinnherad har 42 gardar. Dette utgjer ein vesentleg skilnad både i masse, og i verdiane til kvart gods.

Samanliknar vi utstrekninga med datamaterialet over ressursar og kreaturhold ser vi samanhengar med kva naturressursar dei var ute etter ved oppretting av gods. Gardane som låg under Rosendal-godset ligg ned mot sjøen, og strekker seg oppover mot fjellet, skogen og seterområder. Kartgrunnlaget viser at store delar av Kvinnherad faktisk låg under Baroniet (sjå Figur 40). Seter og kreaturholdet indikera blant anna at Rosendal-godset hadde eit tydeleg mål om kva struktur dei ville ha. Dette godset har 19 av 27 setrar i Kvinnherad skipreide, der Kvinnherad derimot er registrert med åtte av desse setrane. Mengda utgjer ein prosentdel på heile 70% av det totale setertalet, til Rosendal-godset. Det samla kreaturholdet viser ei liknande fordeling der Rosendal-godset sit med 64% av det samla kreaturholdet. Dette utgjer ei mengde på 2272 av totalt 3576 kreatur.

I teoridelen er det vist til at Ludvig Rosenkrantz var interessert i gardar med skog og fossar til å drive sag (Sunde, 2015, s. 20). Det er ikkje oppgjeve om seterdrift eller sal av kjøt (gjennom kreaturholdet) var av interesse når dei oppretta godset, men avl på husdyr er derimot oppgjeve som ei verksemd Rosendal investerte i (Sunde, 2015, s. 122). Dette kan vise til at baronane før 1723 såg fordelene med å kunne drive verksemd knytt til seterdrift, dyrehald og sal av kjøt.

Analysen av skogsressursane synte at gardane som ikkje låg under eit større jordegods gjerne hadde meir skog til husreparasjon enn til brensel, då drifta måtte vere berekraftig for seinare generasjonar. Gardane under Baroniet fekk derimot det dei trong av tømmer til reparaasjon av hus og ville dermed ha meir tilgang på skog til brensel og eventuelt sal. Forholdet kjem klårare fram når det benefiserte gods er inkludert i Rosendal-godset. Dette kan tyde på at gardane under Kvinnherad måtte fordele skogsressursane sine meir enn gardane under Rosendal-godset måtte, då dei var heilt avhengige av skogsmengda som var på kvar einskild gard.

Dersom vi ser på tilgangen dei har på kvern, ut i frå tal på gardar som har kvern, ligg Kvinnherad med eit gjennomsnitt på 1,35 kverner per gard. Ved å inkludere det benefiserte gods er den nye tilgangen på kvern per gard 1,1 kverner. Dette fører til ei auke på 0,02 kverner per gard. Dette viser at det benefiserte godset sørgjer for ei auke i kvern, sjølv om den er minimal.

Produksjonen av bygg har ei positiv utvikling ved å slå saman godseiningane, då Rosendal-godset nærmar seg den gjennomsnittlege produksjonsmengda per oppsitjar til Kvinnherad. På

1700-talet vart det meir og meir vanleg med produksjon av bygg (Hagen mfl., 1980, s. 222). At Rosendal-godset ikkje ligg over Kvinnherad på produksjonsmengd per oppsitjar kan indikere at bøndene på godset ikkje følgde kornutviklinga på same måte som Kvinnherad gjorde. Samstundes aukar den gjennomsnittlege produksjonsmengda, som kan tyde på at kornproduksjon på godset var viktig.

6 KONKLUSJON

1. Korleis var tilhøva på dei einstilte godseiningane, og kva tid gjekk dei underliggjande eigedomane over til sjølveige?

Innløysinga av Rosendal-godset byrja som heilskap allereie eitt år etter skipinga av Baroniet, med garden Vatne (4614-29) som går over til sjølveige i 1679. Vatne ligg under allodialgodset, og er den einaste av godseiningane som ikkje er bandlagt frå sal og pantsetjing. Samla sett blir allodialgodset nytta som økonomisk stabilisator, og er den eininga som forsvinn ut av godssamlinga fyrst. Ut frå funna våre ser ikkje allodialgodset ut til å ha ei stor rolle etter at lensgodset går til kongen i 1723, og baronesse Anna Christina sel ut godseininga utover 1700-talet. Edvard Londemann, og Rosenkrone-slekta kjøper att garden Skoga (4611-139) i 1749 og har denne som privateige fram til 1919. Samanlikning av samfunnsutviklinga på 1700- og 1800-talet opp mot tilhøva på dei einstilte godseiningane, viser at allodialgodset er den eininga som på mange måtar speglar utviklinga då gardane går over til sjølveige i takt med resten av Noreg. Som det vert diskutert under analysa av det kontribuerande gods ser det ut til at overgangen til sjølveige på det kontribuerande gods og det privilegerte bondegods vert påverka av stamhuslova av 1927, som førte til at den bandlagte delen av godset vart gjort om til fri eigedom. Denne delen av godset skil seg ut, då gardane her går over til sjølveige seinare enn gardane under allodialgodset og det benefiserte gods. Samstundes ser tryggleiken kring det å vere leigending under Rosendal-godset ut til å spele ei sentral rolle for den seine innløysinga for den bundne delen av Rosendal-godset, trass i innføringa av leigendingslova av 1888, som opna for at leigendingane under Stamhuset Rosendal kunne kjøpe gardane sine.

Det benefiserte gods har ei anna tilknytning til Rosendal-godset, då godseininga består av eigedomar som høyrer til kyrkjene og prestebolet, og har som føremål å tene desse. Begrunninga for innløysing av denne eninga ser ut til å vere oppdelt, då det på den eine sida kan seiast å vere ei lovregulert innløysing som ein konsekvens av lova angående benefisert gods som kjem i 1821, men på den andre sida ser ut til å følgje same mønster som dei bundne godseiningane då det er fleire eigedomar som går over til sjølveige ut på 1900-talet. Dette kan blant anna forklarast ut frå bygseltilhøva på denne godseininga, då det er fleire eigedomar dette gjeld der bygselen låg til Baroniet/Stamhuset. Dette gjer at dei vert rekna å vere del av det kontribuerande gods eller det privilegerte bondegods, og dermed underlagt den same bandlegginga.

2. *Kva skilnadar ser ein kring eigedomstilhøva ved samanlikning av eigedomane under Rosendal-godset og resterande eigedomar i Kvinnherad, med utgangspunkt i eksaminasjonsprotokollen frå 1723*

Ved å samanlikne landskylda med drifta på gardane har vi fått indikasjonar på korleis gardane under Rosendal-godset og dei resterande eigedomane i Kvinnherad vart drifta. Frå kartet som viser utstrekninga i Kvinnherad skipreide og landskylda såg vi at Rosendal-godset sit med større eigedomsmasse og verdiar enn resten av Kvinnherad. Det kan i fleire tilfeller sjå ut til at Rosendal-godset vert drifta betre enn dei to andre grupperingane. Det er dermed interessant når vi går i djupna på dei ulike kategoriane under drifta og analysera snittverdien. Tilgangen på kvern og produksjon av bygg er dei einaste parametrane som påverkar Rosendal-godset i negativ forstand.

Det varierte bilete av Rosendal-godset si drift gjev til ei viss grad indikasjonar på at Rosendal-godset kunne bli drifta annleis enn dei øvrige gardane som ikkje låg til godset. Ved at gardane under godset blant anna kunne hente ut skog frå baroniskogane, var dei alltid sikra denne typen ressurs. Gardane som ikkje låg til Rosendal-godset hadde derimot ikkje dette privilegiet, og måtte drifte gardane slik at dei sikra seinare generasjonar skog og tømmer. Om dei låg til andre jordegods, og dermed hadde liknande privilegier har ikkje vi undersøkt. Seterdrift og kreaturholdet viser at baronane mogleg har hatt ein klår tanke om korleis godsstrukturen skulle vere. Ved å velje eigedomar som strekk seg frå sjø og oppover mot fjellområder, får dei utnytta ressursane som er tilgjengeleg i området.

Ved å gjennomføre analysane på nytt i kapittel 5.4 såg vi korleis verdiane endra seg til det betre ved å inkludere det benefiserte gods under Rosendal-godset. Dette var ikkje gardar baronen sjølv valde, og gjev oss ein peikepinn på at utveljinga av eigedomar kanskje ikkje var så bevisst likevel.

Rosendal-godset, med det benefiserte gods, kan seiast å ha betre drift og tilgang på ressursar. Samstundes vil det vere feil å konkludere med at tilhøva for resterande eigedomar i Kvinnherad var dårlege, då det ofte er små skilnadar mellom dei.

Korleis var eigedomstilhøva fram til Rosendal-godset vart oppløyst i 1927?

Hovudproblemstillinga med underproblemstillingane hadde som føremål å belyse eigedomstilhøva under Rosendal-godset. Faktorane vi la til grunn i vurdering av eigedomstilhøva var for denne oppgåva utstrekninga til godset, dei ulike godseiningane, kva tid eigedomane gjekk over til sjølveige, landskyld og drifta på gardane. Ved å kartleggje eigedomane og utstrekninga gjennom karta våre, såg vi at Rosendal-godset er spreidd over store delar av Sunnhordland og Hardanger. Under Axel Mowatt sitt styre var godset meir konsentrert i ytterkantane av Sunnhordland, dette vart derimot ikkje vidareført då Ludvig Rosenkrantz skipa Baroniet i 1678. Rosendal-godset har høgst konsentrasjon av gardar i området kring Rosendal og dette er ikkje unaturleg då sjølve baronibygninga låg på Hatteberg. Det er også i Rosendal dei adelege setegardane og det privilegerte bondegods er lokalisert, dette var dei gardane baronen fekk skattefritak for.

Godseiningane viser ei delvis ulik utvikling ut frå om det høyrer til lensgodset/det bunde gods, benefiserte gods eller allodialgodset. Som nemnt under underproblemstilling 1 vert allodialgodset løyst ut på 1700-talet, utanom garden Skoga (4611-139) som gjekk ut i 1919. Det benefiserte gods forsvinn mellom 1800- og 1900-talet, men det bundne gods vert løyst ut i løpet av 1900-talet. Sett frå eit overordna perspektiv må eigedomstilhøva vurderast å vere stabile. Dette grunngjeve med dei mogelegheiter ein hadde til å endre strukturen i dei ulike godseiningane. Då det låg til grunn lovverk som regulerte fleksibiliteten ein hadde til å gjere endringar i det benefiserte og det bundne gods, er det truleg ikkje rart tilhøva var stabile. Dersom ein i tillegg legg til grunn at leiglendingane under Rosendal-godset var fornøgde, er det gjerne ikkje så underleg at eigedomane vart liggande til godset så lenge som dei gjer, trass i leiglendingslova.

Samfunnsutviklinga og tilhøva på Rosendal-godset går ikkje heilt hand i hand. I 1814 kom Grunnlova § 108, samt adelslova i 1821 som begge er ein pådrivar for å fjerne adelskapen og privilegia som fulgte med dette. Fleire og fleire bønder blir sjølveigande, og dei sosiale skiljene byrja å jamne seg ut utover 1700- og 1800-talet. På det kontribuerande gods og det privilegerte bondegods er strukturen og tilhøva så og sei uendra fram til stamhuslova kjem i 1927. Baronien/stamhusbesittaren si sterke rolle kan også trekkjast fram som ein motsetnad til samfunnsutviklinga. Drifta og vilkåra som følgde med det å vere leiglending under Rosendal-godset ser ut til å overgå det som skjedde i samfunnet elles.

Under analysa knytt til landskylda såg vi at gardane under Rosendal-godset i Kvinnherad hadde høgare snittverdi enn resterande gardar i Kvinnherad, ut frå alle dei fire matriklane vi registrerte landskyld frå. Dette kan vere med å underbygge teorien om at leiglendingane på Rosendal-godset hadde gode gardar, då den høge snittverdien kan seiast å spegle drifta og strørrelsen på gardane. Om Rosendal-godset sikra seg god avkastning ved at baronen var på staden og haldt overoppsyn er usikkert. Det er derimot ingen tvil om at godset sikra seg ressursar gjennom godssamansetjinga, og vi får indikasjonar på at det ligg ein kontinuerlig tankegang bak val av gardar under godset. Det er blant anna vist til garden Skåle (4617-82) som eig flest dyr og ligg under Kvinnherad. Trass det høge talet dyr ligg det derimot ikkje seter til garden i 1723. Dette indikera dårlegare utnytting av ressursane som låg til garden.

Ein klår konklusjon på korleis tilhøva under Rosendal-godset var, er vanskeleg å kome fram til. Delar av datamaterialet vårt viser at tilhøva var gode, men samstundes gjev delar av materialet indikasjonar på at tilhøva var tilnærma likt som eigedomane vi har definert som under Kvinnherad, og i enkelte tilfeller dårlegare. Då skiladane er små i dei tilfella tilhøva er dårlegare på Rosendal-godset kan det ikkje seiast å utgjere så store skilnadar at det har innverknad på tilhøva som heilheit.

For å oppsummere viser årstala eigedomane vert løyst inn at det kan verke som leiglendingane under Rosendal-godset, og spesielt den bundne delen var tífreds med tilhøva. Landskylda gjev også indikasjonar på at gardane var gode, då snittverdien ligg høgare enn resterande eigedomar i Kvinnherad frå 1647 til 1905. Undersøkinga av drifta på gardane under Rosendal-godset er med å underbyggjer konklusjonen om at tihøva her var stort sett betre enn resterande eigedomar i Kvinnherad, og dermed generelt gode.

7 VIDARE STUDIAR

Under arbeidet med oppgåva dukka det opp fleire tema vi meiner kunne vert interessant å sett vidare på. I oppgåve har vi kun tatt omsyn til Rosendal-godset, og har ikkje samanlikna det med eitt større jordegods. Dette hadde truleg vore svært interessant. Ved å til dømes samanlikne med Lysekloster ville ein i stor grad hatt same utgangspunkt då begge er jordegods. Dette kunne ført til ein meir legitim konklusjon i vurdering av om tilhøva var betre/dårlegare på Rosendal-godset. Lysekloster er, i likskap med Rosendal-godset, eit utbredt jordegods som består av mange einingar. Omfanget tilseier difor at ei samanlikning av desse to jordegodsa kunne vore ei masteroppgåve i seg sjølv.

Det finst store mengder med kjelder knytt til Rosendal-godset, som skapar mogelegheiter for ulike innfallsvinklar. Innfallsvinkelen i denne oppgåva er på eit overordna plan, og det ville difor vore interessant å sjå nærare på til dømes ei enkelt godseining, og gå djupare inn på dei einskilde eigedomane og studere tilhøva der meir på djupna.

8 ETTERORD

